



KOMMUNEREFORM

UTGREIING AV ALTERNATIV KNYTT TIL  
BYGDENE NORDDAL OG EIDSDAL INN I  
STRANDA KOMMUNE

Forfatta av arbeidsgruppa for utgreiing av alternativ kommunetilknytning for bygdene Norddal og Eidsdal:

Else Ragni Yttredal

Merete Løvoll Rønneberg (leiar)

Frode Rønneberg

Knut Grønningsæter

Norddal og Eidsdal

14. desember, 2015

## INNHALDSLISTE

<b>FØREORD</b> .....	<b>5</b>
<b>0. EIT LITE SAMANDRAG OG HOVUDKONKLUSJONAR</b> .....	<b>6</b>
0.1 ARBEIDSGRUPPA SINE HOVUDKONKLUSJONAR.....	6
<b>1. INNLEIING</b> .....	<b>9</b>
<b>2. BAKGRUNN - BYGDENE NORDDAL OG EIDSDAL</b> .....	<b>11</b>
2.1 GEOGRAFI OG SAMFERDSLE .....	11
2.2 FOLKETAL .....	12
2.3 NÆRINGS LIV.....	12
<b>3. PROSESSEN</b> .....	<b>14</b>
3.1 STARTEN PÅ ARBEIDET OG FORHOLDET TIL NORDDAL KOMMUNE .....	14
3.2 BYGDEMØTE .....	17
3.3 FORHOLDET TIL FYLKESMANNEN .....	17
3.4 FORHOLDET TIL STRANDA KOMMUNE .....	17
<b>4. DATAGRUNNLAG</b> .....	<b>19</b>
<b>5. NORDDAL ELLER STRANDA KOMMUNE? UTGREIING AV ALTERNATIVA</b> .....	<b>20</b>
5.1 TENESTEYTING .....	20
5.2 SAMFUNNSUTVIKLING .....	30
5.3 DEMOKRATI .....	37
5.4 ØKONOMI.....	40
<b>6. ARBEIDSGRUPPA SINE VURDERINGAR SETT I FORHOLD TIL MÅLSETTINGAR MED KOMMUNEREFORMA44</b>	
6.1 GODE OG LIKEVERDIGE TENESTER TIL INNBYGGJARANE .....	44
6.2 HEILSKAPLEG OG SAMORDNA SAMFUNNSUTVIKLING .....	45
6.3 BEREKRAFTIGE OG ØKONOMISK ROBUSTE KOMMUNAR .....	46
6.4 STYRKA LOKALDEMOKRATI.....	46
<b>7. ARBEIDSGRUPPA SI OVERORDNA VURDERING OG TILRÅDING</b> .....	<b>47</b>
7.1 VURDERING AV HEILSKAPEN.....	47
7.2 TILRÅDING .....	48
7.3 KOMMENTARAR TIL ANDRE ALTERNATIV KNYTT TIL KOMMUNEINDELING .....	49
<b>8. VEDLEGG</b> .....	<b>51</b>
8.1 VEDLEGG 1: INVITASJON OG SPØRRESKJEMA SPØRJEUNDERSØKING.....	52
8.2 VEDLEGG 2: INVITASJON TIL KOMMUNANE .....	54
8.3 VEDLEGG 3: SVAR FRÅ ORDFØRAREN I NORDDAL.....	56
8.4 VEDLEGG 4: E-POST TIL FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL .....	57
8.5 VEDLEGG 5: SVAR FRÅ FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL .....	59
8.6 VEDLEGG 6: INVITASJON TIL BYGDEMØTE LEVERT TIL ALLE HUSSTANDAR I NORDDAL OG EIDSDAL .....	62
8.7 VEDLEGG 7: STEMMESETEL OM UTGREIING, NYTTA PÅ BYGDEMØTE .....	64
8.8 VEDLEGG 8: SORTERTE NOTATAR FRÅ BYGDEMØTE .....	65
8.9 VEDLEGG 9: SVAR FRÅ NORDDAL KOMMUNE 23. NOVEMBER, 2015 .....	72
8.10 VEDLEGG 10: FORSLAG OM ETABLERING AV MINIKOMMUNEN GEIRANGER I VERDSARVOMRÅDET .....	75
8.11 VEDLEGG 11: KORRESPONDANSE MED FYLKESMANNEN 7.-8. DESEMBER, 2015 .....	76

9. REFERANSAR ..... 78

Denne utgreiinga har kome til med utgangspunkt i eit initiativ frå innbyggjarane i bygdene Eidsdal og Norddal i Norddal kommune. Kommunereformprosessen og kommunestyrevedtak gjort i Norddal kommune 12. februar i år dannar noko av ramma for initiativet og for val av tidspunkt, men uavhengig av kommunereforma har det lenge vore snakka om i bygdene å sjå på alternativet å gå mot Stranda. Formålet med utgreiinga har vore å få ein oversikt over fordelar og ulemper for bygdene knytt til alternativ tilknytning til Stranda kommune.

Utgreiinga har sterk folkeleg støtte, men har ikkje finansiell støtte og er derfor basert på dugnadsinnsats og gjort på fritida. Utgreiinga er gjennomført og styrt av eit utval til dette formålet, valt av innbyggjarane i Norddal og Eidsdal.

Utgreiinga består av mange vedlegg. Normalt ville dette ikkje vore naudsynt, men arbeidsgruppa ser eit behov for å dokumentere at prosessen og arbeidet har legitimitet blant innbyggjarane i bygdene Eidsdal og Norddal. Dette har vi gjort ved grundig å gå gjennom og dokumentere prosessen fram til denne rapporten.

Arbeidsgruppa står i fellesskap bak innhaldet i utgreiinga.

Arbeidsgruppa 14. desember, 2015

Merete Løvoll Rønneberg  
(leiar)

Frode Rønneberg

Knut Grønningsæter

Else Ragni Yttredal

## 0. EIT LITE SAMANDRAG OG HOVUDKONKLUSJONAR

Denne utgreiinga er skriva av ei arbeidsgruppe valt av innbyggjarane i Eidsdal og Norddal på bygdemøte i Eidsdal 9. november, 2015. Formålet er få ein oversikt over fordelar og ulemper for bygdene Eidsdal og Norddal knytt til ein overgang frå Norddal til Stranda kommune. Kommunereformprosessen og kommunestyrevedtak gjort i Norddal kommune 12. februar i år dannar noko av ramma for initiativet og for val av tidspunkt, men uavhengig av kommunereforma har det lenge vore snakka om i bygdene å sjå på alternativet å gå mot Stranda. Bakgrunnen for dette er ei naturleg geografisk tilknytning til Geiranger, men også ein aukande misnøye med politiske prosessar og prioriteringar i Norddal kommune.

Rapporten har blitt omfattande av fleire grunnar. Vi ser det som naudsynt å gå nøye inn i materien. Vi har også følt at det har vore naudsynt å få fram både bakgrunnskunnskap, eit bilete av innbyggjarane si mening (frå bygdemøte 9. november, 2015) og klart skilje ut arbeidsgruppa sine vurderingar. På denne måten voner vi folk kan gjere seg opp ei eiga mening om saka. For å dokumentere at initiativet har legitimitet mellom innbyggjarane har vi også sett det som naudsynt å skildre prosessen fram til denne rapporten inngående og legg også ved mange vedlegg.

Med bakgrunn i dette synest vi det er vanskeleg å lage eit fullstendig samandrag av rapporten. Vi vel derfor å flytte hovudkonklusjonane fram for å gjere rapporten meir lesarvenleg. Vi gjer det nølande, sidan vi likar å tru at konklusjonane er eit resultat av det vi har funne ut, men på denne måten kan folk først få sjå kva vi har tenkt og så bla i rapporten for å gjere seg opp ei eiga mening. Vi voner flest mogleg gjer det.

Rapporten er bygd opp slik: Første fire kapittel gir generell bakgrunn om bygdene Norddal og Eidsdal, skildrar prosessen fram til denne rapporten, og seier noko om datagrunnlaget. Kapittel fem er ei utgreiing av alternativa og går gjennom viktige sider ved kommunane: tenesteyting, samfunnsutvikling, demokrati og økonomi – med tanke på sjå på fordelar og ulemper med ei ny tilknytning til Stranda for bygdene Norddal og Eidsdal. Alle delemna innafor kapittel fem er delt inn i tre delar: Generell bakgrunnsinformasjon, innspel frå bygdemøtet og arbeidsgruppa sine vurderingar knytt til dette feltet. I siste del av rapporten (kap. 6 og 7) gjer arbeidsgruppa ut frå gjennomgangen vurderingar opp mot intensjonane med kommunereforma og gjer ein heilskapleg vurdering av alternativ tilknytning til Stranda kommune. Gruppa vurderer til slutt «vårt» alternativ i relasjon til alternativ for omkringliggende kommunar i kommunereforma.

### 0.1 ARBEIDSGRUPPA SINE HOVUDKONKLUSJONAR

Etter ein vurdering av heilskapen, tilrår arbeidsgruppa at ein arbeider vidare for **eit skifte av kommunetilknytning** til Stranda kommune av desse grunnane:

- Geiranger, Eidsdal og Norddal er ei naturleg eining geografisk og det er tett samkvem mellom bygdene, noko det er mogleg å byggje vidare på.
- Bygdene Norddal og Eidsdal og Stranda kommune (med spesiell vekt på Geiranger) har delvis like, delvis supplerande næringsstruktur som kan utnyttast. Desse er spesielt knytt til landbruk og næringsmiddelindustri og turistnæringa. Felles kommunetilknytning vil kunne gjere det enklare å utnytte potensialet som ligg i området.
- Saman kan bygdene Geiranger, Eidsdal og Norddal vere sterkare i viktige politiske saker for bygdene.
- Norddal og Eidsdal vert del av ei større kommune med meir føreseielege rammevilkår på sikt og dermed også moglegvis meir føreseieleg nivå knytt til kommunen sine tilbod.
- Innafor dei aller viktigaste tenesteområda som helse, og då spesielt legehjelp, innafor skule og barnehage og innafor eldreomsorg, vil det verte lettare å finne gode løysingar tilpassa framtida i Stranda kommune enn i Norddal kommune. Eitt element i dette er også mogleg samordning av tenestene med Geiranger ved behov.

- Ei ny kommunetilknytning gjer det mogleg å kome ut av fastgrodde mønster og få ein ny start. Vi ser ikkje at Norddal kommune i næraste framtid vil endre eller demokratisere dei politiske prosessane. Norddal kommune si haldning til spørsmålet om kommunetilknytning for bygdene Norddal og Eidsdal stadfestar dette – sjølv med eit nytt kommunestyre.
- Vi ser ikkje at Norddal kommune i framtida vil endre sentraliseringspolitikken i kommunen. Sjølv om Senterpartiet for denne perioden har rekt ut ei hand ved valløftet om å sikre ungdomsskule i Eidsdal, trur vi den stramme økonomien på sikt vil gi vind i segla til sentraliseringskreftene. Seinast kjem denne diskusjonen fram i budsjettdebatten for 2016.<sup>1</sup>

Vi er då likevel klar over:

- At avstanden til politiske avgjerder vert større.
- At avstanden til kommunesenteret vert større.
- At avstanden til nokre tenester som lege og sjukeheims plassar truleg vert større.
- At dei økonomiske rammevilkåra ikkje vert betre.
- At ei ny kommunetilknytning er ressurskrevjande og krev omstilling på mange tenesteområde.
- Potensial knytt til splid og usemje mellom bygdene Eidsdal, Norddal og Geiranger vil vere større ved mogleg «deling» av tenestene eller nedskjeringar.
- Potensial for å gjere forholdet mellom bygdene på nordsida og sørsida av fjorden endå meir betent. Vert nordsida att åleine, vert det truleg vanskelegare å bestå som eiga kommune.

For å få til eit samkvem mellom bygdene er ein grunnleggjande **føresetnad at både Geiranger, Eidsdal og Norddal tener på samarbeid**. Dersom berre ei av bygdene «vinner», vil samarbeidet fort smuldre opp. **Vi tilrår derfor at innbyggjarane vel eit partipolitisk uavhengig, felles «bygdeutval»** som skal representere dei tre bygdene både på kort og lang sikt og vege opp for ulemper knytt til ein vanskeleg geografi. Utvalet skal og bør ta føre seg og bere fram saker som angår felles utvikling av bygdene.

Vidare er **kommunikasjonar** viktig. Ved ny tilknytning til Stranda bør ein sjå nærare på moglegheitene for å knyte saman bygdene i indre Storfjord i ein større arbeidsmarknad. Ferjeruter er viktige, hurtigbåt på fjorden er eitt alternativ, men det vil også vere viktig å sjå nærare på tilknytning austover.

Vår utgreiing inngår i ein heilskap med kommunereforma som ramme. Arbeidsgruppa har derfor også vurdert alternativet inn i ein større samanheng. **Med bakgrunn i denne utgreiinga ser vi ei samanslåing av heile Norddal kommune med Stranda kommune som ein fordel for bygdene Norddal og Eidsdal** – også i forhold til at berre Eidsdal og Norddal går inn i Stranda kommune. Ei slik samanslåing vil kunne skape større fleksibilitet i tenester og avhjelpe nokre av utfordringane knytt til avstand til desse, spesielt innafor helsetenester og sjukeheimstenester. Det vil også kunne gjere det enklare å ta ut effektivitetsgevinstar. Samstundes vil ei slik samanslåing gjere det mogleg å samordne samfunnsutviklinga innafor ein større region. Vi trur også at ei slik samanslåing vil styrkje den demografiske og demokratiske balansen mellom periferi og sentrum i Stranda kommune. Samordning mellom bygdene Geiranger, Eidsdal og Norddal vil også i ei slik eining vere eit naturleg val.

**Vi meiner også at ei slik samanslåing vil vere ein fordel for heile Norddal kommune.** Innbyggjarundersøkinga viser at 68 prosent av innbyggjarane i Norddal kommune tenkjer at samanslåing av Norddal kommune med andre kommunar vil vere ein fordel (Sentio Research Norge AS November 2015, 36). Sett i eit samfunnsutviklingsperspektiv ser vi eit godt moglegheitsrom ved ei samanslåing med Stranda. Som kommunar har Norddal og Stranda både fellestrekk og kompletterande næringsliv. Stranda har sterk

---

<sup>1</sup> Referert i Storfjordnytt 26. november, 2015.

næringsmiddelindustri, medan industriarbeidsplassar er så og seie fråverande i Norddal. Derimot har Norddal kommune Muritunet og satsar sterkt innafor natur, kultur og helse. Landbruksnæringa ligg for begge kommunar som eit godt grunnlag. I siste leddet har særleg Stranda eit sterkt reiseliv. Både Geiranger og Strandafjellet er nasjonale fyrtårn på sine felt. I tillegg har delar av desse kommunane areal inn i Sunnmørsalpane , Tafjordfjella og Reinheimen nasjonalpark. På toppen av dette ligg den internasjonale verdsarvstatusen.

Alle desse faktorane medverkar til at **vi meiner ei samanslåing av heile Norddal kommune og Stranda kommune er det beste alternativet** og ut frå vårt syn hadde det også vore ein fordel om Stordal var med i ein slik konstellasjon, men inntrykket er at Stordal vender ser utover i kommunereformarbeidet.



## 1. INNLEIING

Kommunereforma (Innst. 300 S (2013-2014)) har som mål å utvikle betre og sterkare kommunar. Alle kommunar har ei plikt til å greie ut moglegheiter i denne samanheng. Kommunestyret i Norddal kommune vedtok derfor å greie ut fleire alternativ. Vedtak 003/15 av 12. februar, 2015 lydde slik:

- 1) Handlingsplan for arbeidet med kommunereform i Norddal kommune av 19.01.15 vert vedtatt med dei endringane som vart vedtatt i formannskapsmøtet 26.01.15.
- 2) Planen skal vere eit levande dokument og oppdaterast med jamne mellomrom
- 3) Kommunestyret meiner at ein i denne omgang må greie ut nærmare følgjande modellar for ny kommunestruktur
  - a) At Norddal held fram som eiga kommune
  - b) At Norddal går inn som ein del av ei storkommune på Nordre Sunnmøre, jamfør initiativ frå Ålesund og Haram
  - c) At Norddal kommune går inn i ein felles kommune med Stranda, Stryn, Hornindal og ev. Sykkylven og Stordal
  - d) At Norddal kommune vert delt, og sørsida går mot Stranda/Stryn (og ev. Sykkylven), og nordsida går mot Ålesundsregionen
  - e) At Norddal kommune går inn i felles kommune med Skodje, Ørskog og Stordal.

Norrdal kommune vil undervegs vere opne for å sjå på andre alternativ. Her må ein ha tett dialog med nabokommunane for å synkronisere arbeidet med dei, og sjå på kva alternativ som kan vere realistiske å få greidd ut.

- 4) Kommunestyret ber ordførar og rådmann om å ta kontakt med dei nemnde kommunane for å kome i gang med utgreiingsarbeidet.

Tidlegare hadde kommunestyret gjort vedtak om å setje ned ei arbeidsgruppa for å arbeide med kommunereforma (Sak 92/14). Arbeidsgruppa var sett saman av rådmann Tor Helge Stavdal, ordførar Bjørn Inge Ruset (Ap), varaordførar Per Magnus Berdal (Sp) og Merete Løvoll Rønneberg (Norrdalslista).

Med bakgrunn i kommunestyrevedtaket har Norddal vore med på utgreiing av tre alternativ: 1. Alternativet Landkommune, bestående av kommunane Stordal, Ørskog, Skodje, Haram, Vestnes og Sandøy i tillegg til Norddal (Rapport frå arbeidsgruppa 7. september 2015). 2. Regionkommune Sunnmøre bestående av kommunane Giske, Haram, Hareid, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Ørskog og Ålesund (Rapport frå arbeidsgruppa 21. august 2015). 3. Alternativ Indre Stordfjord, bestående av kommunane Sykkylven, Stranda, Stordal og Norddal (Sunnmøre Regionråd 2015). I tillegg har Møreforsking på oppdrag frå Norddal kommune utarbeidd ein rapport som ser på fordelar og ulemper ved å halde fram som eigen kommune (Halvorsen 2015).

Alternativet med deling av kommunen er ikkje utgreidd. Med utgangspunkt i kommunereforma sendte derfor arbeidsgruppa som står bak denne rapporten, den 7. oktober 2015, ut invitasjon til alle husstandar i bygdene Norddal og Eidsdal i Norddal kommune. Spørsmålet var om det var ønskje om å greie nærare ut alternativ tilknytning av bygdene til Stranda kommune (vedlegg 1). Av 388 personar<sup>2</sup> med røysterett svarte 136 på undersøkinga. 125 røysta for ei utgreiing, sju røysta imot og fire svarte at dei ikkje visste. Tala viser eit stort engasjement for framtida til bygdene. For å setje det i perspektiv: Dersom Norddal og Eidsdal stemte likt med gjennomsnittet i kommunen i kommunevalet 2015 ville Senterpartiet hatt 100 røyster i desse bygdene. Då fekk partiet 51 prosent av røystene i kommunen og reint fleirtal i kommunestyret. Valtal for krunsane er ikkje tilgjengeleg. Engasjementet vart seinare understreka av stor oppslutning om bygdemøte (83 personar).

---

<sup>2</sup> Tal frå Norddal kommune.

Initiativtakarane si haldning er at denne utgreiinga skal vere del av ein prosess for å vurdere nærare moglegheiter for bygdene, ikkje ei legitimering av eit standpunkt som er gitt på førehand. Fleire innbyggjarar har då også kome innspel som «Eg er for ei utgreiing, men det betyr ikkje at eg er for eit skifte av kommune til Stranda.» Tanken i Eidsdal og Norddal om ei tilknytning til Stranda er likevel av betydeleg eldre dato. Norddal og Eidsdal er nært kopla til Geiranger geografisk, i fritid og yrke, men skilt frå den same bygda av kommunegrensar. Dette skaper helt klart ulemper for den vidare samfunnsutviklinga. Kommunereforma skaper dermed eit høve til å ta opp ei sak som i lengre tid har vore sett på som ei moglegheit for å fremje samfunnsutviklinga i dei to bygdene og i regionen.


Samstundes ser vi at dette utgreiingsarbeidet, i den kontekst det inngår i, løfter fram diskusjonar om andre alternativ for Norddal kommune knytt til kommunereforma. Vår utgreiing går ikkje direkte inn på desse alternativa, men vi vil kome tilbake til det avslutningsvis – nettopp fordi vi ser at «vår» diskusjon om tilknytning til Stranda kommune vil kunne ha konsekvensar for Norddal kommune som heilskap. Den vil også moglegvis til slutt vere nøydd til å gå inn i ein større samanheng om vegval for indre Storfjord.

## 2. BAKGRUNN - BYGDENE NORDDAL OG EIDSDAL

1. januar 2014, før oppstarten av kommunereforma, var det 428 kommunar i Norge. På same tidspunkt hadde kvar kommune i gjennomsnitt 11.939 innbyggjarar, men 335 kommunar hadde lågare innbyggjartal enn dette. Kommunen med like mange større som mindre kommunar (mediankommunen) hadde 4.661 innbyggjarar (Kommunal og moderniseringsdepartementet 2014, 21). Norddal kommune har per 1. januar 2015 1.676 innbyggjarar (Kjelde: SSB) og er dermed liten, uansett målestokk. Kommunen har nedgang i folketalet. Stranda hadde på same tidspunkt 4.605 personar og ligg dermed svært nært mediankommunen. Folketalet har vore forholdsvis stabilt i alle fall siste 30 år.<sup>3</sup>

### 2.1 GEOGRAFI OG SAMFERDSLE

Norddal kommune ligg inst i Storfjorden og omfattar bygdene Eidsdal, Fjørå, Tafjord, Valldal og Norddal. Kommunesenteret ligg på Sylte i Valldal. Bygdene Fjørå, Tafjord og Valldal er knytt saman med fylkesveg 92 på nordsida av fjorden (Norrdalsfjorden og Tafjorden). Bygdene Eidsdal og Norddal er knytt saman med fylkesveg 91 på sørsida av fjorden. Eidsdal og Norddal er knytt til kommunesenteret Valldal med ferje Eidsdal – Linge som tek om lag ti minutt.



Figur 1: Kartutsnittet viser kommunegrensene (sjøarealet kjem ikkje fram), bygder og vegar i Norddal kommune og geografi i forhold til bygda Geiranger og kommunesenteret Stranda i Stranda kommune. Kjelde: Google maps.

Bygdene Geiranger (Stranda kommune), Norddal og Eidsdal er knytt saman med riksveg 63 og fylkesveg 91 og er vinterstid avhengige av ferje Eidsdal – Linge for å kome til andre bygder og tettstader. Om sommaren er riksveg 63 over Grotli open mot Skjåk og Stryn. For å kome til kommunesenteret Stranda i Stranda kommune er

<sup>3</sup> 4745 personar i 1986 og svært små variasjonar sidan. Kjelde: SSB

innbyggjarar i Eidsdal, Norddal og Geiranger avhengige av to ferjer: Eidsdal – Linge og Liabygda – Stranda, kvar på om lag ti minutt.

## 2.2 FOLKETAL

Norrdal kommune, har som dei fleste andre kommunar i innlandet av Møre og Romsdal ein forholdsvis stor nedgang i folketal.

Tabell 1: Folketalsendingar Norddal kommune. Grunnkrinsnivå, 1. januar kvart år. Kjelde SSB. Statistikkbanken.

	2000	2005	2010	2015	Prosentvis nedgang i folketal
Norrdal	208	179	155	146	30 %
Eidsdal	414	384	365	349	16 %
Valldal	1000	949	992	925	8 %
Fjørå	179	156	169	154	14 %
Tafjord	157	133	120	99	37 %
<b>Sum Norddal kommune</b>	<b>1960</b>	<b>1817</b>	<b>1801</b>	<b>1676</b>	<b>14 %</b>

Tabell 1 viser folketalsutviklinga for Norddal kommune i perioden 2000 – 2015. Folketalet i Norddal kommune har gått ned med 14 prosent i perioden og er spesielt stor i bygdene Tafjord og Norddal og minst i Valldal der kommunesenteret Sylte ligg.

## 2.3 NÆRINGSLIV

33 prosent av sysselsette i Norddal kommune er knytt til offentleg sektor (2013). Tilsvarende arbeider 67 prosent i privat sektor. Til samanlikning var 34,3 prosent tilsett i offentleg sektor i landet som heilskap same år (Kjelde: SSB) .

Tabell 2: Hovudnæringane i Norddal kommune. Tala viser prosent av totalt antal sysselsette med bustad i Norddal kommune. Tabellen viser næringskategoriar i SSB som utgjer fem prosent eller meir av dei sysselsette.

Næring	Prosent sysselsette etter bustad
Kraftforsyning	5 %
Undervisning	7 %
Omsorg utan butilbod, barnehagar mv.	8 %
Jordbruk og tilhøyrande tenester, jakt	8 %
Detaljhandel, unntak for motorvogner	9 %
Pleie og omsorg i institusjon	9 %
Helsetenester	10 %
<b>Totalt</b>	<b>56 %</b>

Tabell 2 viser dei viktigaste næringane i Norddal kommune. Vi ser at pleie, omsorg og helsetenester dominerer dersom ein ser desse under eitt. Dette har mellom anna samanheng med at Muritunet – Senter for Meistring og Rehabilitering er, kanskje den einaste, større arbeidsplassen i kommunen utanom kommunen sjølv.

Norrdal kommune er tradisjonelt ei landbrukskommune. Sysselsette i landbruket er likevel, som elles i landet, på veg ned. Andelen som arbeider i landbruket, av totalt tal sysselsette busett i kommunen, har gått ned frå 12 prosent i 2008 til 8 prosent i 2014. Forutan landbruk er detaljhandel, undervisning og kraftforsyning viktig.

Næringslivet i kommunen er elles samansett av små einingar. Berre Muritunet kan seiast å vere ein større arbeidsplass. Reiseliv er sett på som ei potensiell vekstnæring for kommunen, men berre 15 personar høyrde i 2014 innunder kategorien overnattingsverksemd og dette er ein nedgang på fem personar sidan 2008.

Tal knytt til næringsstrukturen for Norddal og Eidsdal isolert sett er vanskeleg tilgjengeleg, men det er grunn til å tru at strukturen i desse bygdene liknar på strukturen for kommunen totalt sett, kanskje med ein noko sterkare posisjon for landbruket.

### 3. PROSESSEN

Kommunestyret vedtok 12/2 2015 å greie ut fem alternativ i det vidare arbeidet med kommunereform: a. At Norddal held fram som eiga kommune b. At Norddal går inn som ein del av ei storkommune på Nordre Sunnmøre, jamfør initiativ frå Ålesund og Haram c. At Norddal kommune går inn i ein felles kommune med Stranda, Stryn, Hornindal og ev. Sykkylven og Stordal d. At Norddal kommune vert delt, og sørsida går mot Stranda/Stryn (og ev. Sykkylven), og nordsida går mot Ålesundsregionen e. At Norddal kommune går inn i felles kommune med Skodje, Ørskog og Stordal.

Til no er Regionkommunealternativet (alt.b), alternativ Indre Storfjord (alt.c) og landkommunealternativet (alt. e) utgreidd gjennom samarbeidet med Sunnmøre regionråd.<sup>4</sup> I tillegg har Møreforskning utarbeidd ein rapport der det vert sett på fordelar og ulemper for Norddal kommune ved å stå åleine (Halvorsen 2015).

Alternativ d er enno ikkje greidd ut. Denne rapporten er eit bidrag til å belyse eit slikt alternativ. Den ser på fordelar og ulemper for bygdene Norddal og Eidsdal ved framleis tilknytning til Norddal kommune og moglegheiter og truslar knytt til ei ny tilknytning til Stranda kommune. Utgreiinga er eit initiativ frå innbyggjarane, men har ikkje fått tilslutning frå Norddal kommune. Arbeidsgruppa ser det derfor som viktig å vise legitimiteten rundt initiativet. Prosessen vert derfor skildra i forholdsvis stor detalj i dei neste avsnitta og underbygt i vedlegg til slutt i rapporten.

#### 3.1 STARTEN PÅ ARBEIDET OG FORHOLDET TIL NORDDAL KOMMUNE

Kommunestyrevedtak 003/15, frå 12/2-15 peika, som nemnt, på alternativet deling av kommunen. Merete Løvoll Rønneberg (Norrdalslista), medlem av den valde gruppa som skulle arbeide vidare med kommunereform, tok derfor initiativ til å sjå nærare på dette alternativet. Dåverande ordførar Bjørn Inge Ruset (Ap) tok med bakgrunn i dette kontakt med ordførar Jan Ove Tryggestad (Sp) i Stranda kommune. I følgje Ruset, vart det referert attende at Tryggestad hadde svara at «det kunne vere interessant», men det vart ikkje tatt noko vidare initiativ for å greie ut eit slikt alternativ. Ruset sa òg at eit vidare initiativ eventuelt måtte kome frå bygdene. Rønneberg tok derfor seinare kontakt med Tryggestad om korleis ein kunne gå fram vidare. Haldninga han hadde var at det for hans del ikkje var mogleg å gå inn i dette utan at det kom ein førespurnad anten frå Norddal kommune eller frå bygdene sjølve.

Alternativet om å gå inn i Stranda kommune har vore drøfta «på bygda» i både Eidsdal og Norddal gjennom mange år. Dette vert mellom anna illustrert ved eit forslag om å opprette ein minikommune bestående av Norddal, Eidsdal og Geiranger, eit forslag som også vart fremja skriftleg under bygdemøtet knytt til denne prosessen (vedlegg 10). Bakgrunnen for tankane om endra kommunestruktur og tilknytning er truleg samansette, både at ein ser nytte av å vere tettare knytt mot Geiranger, og at det dei seinare år har vore stigande misnøye med korleis gode og byrder vert fordelte i Norddal kommune. Både ut frå dette og ut frå det faktum at ein no er inne i ein prosess med ei kommunereform, meinte fleire at det var tida for å gjere noko aktivt for å sjå nærare på alternativet. I fyrste omgang var det drøfta med einskilde lag og organisasjonar i dei to bygdene om dei kunne stå som initiativtakarar til ein slik prosess, men ein konkluderte raskt med at ingen av dei hadde mandat til ei slik oppgåve i føresegnene sine, og likeeins kunne det vere uheldig for omdømet til dei frivillige laga på sikt.

---

<sup>4</sup> Sjå heimesidene til Sunnmøre regionråd for informasjon og rapportar:  
<http://www.sunnmoreregionrad.no/index.php/samarbeidsprosjekter/kommunereform>

Det vart difor tatt kontakt med einskildpersonar frå dei to bygdene, og fire personar vart med i ei arbeidsgruppe for å arbeide vidare med alternativet. Desse var Knut Grønningsæter og Else Ragni Yttredal frå Norddal og Frode Rønneberg og Merete Løvull Rønneberg frå Eidsdal.

Det fyrste som vart gjort var å gjennomføre ei spørjeundersøking mellom innbyggjarane i Norddal og Eidsdal (7. oktober, 2015) (sjå vedlegg 1). Undersøkinga hadde som formål å sondere ønsket om å få til ei nærare utgreiing av alternativet der desse to bygdene vart del av Stranda kommune. Dette vart gjort fordi ein ville ha klare signal på kva bygdefolket verkeleg ville, og unngå at ein gjekk i gang med ein prosess utan å ha innbyggjarane i Norddal og Eidsdal i ryggen.

Ut frå ynskje om å informere tidleg til arbeidsgruppa i Norddal kommune, vart det gjeve svært kort svarfrist, berre 2-3 dagar. Spørjeskjema vart sendt ut på e-post så langt det var tilgang til mailadresser, og elles vart det lagt flygeblad i postkassene til alle husstandar i dei to bygdene. Svært mange gav tilbakemeldingar innafor fristen, og ein del også etter fristen gjekk ut. Totalt har det kome inn 136 svar. Av desse svara 7 «nei» til ei utgreiing, 4 svara «veit ikkje», og resten svara «ja». Arbeidsgruppa konkluderte såleis med at det var eit solid grunnlag for å gå vidare med saka.

Måndag 12. oktober var det møte i kommunen si arbeidsgruppe for kommunereforma, og Merete Løvull Rønneberg orienterte då arbeidsgruppa om initiativet som var tatt, og signaliserte at ein ynskte eit godt samarbeid med både Norddal kommune og Stranda kommune vidare i prosessen.

I brev til politisk og administrativ leiing i begge kommunane 13. oktober orienterte arbeidsgruppa om resultatet av spørjeundersøkinga i bygdene. I brevet bad arbeidsgruppa om eit felles møte med begge kommunane der ein kunne drøfte saka og sjå på vidare framdrift (sjå vedlegg 2). Likeeins vart det signalisert ynskje om å ha eit bygdemøte i nær framtid og ønskje om at både Stranda og Norddal kommune kunne delta. Brevet vart fulgt opp med telefonisk kontakt med begge rådmennene og begge ordførarane. Det viste seg at ordføraren i Norddal ikkje ynskte noko felles møte, og dette vart difor skrinlagt.

Torsdag 15. oktober var det felles møte mellom gammalt og nytt kommunestyre i Norddal kommune. Tema var kommunereforma. Her gjekk ein gjennom bakgrunnen for reforma og orienterte om dei utgreiingane som var gjennomført i Norddal. Også på dette møtet orienterte Merete Løvull Rønneberg om initiativet på sørsida av fjorden.

Ordføraren i Norddal kommune inviterte arbeidsgruppa til møte i formannskapet i Norddal 2. november. Dette var fyrste møte i det nyvalde formannskapet i Norddal. Merete Løvull Rønneberg, Knut Grønningsæter og Else Ragni Yttredal møtte frå arbeidsgruppa og orienterte om bygdeinitiativet. Nokre forhold vart særskilt understreka:

- Initiativet har ikkje samanheng med valresultatet, men kom som konsekvens av fleire andre forhold
- Ynskje om høve til aktiv deltaking frå innbyggjarane/bygdene kring utgreiing om framtida vår
- Ynskje om godt samarbeid og open dialog med kommunen

Den 1. november var det allereie sendt ut invitasjon til bygdemøte for Norddal og Eidsdal til ordførar, rådmann, formannskap og gruppeleiarar i Norddal og Stranda kommunar. I formannskapsmøtet vart formannskapet igjen invitert og det vart lagt fram ønskje om vidare samarbeid om saka. Saka vart seinare i møtet drøfta i formannskapet utan at medlemmer frå arbeidsgruppa var til stades. Svaret frå ordførar Arne Sandnes ligg ved på neste side og i vedlegg 3.

Norddal kommune orienterte oss òg i brev sendt pr. mail 23/11-15 om at formannskapet i si innstilling rår til å oppheve kommunestyrevedtak 003/15 og gå vidare med berre «Ny landkommune» (nytt alternativ B) som

samanslåingsalternativ. Elles ynskjer dei alternativa: A) å halde fram som eiga kommune og C) Samhandling med nabokommunar. Innstillinga vart seinare vedteken i kommunestyret 25. november (sjå vedlegg 9).

**(Eg ber om at dette brevet vert referert for bygdemøtet )**

Hei !

Eg takkar for invitasjon til å delta på bygdemøte i Eidsdal den 9.11.15 vedkomande kommunereforma.

Formannskapet drøfta initiativet og invitasjonen på bakgrunn av den presentasjonen de gav.

Som nemnt i telefonsamtale i dag finn eg det ikkje rett, som ordførar, å delta på bygdemøtet. Det er fleire grunnar til det:

- Alle utgreiingar/engasjement vedk. kommunereforma må vere forankra i kommunestyrevedtak. Dykkar initiativ kjem ikkje inn under gjeldande vedtak, dvs. pkt. 3 d i KS 003/15 av 12. 02. 2015. Nemnte vedtak inneber at det vert gjort ei tilsvarande konsekvensanalyse for nordsida av kommunen. Det ligg ikkje inne i initiativet dykkar. Difor må det tolkast som eit nytt alternativ. Men - før eit slikt nytt arbeid eventuelt vert sett i gang, må det godkjennast av kommunestyret. Eg legg vidare til grunn at Norddal kommune tek eigarskap til ein eventuell prosess slik som har vore vanleg i dei andre utgreiingane som har vore sette i gang i 2015.
- Fylkesmann sin milepels plan føreset at alt utgreiingsarbeid skal vere avslutta pr. 31.12.15. Deling av ei kommune er på alle måtar ei svært krevjande oppgåve - ikkje minst tidsmessig. Prosessen er regulert av eit lovverk, dvs. Delingslova, og her vil både den regionale stat og rettsapparatet kunne bli trekte inn. Eg har difor vanskeleg for å sjå at det er muleg å gjennomføre ei forsvarleg analyse som grunnlag for ei beslutning innafor dei standardfristar som er gitt av fylkesmann.
- Til slutt stiller eg spørsmål ved om ei slik deling, som det ein her legg opp til, er i tråd med intensjonane for kommunereforma. Ved ei eventuell deling av Norddal kommune , vil 3 bygder på sørsida av fjorden (ikkje 1 som i dag), måtte reise gjennom ei nabokommune for å kome til sitt eige kommunesenter. Det verkar på meg både ulogisk og upraktisk når hensikten er etablere meir funksjonelle grenser mellom kommunar.

Formannskapet i Norddal har bede rådmann førebu ei sak på kommunereformarbeidet for det nye kommunestyret. Den kjem opp i formannskapet den 19.11 og i kommunestyret den 25.11. Der vil dykkar initiativ og bli omtala og vurdert som grunnlag for eit vedtak. Først når kommunestyret har gjort vedtak, har eg som ordførar fått ei fullmakt til å agere i forhold til eventuell nye alternativ.

Eg vonar at eg ikkje vert oppfatta som formalistisk i dette tilfellet. Det er slett ikkje meininga. Eg vil tvert imot gi uttrykk for at eg set pris på initiativ som kjem nedanfrå. Men - å sette i gang ein prosess med mål å splitte ei kommune, er ei svært alvorleg sak som berører alle innbyggjarar - uavhengig av bustad. Eg vel difor å halde meg strengt til spelereglane inntil kommunestyret har sagt sitt.

Til lukke med møtet!

Med vennleg helsing

Arne Sandnes

Feltet over: Ordførar i Norddal kommune sitt svar på invitasjon til å delta på bygdemøte for Eidsdal og Norddal i høve kommunereforma. Sendt på e-post til arbeidsgruppa, ordførar og rådmann i Stranda, rådmann i Norddal og postmottak i Stranda og Norddal kommune, 3. november, 2015. Kopi til resten av formannskapet. Sjå også vedlegg 3.



### 3.2 BYGDEMØTE

9. november, 2015 vart det gjennomført bygdemøte for bygdene Norddal og Eidsdal. Invitasjon til bygdemøtet vart lagt i postkassene til alle husstandar (vedlegg 6), i tillegg til invitasjon og påminning på e-post. Ved butikkane i begge bygdene var det sett opp plakatar om møtet. Innbyggjarane i Geiranger var også inviterte gjennom oppslag av plakat på daglegvarebutikken i bygda. 83 personar deltok på møtet (derav ein frå Geiranger). Alle deltakarar vart registrerte. 82 personar er om lag 17 prosent av det totale folketalet i Eidsdal og Norddal, og 21 prosent av dei som har stemmerett i bygdene.

Som nemnt var ordførar og formannskap i kommunane Stranda og Norddal inviterte til bygdemøtet. Det same var gruppeleiarane frå partia som ikkje er representerte i formannskapet. Ordførarane var også inviterte til å halde innlegg om: «Tankar kring kommunereforma og vårt alternativ». Sidan ordførar i Norddal kommune takka nei til å delta på bygdemøtet, meinte ordførar i Stranda kommune heller ikkje han kunne delta. Berre ein politikar frå formannskapet i Norddal møtte dermed opp. Vedkomande var også innbyggjar i Eidsdal. Det var elles ikkje registrert andre representantar korkje frå formannskap, parti eller kommunestyre i Norddal eller Stranda kommunar.

Bygdemøtet inneheldt dermed først innleiing om kommunereforma og ulike alternativ. Hovudtyngda av møtet var likevel lagt på ei SWOT – analyse nærare beskrive i neste kapittel. På bygdemøtet vart det også arrangert eit val knytt til 1. Om ein skulle gå vidare med å greie ut moglegheita for at Norddal og Eidsdal skal gå inn i Stranda kommune. 2. Fire representantar til ei arbeidsgruppe (to frå Norddal og to frå Stranda). Møtelyden nytta stemmesetel og stemde anonymt (sjå vedlegg 7). Resultat frå valet var at: 68 personar meinte at ein skulle gå vidare med å greie ut alternativet. Fire personar meinte at ein ikkje skulle gå vidare med utgreiingsarbeidet. Fem personar stemte blankt på dette spørsmålet. Desse vart valde til å arbeide vidare med saka med god margin: Merete Løvoll Rønneberg og Frode Rønneberg (Eidsdal) og Knut Grønningsæter og Else Ragni Yttredal (Norddal). Merete Løvoll Rønneberg er vidare av arbeidsgruppa valt til leiar. Det var også desse som var med å ta initiativet. Det var ope for møtelyden å kome med andre forslag.

### 3.3 FORHOLDET TIL FYLKESMANNEN

Frå starten av er Fylkesmannen orientert om initiativet. Dette med bakgrunn i at ei sak med grensejustering eller deling av ein kommune er krevjande, og det er naudsynt å gjere ting i rett rekkefølge. Brev til kommunane er undervegs sende med kopi til Fylkesmannen, og det har vore telefonisk kontakt med fleire.

I forkant av bygdemøtet den 9. november, hjalp Fylkesmannen til å utforme ein presentasjon om kommunereforma. I tillegg hadde vi spørsmål kring tolking av Inndelingslova. Brevet vårt og svarbrevet frå Fylkesmannen finst som vedlegg til rapporten (vedlegg 4 og 5).

I etterkant av bygdemøtet er det sendt ei oppsummering av arbeidet så langt til både kommunane og Fylkesmannen. Arbeidsgruppa har også bedt om eit møte med fylkesmannen om den vidare prosessen (vedlegg 11).

### 3.4 FORHOLDET TIL STRANDA KOMMUNE

Stranda kommune har vore informert om initiativet i heile perioden per telefon og e-post. Kommunen var positiv til å vere med på bygdemøte, men ettersom Norddal ikkje ville stille fann ordførar og rådmann det ikkje passande at Stranda skulle delta. I siste del av november bad vi derfor om eit uformelt møte med Stranda kommune for å drøfte moglegheiter og utfordringar ved ei ny tilknytning til kommunen. Møtet vart gjennomført 3. desember på Stranda. Ordførar og rådmann stilte frå Stranda kommune, medan Merete Løvoll Rønneberg og Else Ragni Yttredal representerte den lokale arbeidsgruppa.

Den viktigaste funksjonen til møtet var å få betre innsyn i kvarandre sine tankar når det gjeld prioriteringar av tenesteyting og satsing på samfunnsutvikling i framtida. Samstundes hadde det stor verdi å få meir kunnskap om drifta av Stranda kommune i dag. Ei av dei største utfordringane er truleg kommunikasjonar, og det vart diskutert korleis ein kan få til forbetringar på dette feltet ved ei eventuell samanslåing. Stranda kommune har gjennom heile prosessen og også i dette møtet signalisert klart at kommunen ser fordelar for Stranda kommune dersom Norddal og Eidsdal vert del av kommunen.

## 4. DATAGRUNNLAG

Av andrehands kjelder er det i denne utgreiinga nytta tilgjengeleg statistikk, først og fremst frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) og dokument som årsmeldingar. I tillegg er informasjon henta frå Stranda og Norddal kommune sine nettsider. Andre kjelder har også vore tilgjengelege på internett.

I tillegg vart bygdemøtet nytta til datainnsamling. I bygdemøtet vart det nytta ein type SWOT – analyse, der møtelyden fekk høve til å kome med synspunkt knytt til styrkjer og svakheiter ved dagens situasjon og tilknytning til Norddal kommune, og moglegheiter og truslar dersom bygdene går inn i ei ny eining i Stranda kommune. Vi nytta gule lappar i arbeidet og ei veksling mellom individuelt arbeid, diskusjon i grupper og presentasjon i plenum. Ettersom alle skreiv ned sine innspel på gule lappar, og desse vart tekne vare på og dokumentert, fekk vi tatt vare på absolutt alle innspela i møtelyden. Slik kjem også styrken i det folk var opptekne av forholdsvis klart fram (sjå vedlegg 8).

Til bygdemøtet var alle husstandar inviterte og 83 personar møtte fram. Dette svarar til 21 prosent av dei med røysterett i Eidsdal og Norddal, eit svært høgt tal. Møtelyden hadde fått informasjon om at møtet skulle innehalde ein SWOT-analyse på førehand, men det var ikkje slik at møtelyden kom førebudd. Det betyr at dei innspela som kom fram ikkje var førebudde eller grundig vurdert. Korkje enkeltpersonar eller møtelyden som heilskap fekk høve til å prioritere dei ulike innspela.



Frå bygdemøte i Eidsdal 9. november, 2015. I arbeidet vart det veksla mellom individuelt arbeid, gruppearbeid og presentasjon i plenum. Alle innspel vart skrivne ned på lappar og dokumentert.

## 5. NORDDAL ELLER STRANDA KOMMUNE? UTGREIING AV ALTERNATIVA

I det følgjande vert det presentert bakgrunnsinformasjon som kan gi betre grunnlag for å vurdere korleis ulik kommunetilknytning vil påverke bygdene Eidsdal og Norddal. Arbeidsgruppa presenterer også sine vurderingar undervegs.

Ekspertutvalet (Kommunal og moderniseringsdepartementet 2014; Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2014) har peika på at kommunane sine hovudfunksjonar kan delast inn i oppgåvene tenesteytar, utøvar av mynde, samfunnsutviklar og demokratisk arena. Mange utgreiingar knytt til kommunereforma har derfor nytta denne inndelinga i sine analysar. Dei andre utgreiingane der Norddal kommune har vore involvert følgjer også i stor grad denne malen. Sidan utøving av mynde er vanskeleg å skilje frå dei andre rollene vel vi å dele framstillinga inn i tenesteyting, samfunnsutvikling og demokrati, men inkluderer eit eige punkt om økonomi når vi går gjennom og vurderer korleis ulik kommunetilknytning vil påverke bygdene Eidsdal og Norddal. Vi skal likevel først sjå litt nærare på viktige underliggjande faktorar for analysen. Desse kjem også klart fram til dømes i innspela frå bygdemøtet.

**Geografi:** Norddal kommune og bygdene Norddal og Eidsdal ligg inst i ein fjord, med forholdsvis lange avstandar til større sentra. Geografien, så lenge samferdselsåra i hovudsak er på veg, avgrensar fordelar ved samanslåing av kommunale tilbod. Geografien gjer det også vanskeleg å finne gode samarbeidsområde og å ta ut effektiviseringsgevinstar ved kommunesamanslåing.

**Samferdsle:** Sett vekk i frå Geiranger, er Norddal og Eidsdal skilt frå den næraste omverda med ein fjord og ei ferje. Dette gjer både tilbod av tenester og generell samfunnsutvikling meir utfordrande enn mange andre plassar.

**Sentrumsfunksjonen:** Det at ein er avhengig av ferje til kommunesentra, både til Valldal og til Stranda er ein ulempe. Denne ulempa vert forsterka av at ingen av desse tettstadane i nokon stor grad fungerer som eit naturleg sentrum for bygdene Norddal og Eidsdal. Som handelssentra er tilboda i Valldal og Stranda ikkje gode nok til å vege opp for tiltrekingskrafta frå Ålesund. Som arbeidsstad og næringsssentrum er Valldal ikkje sterkt nok og Stranda noko langt unna til å vere eit naturleg val av arbeidsstad. Som kultursentrum har Ålesund større tiltrekingskraft heile året og kanskje også Geiranger større tiltrekingskraft sommartida.

**Identitet:** Eidsdal og Norddal har hatt ei sterk tilknytning til Norddal kommune, men denne har vorte tynnsliken over tid. Samstundes har bandet til Geiranger dei siste åra vorte sterkare gjennom samarbeid om idrett og andre fritidsaktivitetar. I tillegg har næringslivet i Geiranger over tid vorte tettare integrert med nabobygdene, både fordi Geiranger har gitt arbeidsplassar til folk frå nabobygdene, men også fordi Geiranger, slik vi tolkar det, har fått eit større behov for alliansepartnarar for å sikre nærings- og samfunnsutvikling. Geiranger har dermed dei siste åra, til ein viss grad vore meir opne for å tenkje Geiranger og omland i same tanke.

**Kommuneøkonomien:** Stranda kommune er på Robek-lista. Det betyr at kommunen har svært avgrensa økonomisk handlingsrom og at den er prega av det. Norddal kommune har historisk hatt spesielt stort handlingsrom på grunn av kraftinntekter. Fleire faktorar gjer at denne situasjonen er endra: Kommunen har etter kvart opparbeidd seg svært stor lånegjeld, og innbyggjartalet har dei seinare år gått kraftig attende, noko som svekkjer inntektsgrunnlaget. Samstundes har kommunen eit forholdsvis høgt tenestenivå, og utmerkar seg ved å bruke relativt mykje av midlane sine på ikkje-lovpålagte oppgåver.

### 5.1 TENESTEYTING

Økonomien i Norddal kommune har dei siste åra vorte strammare og tenestetilbodet for kommunen generelt og for bygdene Eidsdal og Norddal spesielt, er i endring. Mellom anna har skule- og barnehagetilbodet endra

seg. Til 31. desember, 2012 eksisterte det ein skule (1. – 7. klasse) og ein barnehage i Norddal og ein skule (1. – 10. kl) og barnehage i Eidsdal. Sidan 1. januar, 2013 har Eidsdal skule dekt skulegang for bygdene Norddal og Eidsdal frå 1. – 10. klasse. Tilsvarande har Dalsbygda barnehage (i Norddal) dekt barnehagebehovet for dei to bygdene.

Det er òg endringar innafor omsorgstenestene, og kommunen arbeider for å dreie tilbodet sitt meir i retning heimetenester med mål om førebygging framfor pleie. Omsorgsbustad i Norddal er lagt ned, medan omsorgsnivået ved Eidsdal omsorgsbustader er lågare enn tidlegare.

Legeskontoret i Eidsdal (ein legedag i veka) har gjennom mange år vore stengt delar av året, men siste åra har legedagen i Eidsdal falt vekk oftare enn vanleg. I lange periodar i 2015 har det ikkje vore legedag i Eidsdal.

---

### 5.1.1 OM TENESTENE

Oversikta på neste side viser tenestene i Norddal kommune basert på årsmeldinga til Norddal kommune for 2014.

Tabell 3 viser status for tenestene for innbyggjarane i Norddal og Eidsdal og noko informasjon om tenestetilbodet i Stranda og Geiranger til samanlikning. Vi tek føre oss dei tenestene vi ut frå bygdemøtet og ut frå eigne vurderingar ser på som viktigast å gå gjennom. I tabellen har vi også henta inn noko informasjon om tenestene i Stranda kommune for hausten 2015. Desse er ikkje like utfyllande og samanlikning mellom dei to kommunane vert derfor noko ufullstendig. Tenestene i begge kommunane vil sjølvstundt kunne vere i endring ettersom økonomien og prioriteringane i kommunane endrar seg.

Interkommunalt samarbeid har dei siste åra vorte ein svært utbreidd måte å løyse kommunale oppgåver. Norddal var i 2013 totalt involvert i 38 interkommunale samarbeid, ni lokale, 22, regionale og fem på eit høgare nivå. Norddal kommune har i stor grad vendt seg utover mot Stordal, Ørskog, Skodje og delvis Ålesund (Vinsand og Langset 2013, 10) og heller i mindre grad søkt samarbeid med Stranda. Stranda var på si side involvert i 26 interkommunale samarbeid i 2013, dei fleste av desse på regionalt nivå. Med dette hadde kommunen nest minst interkommunale samarbeid i fylket, nest etter Sykkylven på 36. plass. Norddal kommune på si side ligg omtrent midt på treet av kommunane.

I tillegg til tenestene som kjem fram i oversikt og tabellar, vert også andre forhold påverka av endring av kommunetilknytning, til dømes prestegjeld, soknegrensar og straumforsyning. Vi har ikkje ei totaloversikt over alle desse forholda.

## Tenester i Norddal kommune

Tenestene i Norddal kommune, ut frå årsmelding for Norddal kommune 2014 (Norddal kommune 2014) og rekneskap for Norddal eigedomsselskap KF (<https://www.norddal.kommune.no/handlers/fh.ashx?Fillid=12846>)

### Administrasjon

Eining/ansvarsområde: Rådmannskontor, stab.

- Rådmannskontoret (3 årsverk)
- Servicetorg (5,7 årsverk)
- Kommunekasse (3 årsverk)
- Stab (2 årsverk)
- Totale kostnader 2014: 14,7 mill. kroner

### Skulefritidsordning

Eining: Valldal skule SFO og Eidsdal skule SFO

- Eidsdal (0,4 årsverk, kostnader 2014 111.538 kr)
- Valldal (2,2 årsverk, kostnader 2014 782.006 kr)

### Grunnskule

Eining/ansvarsområde: Eidsdal skule og Valldal skule

- Eidsdal skule, elevtal 65 (12 årsverk, kostnader 8.425.143 kr)
- Valldal skule elevtal 152 (21,45 årsverk 16.233.538)

### Vaksenopplæring

Eining: Valldal skule

- Årsverk 0,9/0,7, kostnader 268.615

### Barnehage

Eining/ansvarsområde: Syltebøen barnehage og Dalsbygda barnehage

- Syltebøen barnehage, barnetal 58 (13,4 årsverk, kostnad 6.475.000 kr)
- Dalsbygda barnehage, barnetal 18 (4,3 årsverk, kostnad 2.223.422 kr)

### Kultur

Eining/ansvarsområde: Kulturskule, bibliotek, kultur, God Helse, barn og unge, Kraftsenteret, beredskap

- Kultur og ungdom (kostnad netto 920.672 kr)
- Norddal bibliotek (årsverk 1,37, kostnad netto 1.104.610 kr)
- Norddal kulturskule (årsverk 3,1, kostnad netto 1,585.110 kr)
- Kyrkja, tilskot trussamfunn (kostnad 1.660.000)
- Frivilligsentralen (kostnad netto 201.551)

### Kommunehelse

Eining: Helseavdelinga

- Legesekretærer (2,35 årsverk)
- Helsestasjonen inkl. jordmor (1 int.kom. samarbeid med med Ørskog) (2 årsverk)
- Legar inkl. turnuslege (3 årsverk)
- Psykiatrisk sjukepleiar (1 årsverk)
- Fysioterapiteneste (kostnad 1.142.709 kroner)
- Ergoterapeut (0,6 årsverk)

- Totale kostnader: 10.495.146 kroner. Inkl. postane «samhandlingsreforma» og «kurativ helsevern».)

### Sosialtenestene

Eining: NAV Storfjord og Storfjorden barnevern (Totale kostnader 12.680.486 kr. (Delsummane i årsmeldinga stemmer ikkje overeins med totalsum)

### Pleie og omsorg

Eining/ansvarsområde: Institusjon, heimebaserte tenester

- Samla antal årsverk 2014: 78,05
- Heimeteneste Valldal/Fjørå/Tafjord (kostnad 9.623.558 kr)
- Heimeteneste Eidsdal/Norddal (kostnad 5.262.687 kr)
- Tiltak personar med nedsett funksjonsevne (kostnad 5.679.696 kr)
- Valldal sjukeheim (kostnad 25.647.523 kr)
- Totale kostnader: 46.415.465 kr

### Tekniske tenester

Eining/ansvarsområde: TSSN (Teknisk samarbeid Norddal og Stordal kommune)

- Norddal (5,5 årsverk + ein vakant)
- Stordal (8,5 årsverk inkl. vaktmeistrar)
- Plan bygg oppmåling (kostnad 1.825.573 kr)
- Brann og oljevern (kostnad 2.034.817)
- Totale kostnader: 7.723.296 kr, inkl. kostnadsområde teknisk drift – sjølvkost og teknisk drift)

### Næring

- Næringssjef (1 årsverk)
- Næringskonsulent (tenestekjøp i Fjordhagen AS)
- Skogbrukssjef (0,25 årsverk)
- Sakshandsamar vilt (0,1 årsverk)
- Kommuneveterinær (1 årsverk, kostnad 278.428 kr)
- Naturforvaltar (0,5 årsverk)
- Totale kostnader: 5.335.475 kroner)

### Norddal eigedomsselskap KF (rekneskap 2014)

- Sum driftsinntekter 24.529.393 (husleige frå Norddal kommune 19.021.946 kr)
- Lønsutgifter 5.138.665 kr
- Netto finansutgifter 8.934.869 kr
- Brutto driftsresultat 2.959.690 kr
- Langsiktig gjeld 130.612.044 kr
- Investeringar totalt 5.387.954 (ENØK – tiltak – SD anlegg 385.740 kr, Valldal samfunnshus/prosjekt ny idrettshall 1.251.254 kr, Valldal skule – datarom 125.000, Brannstasjon 502.587 kr, bibliotek – rådhus 2.926.577, inntekter leikeplassar 25.000, Nødstraumsaggregat 221.796 kroner.)

### Avfall og slam vert handtert av ÅRIM

(Ålesundregionen interkommunale miljøsekskap) der Stranda også er ein av eigarane

**Bygdene Norddal og Eidsdal eig og driv egne vassverk.**

Tabell 3 viser status for tenestene for innbyggjarane i Norddal og Eidsdal og noko informasjon om tenestetilbodet i Stranda og Geiranger til samanlikning. Detaljane er så langt arbeidsgruppa har klart å nå og det vert teke atterhald om at den kan innehalde feil eller manglar.

	Status for tenester til innbyggjarane i Norddal og Eidsdal <sup>5</sup>	Status Stranda <sup>6</sup>
<b>Omsorgstenester</b>	Omsorgsbustadar Eidsdal. To personar på fyrste vakt og 1-2 på andre vakt (bemanning på andre vakt ikkje endeleg avgjort?). Ein person vakande nattevakt. Personalet må hente middag i Valldal søndagar. Lagar sjølve på laurdag, og får tilkøyrt frå Valldal øvrige vekedagar. Eidsdal har 10 enkle leilegheiter og 2 doble. I tillegg 2 psykiatriboligar som vert brukt som omsorgsboligar. Kommunen har ein sjukeheim som er lokalisert i Valldal. Omsorgsbustadane i Norddal er lagt ned.	Sjukeheim på Stranda og på Hellesylt. Omsorgsbustader i alle bygder. I Geiranger er bemanninga 2-3 på dag og vaken nattevakt. Der er 9 leilegheiter, av desse 2 doble.
<b>Legeteneste, for andre helsetenester sjå oversikt</b>	Legekontoret i kommunen ligg i Valldal sentrum. Det er fast legedag i Eidsdal ein gong i veka, men denne fell vekk i lange periodar i løpet av året. Kontoret manglar også oppdatert utstyr, både administrativt og til helseføremål.	Fem legar i 100 prosent stilling, i tillegg til turnuslege i 100 prosent stilling (ein turnuslege til skal tilsetjast). Forholdsvis stabil legesituasjon. Ein legedag i veka i Geiranger. To legedagar på Hellesylt.
<b>Skule</b>	Frå 1. januar, 2013 har Eidsdal skule dekt skulegang for bygdene Norddal og Eidsdal for 1. – 10. klasse. Skulen har 2015 59 elevar (50 elevar frå hausten 2016). Dalsbygda skule lagt ned 1. januar, 2013.	Barneskule i alle bygdene. Ungdomsskule i Stranda, Geiranger og Hellesylt.
<b>Barnehage</b>	Frå 1. januar, 2013 har Dalsbygda barnehage (i Norddal) dekt barnehagebehovet for dei to bygdene. Barnehagen har hausten 2015 mellom 15 og 18 born. Eidsdal Barnehage lagt ned frå same dato.	Barnehage i alle bygder.
<b>Tekniske tenester</b>	Kommunane Norddal og Stordal samarbeider om tekniske tenester. Årsverk 2014 5,5 + ein vakant stilling. (Årsverk 2012 7,9) Stillinga som planleggjar er for tida vakant. Av dei andre 5,5 går 1,5 til byggesak, 2 til drift/anlegg, 1 til oppmåling, 1 til leiar (sørvar mange felt). Elles 2,5 stillingar ute, av desse går 0,5 stilling til Årim.	Stranda: Ikkje i interkommunalt samarbeid. Litt anna organisering enn Norddal. Innafor næring/skog/plan/kart/oppmåling/bygg 8 stillingar. Innafor teknisk/uteseksjonen ca. 12 stillingar. Dette inbefattar m.a. gartnar, park, veg, vatn, avløp. 1 planleggjar – ute i permisjon no. Vert opplyst at tenestene er sårbare.

<sup>5</sup> Informasjonen er delvis henta frå årsmelding for Norddal kommune 2014, delvis eigen kunnskap om tenestene for bygdene Eidsdal og Norddal og delvis henta inn frå personar knytt til tenestene.

<sup>6</sup> Informasjon om einingane er delvis henta frå skriv om tenestetilbodet i Stranda kommune sendt til arbeidsgruppa på e-post frå fungerande rådmann Kjartan Lied 5. november, 2015, delvis frå munnleg informasjon frå personar knytt til tenestene.

Tabell forts.	Status for tenester til innbyggjarane i Norddal og Eidsdal	Status Stranda
<b>Brannvern</b>	<p>Norddal kommune er knytt til det interkommunale brannvernet bestående av kommunane Ålesund, Giske, Sula, Skodje, Ørskog, Stordal og Norddal. Eit eige brannkorps er knytt til Norddal og Eidsdal. Ny brannstasjon i Eidsdal opna 2015.* Mannskap i E/N 16 stk. Av desse 5 røykdykkarar. I Valldal 18 personar i brannkorpset. Alt av brannmannskap er tilsett i veldig små stillingar. Alt mannskap har tatt/tek utdanning som brannkonstabel – utdanning i regi DIB. Brannkorpsa i E/N og G vert naturleg kalla ut til kvarandre sine område ved fleire av utrykkingane.</p>	<p>Stranda: Ikkje interkommunalt samarbeid. Mannskap i Geiranger: 12 stk, av desse 6 røykdykkarar. Brannstasjon i sentrum av Geiranger. Innfor brann/feing er totalt ca. 44 personar tilsette i Stranda kommune, men dette er veldig små stillingar.</p>
<b>PPT</b>	<p>Frå første juni 2012 er Norddal kommune med i Storfjorden PPT i samarbeid med dei same kommunane som over. Kontoret er lokalisert på Sjøholt, kommunesenteret i Ørskog kommune.* Totalt 4,1 stillingar. 0,8 fagstilling knytt til Norddal.*</p>	
<b>Kulturskule</b>	<p>Kontor i Valldal, men desentralisert drift. 3,1 årsverk 2014.</p>	<p>Kontor på Stranda. Driv kulturskule i alle bygder (I Liabygda har drift/ikkje drift variert.) Totalt knapt 4 årsverk. Berre rektor tilsett i full stilling. Om lag 200 elevar i 2015. Litt ventelister. Tilbod innfor tangent, gitar, tromme, fele, song, band, dans, men ikkje i alle bygdene. Opplyst at utkantane vert prioritert.</p>
<b>Sosialtenester og barnevern</b>	<p>Storfjorden barnevern er ei felles barnevernsteneste for kommunane Skodje, Ørskog, Stordal og Norddal. Kontoret er lokalisert på Skodje rådhus. 1,6 fagstilling/årsverk er knytt til Norddal kommune. Totalt er det 7,5 stillingar knytt til barnevern i det interkommunale samarbeidet.</p> <p>Sosialtenestene er organisert i interkommunalt samarbeid i NAV Storfjorden (same kommunane som barnevern). 1 stilling er knytt til Norddal kommune. (Ned til 1/2 stilling frå 2016). Fleire og fleire av oppgåvene er ført attende til kommunen gjennom ulike prosessar. Reduksjonen kan føre til redusert opningstid på kontoret i Valldal)</p>	<p>Sosialtenesta i Stranda har oppgåver knytt til barnevern, psykiatri og rusomsorg, bustadsosiale tiltak, og frivilligsentral. 2015 om lag 9 årsverk totalt.</p>

\* Informasjonen er i stor grad henta frå Norddal kommune sine nettsider eller nettsidene for dei ulike interkommunale tenestene.

\*\* rapport fra storfjorden ppt til dialogmøte med formannskapet mandag 7. september, 2015



Tabell 4. Kjelde SSB (KOSTRA, KOMMUNE-STTAT – RAPPORTERING)

<https://www.ssb.no/statistikkbanken/selectvarval/Define.asp?subjectcode=&ProductId=&MainTable=Kostr1K3483Utva&nvl=&PLang uage=0&nyTmpVar=true&CMSSubjectArea=offentlig-sektor&KortNavnWeb=kostrahoved&StatVariant=&checked=true>

Utvalde nøkkeltal for ulike tenester kommunane Stranda og Norddal	Norddal 2014	Stranda 2014
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, <b>barnehager</b>	121539	104383
Andel barn 1-5 år med <b>barnehageplass</b>	85,4	88,5
Korrigerede brutto driftsutgifter i kroner per barn i <b>kommunal barnehage</b>	142526	146523
Prosent styrarar og pedagogiske leiarar med godkjent <b>barnehagelærarutdanning*</b>	77,8	85,4
Netto driftsutgifter til <b>grunnskolesektor</b> (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år	162055	115413
Andel elever i grunnskolen som får <b>spesialundervisning</b>	11,5	5,6
Korrigerede brutto driftsutgifter til <b>grunnskole, skolelokaler og skoleskyss</b> per elev	125021	112106
Gjennomsnittlig <b>gruppestørrelse</b> , 8.-10. årstrinn	9	13,1
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, <b>kommunehelsetjenesten</b>	6031	2957
<b>Legeårsverk</b> pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	17,9	13
<b>Fysioterapiårsverk</b> per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	11,3	7,6
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, <b>pleie- og omsorgstjenesten</b>	30057	15995
Andel plasser i enerom i <b>pleie- og omsorgsinstitusjoner</b>	100	100
Andel innbyggere 80 år og over som er <b>beboere på institusjon</b>	16,3	9,9
Korrigerede brutto driftsutg pr. mottaker av <b>hjemmetjenester</b> (i kroner)	302656	268066
Korrigerede brutto driftsutgifter, <b>institusjon</b> , pr. kommunal plass	930118	858907
Netto driftsutgifter til <b>sosialtjenesten</b> pr. innbygger 20-66 år	1317	1044
Andelen <b>sosialhjelpsmottakere</b> i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	1,5	1,3
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, <b>barnevernstjenesten</b>	2768	3902
Andel barn med <b>barnevernstiltak</b> ift. innbyggere 0-17 år	7,2	5,2
Netto driftsutgifter til <b>administrasjon</b> og styring i kr. pr. innb	10825	5850
<b>Sykel-, gangveier/turstier</b> mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb	107	13
Kommunalt disponerte <b>boliger</b> per 1000 innbyggere	20	26
Årsverk i <b>brann- og ulykkesvern</b> pr. 1000 innbyggere	1,19	0,65
Gjennomsnittlig <b>saksbeh.tid</b> for private forslag til detaljreg. Kalenderdager	200	490
Gj.snittlig <b>saksbehandlingstid</b> for opprettelse av grunneiendom. Kalenderdager	42	49

\*Kjelde: [www.nykommune.no](http://www.nykommune.no).

Tabell 4 samanliknar nokre nøkkeltal for tenestene i Stranda og Norddal. Vi ser at Norddal kommune jamt over har høgare kostnader og fleire årsverk per brukar enn Stranda. Vi skal sjå nærare på nokre av dei ulike tenestene.

#### Samanlikna med Stranda ...

- har barnehagane i Norddal i gjennomsnitt noko høgare driftsutgifter per innbyggjar, noko lågare brutto driftsutgifter per barn i kommunal barnehage, noko lågare dekning og noko mindre utdanna styrarar og pedagogiske leiarar
- har Norddal høgare driftsutgifter til skule både per innbyggjar og per elev, større andel av elevane som får spesialundervisning og lågare gruppestorleik på ungdomsskulen.
- har Norddal fleire legar og fysioterapeutar per innbyggjar.
- nyttar Norddal nær dobbelt så mykje pengar per innbyggjar til pleie- og omsorgsinstitusjonar, har nær dobbelt så stor andel av dei over 80 år busett i institusjon og noko høgare utgifter per person i heimetenesten. Begge kommunane har alle bebuarar på pleie- og omsorgsinstitusjonar på einarom.
- har Norddal noko høgare driftsutgifter til sosialtenesta per innbyggjar 20-66 år og også noko høgare andel sosialhjelpsmottakarar i forhold til innbyggjarar i same årskategori
- har Norddal fleire born i forhold til tal innbyggjarar mellom 0-17 år knytt til barnevernet, men lågare driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år
- nyttar Norddal nesten dobbelt så mykje som Stranda per innbyggjar til administrasjon
- har Norddal driftsansvar for nesten ti gongar meir vegar, gangvegar og turstiar per innbyggjar
- har Norddal kommune færre disponerte bustader per 1000 innbyggjarar
- har Norddal nesten dobbelt så mange årsverk per innbyggjar innafor brannvern
- Har Norddal lågare saksbehandlingstid knytt til tekniske tenester

### 5.1.2 BYGDEMØTET: STYRKJER OG SVAKHEITER VED TENESTETILBODET I NORDDAL KOMMUNE

I det følgjande vil vi sjå på kva innbyggjarane i Eidsdal og Norddal meiner er dei sterke og svake sidene ved å vere del av Norddal kommune og kva som er moglegheiter og truslar ved å gå inn i Stranda kommune – knytt til tenestene. Det er verdt å merke seg at spørsmålet til møtelyden var generelt og at innspela dermed er sorterte i etterkant. Ei fullstendig oversikt over innspela ligg ved i vedlegg 8.

#### 5.1.2.1 STYRKJER

Bygdemøtet trekkjer fram desse styrkene ved tenestetilbodet i Norddal:

- Skule i Eidsdal, god kvalitet, nært.
- Kulturskule, god kvalitet, tilgjengeleg.
- Omsorgsbustad i Eidsdal, viktig at den er nært
- Brannvern og ny brannstasjon

#### 5.1.2.2 SVAKHEITER

Bygdemøtet tek fram desse faktorane som svakheiter ved tenestetilbodet i Norddal kommune:

- Helse og legetilbod: Stengt legekantor i Eidsdal, dårleg legedekning og kvalitet, generelt dårlegare helsetilbod
- Skule: Situasjonen ikkje avklart, trussel om nedlegging (for ungdomsskule i Eidsdal), skule i Norddal nedlagt

- Barnehage: Ikkje barnehage i Eidsdal
- Omsorg: Nedbygging, dårleg kvalitet, bemanning, nedlegging av mattilbod
- Gatebelysning
- Internett, dårlege tenester
- Samferdsel: ferjetider kveldstid, nattferje (dette er ikkje kommunal teneste, men tek det likevel med)
- Svak tenesteyting
- Vedlikehald generelt og av kommunale vegar, kantslått
- Tiltak for born og ungdom
- Manglande kompetanse i fleire kommunale sektorar, svak tenesteyting
- Usikkerheit om tenester, reduserte tenester på sørsida av fjorden
- Usikkerheit rundt kommunale arbeidsplassar

I punkta er alle moment trekt fram. Dei svakheitene som kjem klarast fram frå bygdemøtet er utfordringar ved legetilbod, usikkerheit rundt skuletilbodet og nedskjeringar i omsorgstilbodet og usikkerheita i tenestetilbodet generelt.

### 5.1.3 BYGDEMØTE: MOGLEGHEITER OG TRUSLAR KNYTT TIL TENESTETILBODET VED TILKNYTING TIL STRANDA KOMMUNE

#### 5.1.3.1 MOGLEGHEITER

Bygdemøtet trekte fram desse faktorane som moglegheiter ved tilknytning til Stranda:

- Legetilbod: Meir berekraftig, legekantor på sørsida av fjorden, betre helseteneste, betre legedekning, nye legar og legeordning, stabilitet
- Omsorg: Betre eldreomsorg.
- Skule: Bevare ungdomsskulen i Eidsdal utan truslar, samarbeid skule med Geiranger,
- Utbygt psykisk helsevern
- Samferdsel: Betre samanheng mellom ferjene
- Høgare kompetanse, fleire folk, i fleire sektorar og politikk
- Ambulansetilbod
- Betre kommunale tenester, meir langsiktig jobbing med kommunale tenester
- Meir kostnadseffektivt
- Barnehage, behalde
- Samarbeid Geiranger skule/kulturskule
- Vidaregåande skule
- Norddal og Eidsdal står sterkare saman med Geiranger – som utkant

Det var flest innspel knytt til: 1. Legetilbod, både betre tenester, stabilitet og legekantor på sørsida. 2. Bevare ungdomsskule i Eidsdal og 3. Omsorgstenester. I tillegg kjem moglegheitene med ei nærare tilknytning til Geiranger, som er eit gjennomgangstema og ikkje spesielt knytt til tenester.

#### 5.1.3.2 TRUSLAR

- Samferdsle: Lenger til kommunesenter på Stranda, to ferjer
- Framleis utkant, endå større utkant i ei ny større kommune
- Skule: Får ikkje behalde skule/barnehage i Eidsdal/Geiranger, ungdomsskule på Stranda, kva med symjing?
- Omsorg: Kvar skal pleie og omsorg/sjukeheim vere, sjukeheim på Stranda?

- Legedekning: Reise til Stranda
- Konflikt mot Geiranger (og Norddal) knytt til skule, helse og omsorg
- Nivå på tenester, lite ressursar Stranda
- Gode forsvinn
- Generelt dårlegare tenester Stranda
- Kulturskule: langt til Stranda,
- Kommunesenteret blir flytta, mister arbeidsplassar

Geografi og samferdsle til kommunesenteret på Stranda går igjen når deltakarane på bygdemøtet skal tenke gjennom truslar ved ei tilknytning til Stranda. Det same gjeld utkantstatusen. I tillegg kjem det klart fram at folk er usikre på om tenestene faktisk vert betre ved ei tilknytning til Stranda.

#### 5.1.4 ARBEIDSGRUPPA SINE VURDERINGAR, TENESTER

Vi skal sjå nærar på dei enkelte tenestene. Det er tydeleg frå bygdemøtet at dei viktigaste problemstillingane for befolkninga er knytt til å betre legetilbodet, sikre skulen og sikre eit godt tilbod innafor eldreomsorg. Vi ser derfor på desse først.

**Legetilbod:** Det er god tilgang på legar i Norddal kommune i den forstand at det er lett å få legetime. Vi ser også av statistikken at legedekninga per innbyggjar er betre i Norddal enn i Stranda kommune. På den andre sida har det vore vanskeleg å rekruttere legar og utskifting av personell har vore stort. Dette går spesielt utover personar med kroniske plager og stort behov for legehjelp. Det går også fram av bygdemøtet at folk set spørsmålsteikn ved kvaliteten knytt til legetilbodet. Det har i stor grad vore utanlandske legar, delvis med kommunikasjonsutfordringar, eller turnuslegar som har vore tilsett. Vi veit at det allereie er fleire frå Eidsdal og Norddal som har valt å ha fastlege utanfor kommunen. Turnuslegane i Norddal kommune har i 2015 meldt frå til Fylkesmannen om utfordringar knytt til rettleings situasjonen for turnuslegar i kommunen.<sup>7</sup>

Stranda kommune har på den andre sida klart å oppretthalde ein meir stabil legesituasjon over tid. Kommunen forventar framleis å ha ein stabil legesituasjon, men ikkje med like lange tilsetjingsforhold som tidlegare.<sup>8</sup> Vi ser det slik at det er potensial for meir stabil personalsituasjon dersom Norddal Eidsdal vert knytt til Stranda kommune. Reisevegen til Stranda er forholdsvis lang for folk frå Norddal og Eidsdal og den inkluderer to ferjer. Geiranger har hatt legedag ein dag i veka, men er elles avhengige av å reise til Stranda for lege. Spørsmålet om ein eller fleire legedagar i veka som kan dekke Norddal, Eidsdal, Geiranger vil derfor vere sentralt for at tilknytning til Stranda skal gi ein kvalitetsgevinst for bygdene Eidsdal og Norddal.

**Skule og barnehage:** Som nemnt tidlegare har det skjedd ei større strukturendring knytt til skuletilbodet i Norddal og Eidsdal. Skule i Norddal og barnehage i Eidsdal er lagt ned, slik at det er ein skule 1.-10. klasse i Eidsdal og ein barnehage i Norddal. Som det også går fram av innspel på bygdemøtet er det sterke kjensler knytt til å behalde denne nye strukturen. Ungdomsskulen er i neste økonomiplan planlagt flytta til Valldal og trusselen mot skulane over tid har vore svært trøytande for lokalsamfunna. Det er stor semje om å behalde ungdomsskulen i Eidsdal lokalt i bygdene. Argumenta for dette er knytt både til kvalitet, samfunnsutvikling og oppvekstmiljø. Skulen fungerer godt, noko som vert stadfesta ved resultat på nasjonale prøver. Skulen er ikkje spesielt stor, og ved å fjerne 8. – 10. klasse forringar ein også oppvekstmiljøet gjennom at skulemiljøet vert mindre og grunnlaget vert svakare for fritidsaktivitetar. Dette vil gå utover born i alle aldrar. I tillegg vert

<sup>7</sup> Sjå til dømes: <http://www.smp.no/nyheter/2015/10/26/Skal-granske-bekymring-fra-ferske-leger-11732085.ece>

<sup>8</sup> Opplyst i møte med Stranda kommune.

reisebelastninga større for alle ungdomsskuleelevane og for enkeltelevar lengst vekk frå Eidsdal sentrum, vert belastninga svært stor. Argumentet for samanslåing av ungdomsskulane er i hovudsak økonomiske. Innsparingane er berekna til om lag to millionar kroner per år og er lagt inn i økonomiplanen (900.000 kroner for 2016 og 2 mill. for 2017).<sup>9</sup>

Arbeidsgruppa vurderer det slik at potensiell, men ikkje sikker, kvalitetsgevinst ved å slå seg saman med Stranda er å behalde og skape ro rundt barne- og ungdomsskule i Eidsdal og barnehage i Norddal. Dersom elevgrunnlaget vert for lite, kan det vere mogleg å finne løysingar i samarbeid med Geiranger.

Når det gjeld **omsorgstenestene** har både Stranda og Norddal kommunar gått over til meir heimebasert omsorg. Eldre er dermed sjukare når dei flytter frå heimane sine og logikken er dermed at behovet for omsorgsbustad går ned. Av tala presentert i Tabell 4 ser vi likevel at Norddal kommune i større grad enn Stranda tilbyr sine eldre plass på institusjon. Medan nærare 16 prosent av innbyggjarane som er 80 år og eldre bur på institusjon i Norddal er tilsvarende tal for Stranda 9,9 prosent (2014). For 2015 er det vedteke reduksjon både av sjukeheimplassar og omsorgsbustader i Norddal kommune. Stranda har tilbod om omsorgsbustad i alle bygder.

Eit viktig moment i diskusjonen kring omsorgstenestene er også spørsmålet om avstand til sjukeheimplass. Dersom sjukeheimplassane vert flytta til Stranda frå Valldal, ser arbeidsgruppa på dette som ei klar senking av kvaliteten på tenestene for bygdene Eidsdal og Norddal. Bakgrunnen for denne vurderinga er at tilgjengelegheit både for vener og pårørande vert klart dårlegare. Vi vurderer kvaliteten på sjukeheimstenestene både i Valldal og på Stranda å vere gode ut frå dei økonomiske føresetnadene. Av statistikken ser vi at brutto driftsutgifter for personar i institusjon er klart høgare i Norddal enn Stranda (Tabell 4). Det er dermed liten grunn til å tru at ressursbruken vil gå opp dersom ein vert knytt til Stranda kommune. Samanliknar ein konkret bemanningssituasjonen ved omsorgsbustadene i Eidsdal, kontra Geiranger og talet på bebuarar ved dei to institusjonane (Tabell 3) er det likevel vanskeleg å sjå at tenestene er dårlegare i sistnemnde bygd.

Ein overgang til Stranda kommune vil føre til endringar innafør dei aller fleste av dei interkommunale tenestene for Norddal og Eidsdal sidan Norddal kommune i stor grad har knytt seg til interkommunale samarbeid på nordsida av fjorden og utover mot Stordal, Ørskog, Skodje og Ålesund. Dette gjeld både innanfor **barnevern, brannvern, PPT og tekniske tenester**. Stranda er ikkje del av desse interkommunale satsingane. Alle desse tenestene er i liten grad nemnt i bygdemøta. Vi trur hovudgrunnen til dette er at dei fleste ikkje bruker desse tenestene i kvardagen. Delvis trur vi det skuldast at tenestene fungerer forholdsvis bra. I Møreforskning si utgreiing for eller imot å slå seg saman, vert det påpeika at dei interkommunale samarbeida i Norddal ikkje fungerer heilt optimalt, og kan gi betre alternativ ved å liggje under ei større kommuneining (Halvorsen, s.14). Vi har elles ikkje tilgang på evalueringar som vurderer kvalitet på tilboda i dei to kommunane opp mot kvarandre. I og med at desse tenestene allereie ligg innunder større miljø, ser vi likevel føre oss at kompetansegevinsten ved overgang til Stranda ikkje vert spesielt stor. Ved samordning mellom Geiranger, Eidsdal og Norddal kan ein likevel tenkje seg ein effektiviseringsgevinst. Gitt stram kommuneøkonomi i begge kommunar ser vi føre oss at tilboda frå dei to kommunane på desse områda i framtida vil vere om lag like gode, men under press.

---

<sup>9</sup> Informasjon frå Norddal kommune. Tala er i hovudsak basert på kalkulert innsparing av 3-4 årsverk i ungdomsskulen i Eidsdal, berekna som årleg innsparing på 61 t/v av 26.000 kroner (1.586.000 kroner). I tillegg kjem reduksjon av 40 prosent administrativ stilling knytt til ungdomsskolen (250.000 kroner) og tiltak 5, 364.000 kroner (kuttframlegg for å få budsjettframlegget i balanse) minus ekstra kostnad til skuleskyss 150.000 kroner (15 elevar, 190 dagar, 50 kr).

**Kulturskulen** er viktig for mangfaldet av tilbod spesielt for born og unge i bygdene. Kulturskulen og det tilbodet den står for i bygdene vert då også i bygdemøtet trekt fram som ein styrke ved tilknytning til Norddal. Moglegvis nyttar Stranda kommune mindre pengar på kulturskulen, og kulturskulen i Stranda har venteliste.<sup>10</sup> Gitt den svake kommuneøkonomien, er det liten grunn til å tru at Stranda kommune i næraste framtid vil auke tilskota til kulturskulen. Samstundes veit vi at det er flinke folk knytt til kulturskulen i Geiranger og det vert opplyst at bygdene vert prioriterte i kulturskulesamanheng. Ei samordning mellom Geiranger, Eidsdal og Norddal gir dermed også eit potensial for å utvide tenestetilbodet.

**Arbeidsplassar** er viktige i utkantkommunar og bygder. Kommunale tenester som geografisk er plassert i Norddal og Eidsdal er tenester som uansett må og bør ligge nært brukarane. Eventuelle nedskjeringar vil vere resultat av nedgang i behov til dømes i skule og eldreomsorg. Vi ser det derfor ikkje som særleg sannsynleg at tilknytingskommune i stor grad vil påverke talet arbeidsplassar i Norddal og Eidsdal. Ei endring av kommunetilknytning kan på den andre sida bidra til nedskjeringar i dei ikkje-stadbundne tenestene i kommuneadministrasjonen i Valldal og i helsetenestene. Dette vil påverke både Valldal og bygdene rundt sidan kommunen er ein viktig arbeidsgjevar for innbyggjarane i kommunen.

**Oppsummert:** Tenestene i Norddal kommune har historisk sett vore bra. Nedskjeringar dei siste åra har likevel gått utover tenestetilbodet generelt og spesielt i bygdene Norddal og Eidsdal og andre perifere delar av kommunen. Med den noverande økonomien og nivået på investeringar blir det naudsynt med nedskjeringar i Norddal kommune også i åra som kjem. Statistikken viser at det er liten grunn til å tru at løyvinga til tenestene vert større i Stranda kommune. Samstundes viser meir kvalitative undersøkingar vi har gjort at tenestene ikkje nødvendigvis er dårlegare i Geiranger, som det er naturleg å samanlikne seg med, enn i Norddal – Eidsdal. Vi ser det vidare slik at det kan vere potensial for forbetringar i ei samanslåing med Stranda både innafør legetenester og tryggleik for skulen som folk er svært opptekne av. Føresetnader for å realisere fordelar ved å gå inn i Stranda kommune og for å hindre at gode tenester forsvinn, vert derfor at ein finn gode svar på spørsmåla:

- På kva måte kan ein løyse kommunikasjonsutfordringane mellom bygdene Eidsdal, Norddal, Geiranger og kommunesenteret Stranda?
- Korleis kan ein bevare og utvikle skuletilbodet og eldreomsorga for Norddal, Eidsdal og Geiranger på sikt?
- Korleis kan ein sikre tilgjengelegheit knytt til legetenester?
- Korleis skal ein løyse utfordringar knytt til sjukeheimplassar?
- Korleis skal ein finne gode løysingar som kan erstatte dei interkommunale satsingane?
- Korleis kan ein utvikle og betre kulturskuletilbodet i eit samarbeid mellom Norddal, Eidsdal og Geiranger?
- Kva vil ei endra kommunetilknytning bety for brann- og ulykkesvern i bygdene?
- Er det mogleg, og eventuelt korleis kan ein få til fleksible løysingar i samarbeid med Norddal kommune for å sikre gode tenestetilbod?

## 5.2 SAMFUNNSUTVIKLING

Bygdene Eidsdal og spesielt Norddal har dei siste 15 åra hatt sær stor folketalsnedgang. Til saman har bygdene no om lag 20 prosent færre innbyggjarar enn i år 2000. Utanom kommunal verksemd er det ingen større arbeidsplassar korkje i Norddal eller Eidsdal. Det betyr at dei som ikkje er sjølvstendig næringsdrivande i stor grad er avhengige av å reise ut av bygdene for arbeid. Arbeidsmarknaden innafør akseptabel pendlaravstand (30 – 45 minutt ein veg) er liten og geografisk avgrensa til Geiranger, Valldal, Stranda og Stordal. Vi har ikkje

---

<sup>10</sup> Basert på uttale i møte med Stranda kommune 3. desember, 2015.

statistikk som viser kvar busette i Norddal og Eidsdal er sysselsette utanfor desse to bygdene, men vi har grunn til å tru at flest er sysselsette i Valldal.

Landbruk har tradisjonelt vore det viktigaste grunnlaget for busetting i Norddal og Eidsdal. I 2007 var det i Møre og Romsdal 3233 landbruksføretak som fekk produksjonstilskot, medan talet i 2013 var 2764. Med ein nedgang på 14,5 prosent i Møre og Romsdal har berre Troms og Finnmark høgare nedgang.<sup>11</sup> Landbruket har vore viktig for Eidsdal og Norddal og tilbakegangen i denne næringa har ramma grunnlaget for busettinga hardt.

Statistikken viser at tal jordbruksbedrifter i Norddal og Stranda kommune er halvert i perioden 2000-2014. Nedgangen i Norddal kommune er noko større enn i Stranda, 57 mot 43 prosent.<sup>12</sup> Talet husdyr har endra seg mindre. For same periode er nedgangen i Norddal kommune størst for storfe (44 prosent) og minst for sau og mjølkegeiter (om lag 14 prosent).<sup>13</sup> Stranda kommune kjem noko betre ut. For storfe er nedgangen i tal dyr om lag 15 prosent og for sau om lag 21 prosent, medan tal mjølkegeiter faktisk har gått opp med fire prosent.<sup>14</sup> Jordbruksarealet har også gått ned med 10 prosent for Norddal og 8 prosent for Stranda.<sup>15</sup>

Reiselivsnæringa er sett på som eit viktig vekstområde for Eidsdal og Norddal som ligg nært Geiranger med meir enn 200 cruiseanløp i året og på vegen mellom Geiranger og Trollstigen. Ferjesambandet Eidsdal – Linge som ligg på denne strekninga har ein gjennomsnittleg døgntrafikk på 560 bilar fordelt på heile året,<sup>16</sup> med dei fleste av desse i juni, juli og august. Turiststraumen har likevel ikkje ført til mange hovudarbeidsplassar i bygdene, noko som vert stadfesta av statistikken som viser at det totalt i Norddal kommune er 15 arbeidsplassar knytt til overnatting. Turisme er likevel ein viktig attåttnæring for fleire verksemdar i Norddal og Eidsdal og gir viktige deltidsarbeidsplassar både for vaksne og unge i sommarhalvåret.

Kommunane Norddal og Stranda husar nordområdet av verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap. Bygdene Norddal og Eidsdal grensar til området og mykje areal knytt til bygdene er del av området. I 2015 fekk Fjordsenteret i Geiranger status som Verdsarvsenter. Verdsarvsstatus har generelt blitt assosiert med auka turisme og økonomisk vekst. Generelt viser studiar likevel at auka lokal og regional verdiskaping ikkje er ein sjølvagt effekt av slik status sjølv om målretta arbeid i den retning bidreg til ei slik utvikling (Hølleland 2013; Rebanks Consulting Ltd og Trends Business Research Ltd 2009).

---

<sup>11</sup> Tal frå Landbruksdirektoratet: <https://www.slf.dep.no/no/statistikk/utvikling/jordbruksforetak>

<sup>12</sup> Kjelde: <https://www.ssb.no/statistikkbanken/selectvarval/saveselections.asp>

<sup>13</sup> Tala er henta frå Statens landbruksforvaltning sin statistikk <http://32.247.61.17/skf/pt900/1320/1320F15f.htm>. Tala frå 2014 er førebelse tal.

<sup>14</sup> Kjelde: SSB: <https://www.ssb.no/statistikkbanken/selectvarval/Define.asp?subjectcode=&ProductId=&MainTable=HusdyrAnne&nvl=&PLanguage=0&nyTmpVar=true&CMSSubjectArea=jord-skog-jakt-og-fiskeri&KortNavnWeb=stjord&StatVariant=&checked=true> Tala er henta frå Wikipedia, [https://no.wikipedia.org/wiki/Ferjesamband\\_i\\_Norge#Mest\\_trafikkerte\\_ruter](https://no.wikipedia.org/wiki/Ferjesamband_i_Norge#Mest_trafikkerte_ruter). Tala er ikkje kvalitetssikra mot primærkjelder.

<sup>15</sup> Kjelde: <https://www.ssb.no/statistikkbanken/selectvarval/Define.asp?subjectcode=&ProductId=&MainTable=JordbrukAreaA&nvl=&PLanguage=0&nyTmpVar=true&CMSSubjectArea=jord-skog-jakt-og-fiskeri&KortNavnWeb=stjord&StatVariant=&checked=true>

<sup>16</sup> Kjelde: [https://no.wikipedia.org/wiki/Ferjesamband\\_i\\_Norge](https://no.wikipedia.org/wiki/Ferjesamband_i_Norge)

Tabell 5: Nokre bakgrunnsfaktorar knytt til sysselsetting for Stranda og Norddal kommunar. Kjelde: [www.nykommune.no](http://www.nykommune.no) (Sunnmøre Regionråd<sup>17</sup> med grunnlagsdata frå SSB, eller direkte frå [www.nykommune.no](http://www.nykommune.no).) Alle tal frå 2014.

Indikatorar 2014	Norddal	Stranda
Andel sysselsette offentleg sektor	33 %	23 %
Andel sysselsette i privat sektor	67 %	77 %
Andel sysselsette i primærnæring	17 %	4 %
Andel sysselsette i sekundærnæring	15 %	46 %
Andel sysselsette i tertiærnæring	68%	49 %
Tal personar som pendlar til Norddal	-	48
Tal personar som pendlar til Stranda	58	-
Sårbarheitsindikator <sup>18</sup>	21,4	30,3

Tabell 6 viser hovudnæringsveggar etter bustad i Norddal kommune. Berre næringar som sysselset 5 prosent eller meir av totalt antal sysselsette er inkludert i tabellen. Kjelde SSB.

Hovudnæringsveggar Norddal kommune	Prosent av totalt tal sysselsette etter bustad
Kraftforsyning	5%
Undervisning	7%
Omsorg utan butilbod, barnehagar mv.	8%
Jordbruk og tilhørende tjenester, jakt	8%
Detaljhandel, unntak for motorvogner	9%
Pleie og omsorg i institusjon	9%
Helsetenester	10%
<b>Totalt</b>	<b>56%</b>

<sup>17</sup>Tal henta frå rapport på Sunnmøre Regionråd <http://www.sunnmoreregionrad.no/images/stories/Dokumenter/Kommunereform/Kommunereformrapport-275-276-265-269-281-273-271-270-274-272-264-268-259.pdf> som har henta tal frå SSB.

<sup>18</sup> «Denne indeksen sier noe om hvor sårbart næringslivet i kommunen er. En kommunes næringsmessige sårbarhet er i denne sammenheng målt ved å kombinere tre indikatorer – hjørnesteinsfaktor, bransjespesialisering og arbeidsmarkedsintegrasjon. En høyere verdi tilsvarer større sårbarhet. Denne sårbarhetsindeksen er utviklet av Telemarksforskning og viser sårbarheten til kommunene i Norge basert på 2011-tall.» Kjelde: <http://www.nykommune.no/#!kommuner/269-270>



Tabell 7 viser hovudnæringsvegar etter bustad i Stranda kommune. Berre næringar som sysselset fem prosent eller meir av totalt antal sysselsette er inkludert i tabellen. Kjelde SSB.

Hovudnæringsvegar	Prosent av totalt tal sysselsette etter bustad
<b>Stranda kommune</b>	
Detaljhandel unntak for motorvogner	6
Omsorg utan butilbod, barnehagar mv.	6
Undervisning	6
Møbelindustri	7
Pleie og omsorg i institusjon	7
Næringsmiddelindustri	22
<b>Totalt</b>	<b>54</b>

Tabell 5 - Tabell 7 viser at Stranda og Norddal kommunar har svært forskjellig næringsamansetting. Medan Stranda har ein stor industri, knytt til næringsmiddel og møblar som sysselset nærare 30 prosent av innbyggjarane, har Norddal kommune større andel av befolkninga sysselsett i offentlig sektor og sysselsettinga er elles sterkt prega av helse- og omsorgstenester. Landbruk står for 3 prosent av sysselsettinga i Stranda kommune og er såleis ikkje ein av hovudnæringsvegane. Samanlikna med andre kommunar er Stranda likevel ein sterk landbrukskommune. Overnattingsverksemd står for 3 prosent av sysselsettinga i Stranda og 2 prosent i Norddal (Kjelde: SSB). Det er grunn til å tru at overnattingsverksemd er klart viktigare for bygda Geiranger enn for heile Stranda kommune, ettersom den einaste store heilårsarbeidsplassen i bygda er Union Hotel.

Kommunen si rolle som samfunnsutviklar dreier seg i stor grad om å vere ein aktiv aktør i den lokale samfunnsutviklinga. Den handlar om langsiktig arealbruk og utbyggingsmønster, utbygging av infrastruktur, steds- og sentrumsutvikling og næringsutvikling (Kommunal og moderniseringsdepartementet 2014). Ekspertutvalget deler samfunnsutviklaroppgåvene inn i «kommunen som planmyndighet», «næringsutvikling og utvikling i kommunesamfunnet» og «samhandling med befolkninga og andre aktørar» (Kommunal og moderniseringsdepartementet 2014, 19-20).

Med kraftinntektene (sjå neste kapittel) har Norddal kommune hatt eit forholdsvis stort handlingsrom knytt til nærings- og samfunnsutvikling. Kommunen har ein næringsjef tilsett og kjøper næringskonsulenttenester av Fjordhagen (Norddal kommune 2014). Den støtter Fjordhagen, som er ein næringshage i Valldal. Kommunen har støtta reiselivslag og destinasjonsselskap. Kommunen har, etter sal av Norddal elverk, disponert eit elverksfond opphavelag på 12.3 millionar kroner som kan nyttast til drift, men dette er snart brukt opp.<sup>19</sup> Kommunen har også hatt eit forholdsvis stort kommunalt næringsfond å bruke.

<sup>19</sup> Sjølve elverksfondet er større. Kjelde: Årsmelding Norddal kommune 2014.

Kommunen har dei siste åra investert mykje i samfunns-, samferdsels- og næringsutvikling i kommunen. Større investeringar (over 1 mill. kroner) i Eidsdal og Norddal frå 2010 til 2014 kan summerast opp til 15,8 millionar kroner brutto fordelt slik: <sup>20</sup> <sup>21</sup> Oppussing av utleigebygg i Eidsdal (om lag 1,2 millionar kroner brutto i 2012), Kilstivegen (om lag 5,3 millionar kroner brutto totalt i 2010 og 2011), anleggsarbeid Hatlestadberget (om lag 1,6 millionar totalt i 2011 og 2012), idrettsbane Eidsdal (om lag 6,6 millionar kroner brutto. 3,5 millionar kroner etter fråtrekk av spelemidlar og EIL sin andel).<sup>22</sup> I tillegg har 1,6 millionar kroner frå Elverksfondet (frå sal av Norddal Elverk) vore nytta til kjøp av Norddal prestegard.

I same periode er det investert om lag 90 millionar kroner brutto til større prosjekt (over 1 mill. kroner) i Valldal sentrum knytt til Valldal skule, Rådhus/Valldal sjukeheim, gangveg Valldal sentrum, fjernvarmerør Valldal, vatn Valldal, Muriåsvegen, opparbeiding Murigrandane, Gamle Åsevegen, vatn og avløp Lingås, produksjonsanlegg varme-kulde og Muriparken. I følgje oversikt frå Norddal kommune har desse prosjekta fått eksterne tilskot på om lag 3,4 millionar kroner til fjernvarmerør, gangveg, trafikkareal på Valldal skule og produksjonsanlegg varme/kulde. Det er også grunn til å tru at prosjekt knytt til vatn (2,3 mill) er noko nær sjølvkost på sikt. I tillegg er det sett i gang arbeid med ny idrettshall/samfunnshus i Valldal med eit budsjett for 2015 på 69 millionar kroner. Ein reknar med å få om lag 18,5 millionar kroner i spelemiddel til idrettshallen/samfunnshuset (av totalt spelemiddelgrunnlag 55 millionar kroner).<sup>23</sup>

Vi kan ikkje sjå at det er gjort større investeringar i Tafjord eller Fjørå i perioden, men det er sett av 2,25 millionar kroner til drift av Tafjord skredsenter i perioden 2014 – 2018 frå Elverksfondet, drift.

### 5.2.1 BYGDEMØTET: STYRKJER OG SVAKHEITER KNYTT TIL SAMFUNNSUTVIKLING, NORDDAL KOMMUNE

I det følgjande vil vi sjå på kva innbyggjarane i Eidsdal og Norddal meiner er dei sterke og svake sidene ved å vere del av Norddal kommune og kva som er moglegheit og truslar ved å gå inn i Stranda kommune – knytt til samfunnsutvikling. Det er verdt å merke seg at spørsmålet til møtelyden var generelt og at innspela dermed er sorterte i etterkant. Ei fullstendig oversikt over innspela ligg ved i vedlegg 8.

#### 5.2.1.1 STYRKJER

Når deltakarane på bygdemøtet skulle vurdere styrkjer ved å vere knytt til Norddal kommune, la dei stor vekt på kvalitetar ved lokalsamfunnet som god dugnadsinnsats, fin natur, kulturliv, sterkt samhald på sørsida, frisør, bank og butikk og fritidsaktivitetar. Desse har med samfunnsutviklinga å gjere, dei kan kanskje seiast indirekte å vere resultat av kommunetilslutning, men ikkje direkte. Vi let desse derfor berre ligge som eit bakteppe. Av andre faktorar som vart peika på i kommunemøtet var:

- Kraftpengar
- Korte avstandar, til kommunesenter, relativt i forhold til Stranda
- Lokalkjennskap og nærheit

---

<sup>20</sup> Tala er henta ut frå rekneskapen til Norddal kommune og gjeld Norddal kommune og Norddal Eigedomsselskap. Tala er gjort tilgjengelege av Norddal kommune på førespurnad til økonomiansvarleg.

<sup>21</sup> Brutto vil seie inkludert tilskot og anna finansiering ikkje direkte frå Norddal kommune.

<sup>22</sup> Siste tal i følgje Eidsdal IL sin rekneskap for anlegget.

<sup>23</sup> Tal frå økonomiansvarleg i Norddal kommune på e-post 11. desember.

- Veit kva vi har
- Lokal identitet og historisk tilknytning
- Gode arbeidsplassar, Muritunet
- Verdsarvstatus

Av desse vert heller ikkje dei to siste momenta direkte påverka av kommunetilknytning.

### 5.2.1.2 SVAKHEITER

Også når det er snakk om svakheiter knytt til samfunnsutvikling er generelle trekk nemnt, som få arbeidsplassar, fråflytting, mangel på industri, einssidig næringsliv, at det er for få innbyggjarar og at ungdomar 18-30 år reiser. Dette er meir ei situasjonsanalyse og dannar eit bakteppe for utfordringane i framtida – utfordringar som ein bør løyse gjennom den vidare samfunnsutviklinga. Av svakheiter knytt meir direkte til sjølve kommunetilknytninga er nemnt:

- Forholdet mellom «nordsida» og «sørsida»: bygdestrid, skeivfordelte goder, konflikt, djup fjord, sentralisering, satsing i Valldal, rasering på sørsida, lite nytte av utbygging i kommunesenteret
- Svak økonomi, dårlegare og dårlegare, meir nedskjering, Robek, dårleg forvaltning
- Geografi – delt med ein fjord
- Lite gjort for å styrkje innflytting/arbeidsplassar
- Negativitet, folk er for negative

Knytt til svakheitene med tilknytning til Norddal kommune er det klart flest som trekkjer fram forholdet mellom «nordsida» og «sørsida» av fjorden. Sjå referat frå bygdemøtet (vedlegg 8) for fleire detaljar.

## 5.2.2 BYGDEMØTET: MOGLEGHEITER OG TRUSLAR KNYTT TIL SAMFUNNSUTVIKLING VED TILKNYTING TIL STRANDA KOMMUNE

### 5.2.2.1 MOGLEGHEITER

Bygdemøtet trekker spesielt fram desse moglegheitene for bygdene Norddal og Eidsdal ved ei ny tilknytning til Stranda kommune:

- Styrkje forholdet til Geiranger generelt, utnytte god kjennskap til kvarandre, viktig at dei tre bygdene på sørsida er i same kommune, felles interesser, idrett, musikk
- Næringsutvikling/busetnad,
  - Turisme i samarbeid med Geiranger, sterkare merkevare, meir samarbeid
  - Trykk på landbruket – nasjonal pondus
  - Felles hamneområde – cruise
  - Breiare næringsliv, fleire arbeidsplassar pendling, sterkare samarbeid næring
  - Ny kunnskap
  - Større attraktivitet
  - Verdsarvområdet i ei kommune
- Samferdsle, rassikra veg til Geiranger og heilårsveg austover, større sjanse for tunnell mot Stryn, auka trykk på samferdsel, betre ferjesamband
- Utkantane sterkare saman, tre små bygder kan fungere som ei eining
- Høgare kompetanse innafor kommunale tenester, deling av kompetanse
- Positivt med noko nytt, spennande, blanke ark, optimisme – tilflytting, nytenking, starte på nytt
- Politikk, bli tatt på alvor, kome ut av overstyring, slepp «kampen» mot Valldal

- Større kommune mot Stryn/Sykkylven?

Deltakarane på møtet la klart størst vekt på dei moglegheitene som ligg i nærare samarbeid med Geiranger i forhold til utvikling av turisme og næringsliv, men også i forhold til andre viktige område i samfunnsutviklinga. Det vert også lagt vekt på andre sider ved næringslivet i Stranda som breiare næringsliv og arbeidsmarknad, trykk på landbruket, diversifisering av næringslivet og felles hamneområde. Samferdsle var det også mange innspel på. Det er også grunn til å merke seg at ein del, og faktisk fleire enn dei som nemner lokal identitet og tilknytning som ei sterk side knytt til Norddal kommune, meiner at det kan vere bra å starte på nytt og at dette gir moglegheiter.

---

#### 5.2.2.2 TRUSLAR

Desse truslane vart trekte fram i bygdemøtet:

- Sentralisering/utkantstatus, ein av fleire utkantar, sentralisering Geiranger, enda meir utkant
- Geografi/kommunikasjon, avstand, 2 ferjer, avstand til sentrum, langt til kommunesenter
- Økonomi. Svak kommuneøkonomi, gjeld, Robek, eigedomsskatt
- Tenester: Lite truleg behalde skule og barnehage, dårlegare tenester, langt til kulturskule
- Lokaldemokrati? Mindre innflytelse, framleis salderingspost?
- Kommunesenteret blir flytta – mister arbeidsplassar
- Nye kampar: Kivast mot Geiranger
- Innspel: Norddal Stranda ei kommune

Klart flest gav innspel knytt til geografi og kommunikasjonar.

---

#### 5.2.3 ARBEIDSGRUPPA SINE VURDERINGAR

Med kraftinntektene (sjå del 5.4 om økonomi) har Norddal kommune hatt eit forholdsvis stort handlingsrom knytt til nærings- og samfunnsutvikling. Likevel meiner arbeidsgruppa at den generelle samfunnsutviklinga i Norddal kommune og samfunnsutviklarrolla kommunen har tatt er viktige argument for å endre tilknytning til Stranda kommune. Vi har tre argument for dette. Geografisk utgjer dei tre bygdene ei naturleg eining. Dette vert manifestert gjennom eit høgt nivå på samkvem spesielt knytt til kultur og fritidsaktivitetar, men også delvis næringsmessig.

For det andre hemmar oppdelinga av bygdene Geiranger og Eidsdal/Norddal i to kommunar ei felles næringsutvikling i dei tre bygdene på fleire måtar. Det er vanskelegare å utnytte det potensialet som ligg i turiststraumen til området. Felles hamneområde vil vere ein fordel i dette. Landbruket i Norddal/Eidsdal har også fordelar av tilknytninga til verdsarvområdet og det ligg potensial i kopling av landbruket i bygdene Norddal og Eidsdal og næringsmiddelindustrien på Stranda. Verdsarvstatusen har også, slik vi ser det, eit unyttet potensial for dei tre bygdene i fellesskap.

For det tredje har Norddal kommune hatt ein sentraliseringsprofil på arbeidet med samfunns- og næringsutvikling. Noko investeringsprofilen gir ein klar indikasjon på. Nedlegging og stadige truslar om nedlegging av viktige tenester som skule og barnehage er med på å forsterke den negative samfunnsutviklinga, og biletet av ein kommune som gjer lite for å sikre ei positiv utvikling i dei to bygdene der litt under ein tredel av befolkninga bur.

### 5.3 DEMOKRATI

Sett i forhold til dei to føregåande periodane vart det politiske landskapet i Norddal ved valet i 2015 snudd på hovudet. Senterpartiet fekk 51,4 prosent av stemmene og ni av 17 representantar i kommunestyret. Senterpartiet som i 2011 gjorde sitt dårlegaste val etter krigen.<sup>24</sup> Tverrpolitisk liste var ved valet nest største parti med fem representantar.

Tabell 8 viser valresultat for Norddal ved dei tre siste kommunevala. Tal i prosent. Tal representantar i parentes.

	2015	2011	2007
Senterpartiet	51,4 (9)	14,7 (3)	24,5 (5)
Tverrpolitisk liste for Norddal	31,4 (5)	16,8 (4)	13,7 (3)
Arbeidarpartiet	10,6(2)	27,4 (6)	20,3 (4)
Sosialistisk Venstreparti	6,6 (1)	3,1	-
Norrdalslista	-	31,9 (7)	31,2 (7)
Høgre	-	-	2,3
Framstegspartiet	-	6 (1)	7,9 (2)
Blanke røyster	10,6	0	0
<b>Frammøteprosent</b>	<b>61</b>	<b>67,9</b>	<b>68,9</b>

Dei siste åtte åra, har Norrdalslista vore kommunen sitt største parti, i 2011 med 31,9 prosent av stemmene og 7 av representantane i kommunestyret. Arbeidarpartiet fekk i 2011 27,4 prosent av stemmene og 6 representantar.<sup>25</sup> Partiet har sitte med ordførar i begge periodane støtta av Tverrpolitisk liste (16,8 prosent) og Senterpartiet (14,7 prosent). Norrdalslista stilte ikkje liste ved valet 2015 og dette er noko av forklaringa på den store oppslutninga om Senterpartiet ved dette valet. 10,6 prosent av veljarane stemte blankt ved kommunevalet 2015. I følgje statistikk har ingen stemt blankt ved val i Norddal heilt tilbake til 1955. Valdeltakinga på 61 prosent var den lågaste sidan 1959. (Kjelde: SSB) Berre to av 17 kommunestyrerepresentantar for neste periode er frå Eidsdal og Norddal.

Interkommunalt samarbeid har dei siste åra vorte ein svært utbreidd måte å løyse kommunale oppgåver, spesielt for dei mindre kommunane. Norddal var i 2013 totalt involvert i 38 interkommunale samarbeid, ni lokale, 22 regionale og fem på eit høgare nivå. Norddal kommune har i stor grad vendt seg utover mot Stordal, Ørskog, Skodje og delvis Ålesund (Vinsand og Langset 2013, 10) og i liten grad søkt samarbeid med Stranda. Stranda var på si side involvert i 26 interkommunale samarbeid i 2013, dei klart fleste på regionalt nivå. Med dette hadde kommunen nest minst interkommunale samarbeid i fylket, nest etter Sykkylven på 36. plass. Norddal kommune ligg omtrent midt på treet av kommunane i denne statistikken.

<sup>24</sup> Kjelde: <http://www.nrk.no/valg2011/valgresultat/kommune/kommune/1524>

<sup>25</sup> Totalt antal kommunestyrerepresentantar var ved dette valet 21.

### 5.3.1 BYGDEMØTET STYRKJER OG SVAKHEITER KNYTT TIL DEMOKRATI, NORDDAL KOMMUNE

I det følgjande vil vi sjå på kva innbyggjarane i Eidsdal og Norddal meiner er dei sterke og svake sidene ved å vere del av Norddal kommune og kva som er moglegheiter og truslar ved å gå inn i Stranda kommune – knytt til demokrati. Det er verdt å merke seg at spørsmålet til møtelyden var generelt og at innspela dermed er sorterte i etterkant. Ei fullstendig oversikt over innspela ligg ved i vedlegg 8.

#### 5.3.1.1 STYRKJER

Av styrkjer knytt til demokratispektet er det eitt punkt som kjem fram:

- Lokalkjennskap, oversiktleg, kjennskap til kvarandre, kjennskap til kommunestyrerepresentantar

I tillegg vert det nemnt lokal identitet og historisk tilknytning.

#### 5.3.1.2 SVAKHEITER

På den andre sida er det svært mange som trekker fram trekk ved politikken som svakheiter ved å vere knytt til Norddal kommune:

- Lite tillit til kommunen sin politikk
- Udemokratisk fleirtal, lite flinke til å lytte
- Utfordringar knytt til kunnskap hos dei styrande
- Lite trykk på strategisk samfunnsutvikling
- Blir ikkje høyrte

Inntrykket av maktesløyse vert forsterka av innspel som går på forholdet og konflikta mellom nordsida og sørsida av fjorden generelt og som tidlegare vart referert under samfunnsutvikling:

- Bygdestrid, skeivfordeling av goder, konflikt, satsing skjer mest i Valldal, lite prioritering av Norddal Eidsdal, utarming av sørsida osv.

### 5.3.2 BYGDEMØTET MOGLEGHEITER OG TRUSLAR VED DEMOKRATI, VED TILKNYTING TIL STRANDA KOMMUNE

#### 5.3.2.1 MOGLEGHEITER

Bygdemøtet såg desse moglegheitene med ei ny tilknytning til Stranda kommune.

- Moglegheit for å bli tatt på alvor, betra demokrati i politiske prosessar, mindre overkøyring, slepp kampen mot Valldal, fleirtalskonstellasjon misser makt
- Kommunal leiing, oppegåande, konstruktiv
- Stranda har erfaring med å ha funksjonar i heile kommunen
- Større alternativ mot Stryn/Sykkylven (samanslåing)
- Meir kompetanse politikk (og tenester)
- Utkantane (Norddal, Eidsdal, Geiranger) sterkare saman

### 5.3.2.2 TRUSLAR

På den andre sida ser bygdemøtet desse truslane:

- Framleis sentralisering/utkantstatus, ein av fleire utkantar, sentralisering Geiranger, framleis utkant
- Geografi/kommunikasjon, langt til kommunesenter – lenger enn før, lenger til sentrum
- Mindre påverknad, lenger unna dei som bestemmer, færre representantar i kommunestyret
- Dårligare lokalkunnskap
- Framleis salderingspost?
- «Nye kampar», mot Geiranger, Norddal/ Eidsdal vs. Geiranger

### 5.3.3 ARBEIDSGRUPPA SINE VURDERINGAR, DEMOKRATI

Generelt er hovudstyrken til små kommunar rekna for å vere nærleik til vedtak og lokalkunnskap. Ulemper ved det politiske systemet i små kommunar er på den andre sida utfordringar knytt til habilitet, kompetanse og at ein kan kome for nært politiske avgjerder (Kommunal og moderniseringsdepartementet 2014; Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2014). Desse generelle trekk kjem klart fram i innspela frå bygdemøtet.

Arbeidsgruppa oppfattar dei politiske tilhøva i kommunen som ein viktig faktor som «dyttar» befolkninga på sørsida av fjorden i retning av å vurdere andre alternativ enn Norddal kommune. Det er ei sterk kjensle av frustrasjon og sinne i dei to bygdene over dei politiske tilhøva. Dette kjem mellom anna fram av at mange innspel på bygdemøtet er knytt til svakheiter ved Norddal kommune knytt både til demokrati, tenester og samfunnsutvikling og konflikt mellom nordsida og sørsida av fjorden kjem klart fram.

Det er fleire forhold som kan illustrere at det har vore stor frustrasjon knytt til det politiske fleirtalet i kommunen over lang tid. For det første stilte Norddalslista for første gang med liste ved kommunevalet i 2003 (2 representantar). Norddalslista fekk i 2007 auka støtte av «proteststemmer», og fekk 31,2 prosent av stemmene, i 2011 31,9 prosent, og var begge gonger største parti i kommunen. Lista stilte med representantar frå begge sider av fjorden og fekk også røyster frå begge sider av fjorden, men ettersom det ikkje finst valresultat på grunnkrinsnivå, veit vi ikkje nøyaktig fordeling av stemmer mellom bygdene. Norddalslista vart i begge periodar sittande i opposisjon ettersom Senterpartiet, Tverrpolitisk liste og Arbeidarpartiet gjekk saman om ordførar frå Arbeiderpartiet og stemte saman i dei fleste større saker. Norddalslista vart oppløyst før kommunevalet 2015, sidan det ikkje lenger var motivasjon mellom representantane å arbeide «i motvind».

Eit anna moment som illustrerer frustrasjonen er det at 10,6 prosent<sup>26</sup> av dei som stemte ved kommunevalet 2015 stemte blankt (gjeld heile kommunen). Dette er den klart høgaste andelen blanke stemmer for nokon kommune i landet. Dette kjem på toppen av ei historisk låg valdeltaking på 61 prosent som er 7 prosent mindre enn i 2011 og det lågaste sidan 1959.<sup>27</sup> Senterpartiet fekk høg valoppslutning ved valet 2015 (51,4 prosent) og har teke dette til inntekt for oppslutning om å halde fram som sjølvstendig kommune. Senterpartiet var også einaste partiet som lova å behalde ungdomsskulen i Eidsdal. Ut frå vår kjennskap til det politiske landskapet i bygdene Norddal og Eidsdal meiner vi klart at Senterpartiet fekk svært mange stemmer frå sørsida av fjorden – heilt på tampen - med bakgrunn i nettopp skulesaka, og at det var dette som gjorde at partiet sikra fleirtal i kommunestyret. Oppslutninga frå bygdene Norddal og Eidsdal om å greie ut alternativ tilknytning til Stranda (125 av 136 svar på spørreskjema) sannsynleggjer at skulesaka, og ikkje spørsmålet om å halde fram som eiga kommune, er det som har gitt Senterpartiet støtte frå folk på sørsida. Det faktum at 68 prosent av

<sup>26</sup> Kjelde: <http://www.vg.no/valgnatt/valg/kommune/fylker/more-og-romsdal/kommuner/norddal/>

<sup>27</sup> Kjelde: <http://fylkesstatistikk.mrfylke.no/fs2015/valet-2015/lag-valdeltaking-ved-kommunestyrevalet>

respondentane i kommunen i innbyggjarundersøkinga støttar at Norddal kommune skal slåast saman med andre kommunar peiker også i den retning (Sentio Research Norge 2015).

Oppsummert meiner arbeidsgruppa at lokaldemokratiet i Norddal kommune over tid har mista legitimitet og opplutning blant folk på sørsida av fjorden. Tilliten er brote. Signala om dette er svært sterke og kjem fram mellom anna gjennom:

1. Oppretting av politisk liste «Norrdalslista» med støtte på tvers av det politiske landskapet og på tvers av bygdene og fjorden, men truleg sterkast frå bygdene Norddal og Eidsdal (oppretta 2003, med sterk auke av stemmer i 2007 og største parti i 2007 og 2011)
2. Aukande konflikt mellom bygdene på nordsida og sørsida av fjorden
3. Underskriftskampanje for å få fram folkemeininga om prioritering av økonomien til idrettshall
4. Sterk opplutning i Norddal og Eidsdal om initiativ om oppretting av privatskule (1. – 10 kl.) i Eidsdal
5. Svært mange blanke stemmer ved kommunevalet 2015
6. Sterk støtte til å utgreie moglegheiter for ny kommunetilknytning for Norddal og Eidsdal

Arbeidsgruppa meiner at konfliktane botnar i ein kombinasjon av faktorar: 1. Befolkninga i Norddal og Eidsdal oppfattar at dei vert overkøyrd i saker som vedkjem dei. 2. Skeivfordeling mellom Valldal sentrum og sørsida av fjorden knytt til investeringar og dermed ei sterk sentralisering 3. Skeivfordeling av kommunale innsparingar mellom Valldal (sentrum) og Eidsdal/Norrdal 4. For små forhold i politikken. Desse faktorane er kombinert med 5. at kommunesenteret er skilt frå bygdene på sørsida av fjorden med ein fjord og dermed ei ferje. Gode som gagnar Valldal sentrum kjem dermed ikkje nødvendigvis Eidsdal og Norddal til gode.

Det nye kommunestyret har ikkje fått lov til å setje seg, og har dermed ikkje fått høve til å byggje bruer over dei motsetningane som har oppstått. Denne utgreiinga av alternativ kommunetilslutning kjem dermed på eit lite høveleg tidspunkt slik sett. Arbeidsgruppa er likevel svært skuffa over at den nye politiske konstallasjonen ikkje nyttar høvet denne utgreiinga gir for det nye kommunestyret til å møte si eiga befolkning, men i staden nyttar høvet til igjen å ikkje ta omsyn til synspunkt som vert sterkt uttrykt frå store delar av eiga befolkning.

## 5.4 ØKONOMI

Stranda kommune er på ROBEK – lista og har såleis lite økonomisk handlingsrom. Lånegjelda er framleis svært høg (335,5 prosent av brutto driftsinntekter) sjølv om kommunen har gått overskot dei tre siste åra. Norddal kommune har tradisjonelt, på grunn av «kraftinntekter» av ulike slag hatt god økonomi. Årsmeldinga frå 2014 peikar likevel på at kommunen over fleire år har hatt eit negativt brutto driftsresultat (Norddal kommune 2014, 7) og eit driftsnivå som ligg høgare enn kva inntektene gir rom for (Norddal kommune 2014, 4). Kommunen saman med eigedomsselskapet har også relativt høg gjeld og mykje av inntektene vert nytta til renter og avdrag.

Tabell 9 samanliknar nøkkeltal for kommunane Stranda og Norddal for 2014. Kjelde SSB.

Utvalde nøkkeltal for kommunane Stranda og Norddal	Norrdal	Stranda
	2014	2014
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-3	6,7
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-2,1	2



Netto lånegjeld, 2014*	120,6 %	178,5 %
Driftsinntekter per innbyggjar kommune, 2014*	117.000 kr	81.000 kr (ca)
Eigedomsskatt*	Nei	Ja
Frie inntekter i kroner per innbyggjar	67 534	52 969
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	213,7	335,5
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar	65 904	142 062
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb	10 825	5 850
Årsgebyr for forsyning av vatn (gjelder rapporteringsåret+1)	4 650	3 207
Årsgebyr for avløpstjenesta (gjelder rapporteringsåret+1)	897	4 146
Årsgebyr for avfallstenesta (gjelder rapporteringsåret+1)	3 188	2 450

\*Kjelde: <http://www.nykommune.no/#!kommuner/269-270>

Tabell 9 viser at gjelda likevel er lågare per innbyggjar enn i Stranda kommune. Sjølv om Norddal kommune har slitt med aukande gjeld og dårlege driftsresultat over nokre år, ser vi at kommunen kjem betre ut enn Stranda både når det gjeld netto lånegjeld, driftsinntekter og frie inntekter i kroner per innbyggjar.

Norrdal kommune har enno ikkje innført eigedomsskatt, noko som er sparte kostnader for innbyggjarar og bedrifter i området. Å innføre eigedomsskatt utgjer også eit potensial for auka driftsinntekter til kommunen på sikt. Førbeles er det ikkje stemning i kommunestyret for å innføre eigedomsskatt for neste år,<sup>28</sup> men arbeidet med budsjettet for 2016 er ikkje ferdig.

Når det gjeld avgifter til vatn og avløp låg Stranda i 2014 totalt sett noko over Norddal kommune, men både Norddal og Eidsdal har private vassverk og vert dermed ikkje påverka av dette. Årsgebyr for avfall låg i 2014 noko høgare for Norddal enn for Stranda.

Tabell 10 "Kraftinntekter, Norddal kommune" i 1000 kroner. Kjelde: Årsmelding for Norddal kommune (s.6).

Kraftinntekter Norddal kommune i 1000 kroner	2011	2012	2013	2014
Konsesjonsavgifter	2924	2780	2761	3055
Naturressursskatt	10101	10131	10407	10199
Eigedomsskatt på kraftproduksjon og nett	17984	19571	21630	21573
Konsesjonskraft	14354	9230	7294	7975
Aksjeutbytte Tafjord	4894	3256	3741	3806
<b>Totalt</b>	<b>50257</b>	<b>44968</b>	<b>45833</b>	<b>46608</b>

<sup>28</sup> Kjelde: Storfjordnytt 26. november, 2015.

Norrdal kommune hadde i 2014 brutto driftsutgifter på 194 millionar kroner. Kommunen hadde i 2014 143 millionar kroner i frie inntekter. Av desse var 46,6 millionar kroner såkalla «kraftinntekter» knytt til ulike skattar, avgifter og konsesjonskraft (Tabell 10). Kraftinntektene tilsvarar ein årleg inntekt per person på litt i underkant av 28.000 kroner. I tillegg har Norrdal kommune kraftaksjar i Tafjord kraft og inntekter frå desse. Lånegjelda for Norrdal kommune og Norrdal eigedomsselskap KF har frå 2010 til 2015 auka frå 201,8 millionar kroner til 257,6 millionar kroner. Finanskostnadene har endra seg frå eit overskot på 58.000 kroner i 2011 til eit underskot på 3,6 millionar kroner i 2014 (Norrdal kommune 2014, 6). Gjelda vil auke ytterlegare i år og neste år som eit resultat av større investeringar (budsjett på om lag 69 millionar kroner, søknad om spelemidlar for om lag 18 millionar kroner) i idrettshall/samfunnshus i Valldal sentrum.

Stranda kommune hadde i 2014 brutto driftsutgifter på litt i overkant av 335 mill. kroner (Stranda kommune 2014, 26). Kommunen har ikkje kraftinntekter.

Av faktorar som vil påverke den økonomiske situasjonen ved ei endring av kommunetilknytning kan vi nemne at staten gir støtte til samanslåing av kommunar, for å dekkje utgifter og for å gi insentiv for samanslåing. Det er uklart kva status ei ny tilknytning av Eidsdal og Norrdal til Stranda kommune vil få juridisk. I inndelingslova ( Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser 2002, endret 2014) vert det skilt mellom grensejustering og deling. Dei to har noko ulik juridisk status. Fordeling av eigedom, inkludert kraftinntekter og kraftaksjar, vil vere tema ved ei eventuell endring av kommunetilknytning. Ei endring av kommunetilknytning vil også påverke status i distriktsindeksen basert på forhold knytt til geografi, demografi, arbeidsmarknad og levekår. Norrdal kommune får med bakgrunn i indeksen noko høgare overføringar frå staten per innbyggjar, men det er uklart om ein også i framtida like sterkt vil tilgodesjå små kommunar - særleg med bakgrunn i presset frå sentralt hald om større kommunar.

---

#### 5.4.1 BYGDEMØTET STYRKJER OG SVAKHEITER KNYTT TIL ØKONOMI – FRAMLEIS TILKNYTING NORDDAL KOMMUNE

I det følgjande vil vi sjå på kva innbyggjarane i Eidsdal og Norrdal meiner er dei sterke og svake sidene ved å vere del av Norrdal kommune og kva som er moglegheiter og truslar ved å gå inn i Stranda kommune – knytt til demokrati. Det er verdt å merke seg at spørsmålet til møtelyden var generelt og at innspela dermed er sorterte i etterkant. Ei fullstendig oversikt over innspela ligg ved i vedlegg 8.

På bygdemøtet vart møtelyden beden om å spele inn styrkjer knytt til ei framleis tilknytning til Norrdal kommune – generelt. Mellom innspela har vi trekt ut dei som spesifikt er knytt til økonomi i punkta under. Møtelyden var ikkje spesielt beden om å tenkje økonomi i arbeidet.

---

##### 5.4.1.1 STYRKJER

Bygdemøtet såg desse faktorane som styrkjer ved å halde fram som del av Norrdal kommune:

- Kraftpengar, kraftkommune
- Betre kommuneøkonomi
- Ingen eigedomsskatt

---

##### 5.4.1.2 SVAKHEITER

Bygdemøtet såg desse svakheitene ved å halde fram som del av Norrdal kommune:

- Svak økonomi, lite handlingsrom, nedlegging, dårlegare økonomi, nedskjering
- Lite att for store økonomiske satsingar

- Sørsida salderingspost, utarming, nedbygging

---

## 5.4.2 BYGDEMØTET MOGLEGHEITER OG TRUSLAR KNYTT TIL ØKONOMI - TILKNYTING STRANDA KOMMUNE

På bygdemøtet vart møtelyden beden om å spele inn moglegheiter og truslar knytt til ei ny tilknytning til Stranda kommune – generelt. Mellom innspela har vi trekt ut dei som spesifikt er knytt til økonomi i punkta under. Møtelyden var ikkje spesielt beden om å tenkje økonomi i arbeidet.

---

### 5.4.2.1 MOGLEGHEITER

Bygdemøtet trakk fram desse økonomiske moglegheitene ved ei ny tilknytning til Stranda kommune:

- Betre økonomi
- Ei kommune med erfaring med utkantar/opprethalde funksjonar i heile kommunen

---

### 5.4.2.2 TRUSLAR

Bygdemøtet trakk fram desse truslane knytt til økonomi ved ei ny tilknytning til Stranda kommune:

- Framleis sentralisering
- Eigedomsskatt
- Kommunegjeld, dårleg kommuneøkonomi
- Mistar konsesjonsinntekter
- Robek
- Dyre kommunale avgifter

---

## 5.4.3 ARBEIDSGRUPPA SINE VURDERINGAR

Norrdal kommune har betre råd per innbyggjar enn Stranda kommune. Nivået på dei frie inntektene, spesielt knytt til kraftinntektene, er høgt og gjer at det er større handlingsrom i kommunen. Vi ser også at Norrdal kommune gjennomgåande nyttar meir pengar på sine tenester enn Stranda kommune (del 6.1). Vi ser også at dei er svært aktive i samfunnsutviklarrolla gjennom næringskonsulentar, næringstilskot og investeringar. Stranda kommune er på andre sida ei Robek – kommune.

Økonomien i Norrdal kommune har likevel over lengre tid vore vanskeleg og den vil verte enno vanskelegare. Både auka investeringar og reduksjon i folketalet fører til at driftsnivået må ned. Norrdal kommune er i gang med denne prosessen, men førebels har ein ikkje greidd å ta driftskostnadane så mykje ned at kommunen vert drive i balanse. Siste åra har kommunen derfor nytta fond for å komme i balanse ved årsslutt. Ettersom fonda minskar vert presset på drifta hardare. Stranda kommune, ser på si side ut til no å ha kontroll med økonomien og har hatt overskot i kommunale budsjett siste åra. Det siste betyr ikkje at dei i overskodedeleg framtid vil ha spesielt stort handlingsrom.

## 6. ARBEIDSGRUPPA SINE VURDERINGAR SETT I FORHOLD TIL MÅLSETTINGAR MED KOMMUNEREFORMA

Kommunereforma har fire hovudmål (Innst. 300 S (2013-2014)). Desse er: 1. Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane. 2. Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling. 3. Berekraftige og økonomiske robuste kommunar. 4. Styrka lokaldemokrati. Eit skifte av kommunetilknytning for om lag 500 innbyggjarar frå Norddal til Stranda kommune, kan knapt seiast å bidra vesentleg til ei slik overordna målsetjing. Til sjuande og sist er det likevel innbyggjarane som utgjer befolkninga, sjølv i ein liten målestokk. Vi ser det derfor som naturleg i denne samanheng å gjere ei vurdering av korleis ei endring av kommunetilknytning vil påverke desse fire hovudmåla for innbyggjarane i Norddal og Eidsdal.

### 6.1 GODE OG LIKEVERDIGE TENESTER TIL INNBYGGJARANE

Omgrepet «gode» er noko tvitydig. Vi vel derfor å nytte omgrepa ekspertgruppa nyttar i si analyse knytt til kommunereforma: kvalitet i tenestene, effektiv utnytting av samfunnet sine ressursar og likeverdige tenester uavhengig av kvar i landet ein bur (Kommunal og moderniseringsdepartementet 2014, 37).

I KOSTRA vert *kvalitetsomgrepet* delt inn i ulike typar kvalitet. *Strukturkvalitet* omfattar forhold knytt til standard på innsatsfaktorar, som rammetilhøve, kompetanse og utdanning. *Prosesskvalitet* er knytt til produksjonsprosessane. Det dreier seg til dømes om organisering av arbeidet, rutinar og ansvarsforhold. *Produktkvalitet* er knytt til forhold som er viktige for brukaren og har til dømes med innhald og service i tenesta. *Resultatkvalitet* er den verknaden leveransen av tenesta har for brukaren, ofte definert som behovsdekning frå tenesta (Kommunal og moderniseringsdepartementet 2014, 37).

Vi kan med utgangspunkt i dette generelt seie at strukturkvalitet i tenestene ser ut til å vere like og kanskje vel så gode i Norddal som i Stranda. Statistikk viser at dei økonomiske rammeforholda generelt er gode. Det same synest å vere tilfelle for kompetanse og utdanning innafor skule, barnehage og omsorg. Eit unntak frå dette er knytt til legetilbod.

Når det gjeld prosesskvalitet har vi ikkje grunnlag for å gå inn i vurderingar knytt til kvar enkelt teneste. Vi konstaterer likevel at Norddal kommune på mange område må ty til interkommunale samarbeid for å sikre god nok kvalitet.

Produktkvaliteten har også historisk sett vore god. Skulane, og då spesielt Eidsdal skule har prestert godt også på nasjonale prøver, og skulen vert oppfatta som god. Det same vert kulturskule, brann- og anna sikkerheit og omsorgstenestene. Når det gjeld produkt- og resultatkvalitet kjem den store utfordringa for Norddal kommune og dermed for Eidsdal og Norddal fram i tid. Økonomien i Norddal kommune er i ferd med å verte klart dårlegare, etter kvart som trykket frå store investeringar vert sterkare og presset på økonomien aukar. Dette vil gå utover basistenestene i kommunen og det er stadige truslar om nedskjeringar i det stadbundne tenestetilbodet innafor skule og omsorg i Norddal og Eidsdal. Det siste er og kjem til å bli svært slitande på innbyggjarane.

I forhold til dagens situasjon, ser vi det derfor ikkje slik at tenestene nødvendigvis får ein betre kvalitet ved ein ny tilknytning til Stranda kommune. Stranda kommune er på andre sida ein kommune med større musklar, tradisjon for å halde på tenester i bygdene, og også ei kommune som kan sjå både kvalitetsgevinstar i samordning mellom Geiranger, Eidsdal og Norddal.

Når det gjeld *effektiv utnytting av ressursar* trur vi det er potensiell, men ikkje spesielt stor gevinst av ei endring av kommunetilknytning. Effektiviseringsgevinsten ligg i samordninga mellom Geiranger, Eidsdal og Norddal, men

også mellom Eidsdal/Norrdal og Geiranger er det geografiske utfordringar med reiseveg, rasfare og vanskeleg tilgjengelegheit vinterstid.

Vi meiner effektivitet også er eit spørsmål om kven sine ressursar som skal utnyttast effektivt. Indre Storfjord har ein utfordrande geografi og forholdet mellom Eidsdal/Norrdal og kommunesenteret Valldal er eit eksempel på dette. Samanslåing av kommunal verksemd, er kanskje til dels effektivt for kommunal økonomi, men skyver ein uforholdsmessig stor del av kostnadar nedover til familiar og enkeltpersonar med behov for tenestene. Dette gjeld til dømes barnehagar, skular og legetilbod. Til slutt vil ei slik sentralisering, slik Norrdal kommune legg opp til, i praksis gjere det vanskeleg å slå seg ned i Norrdal og Eidsdal og då spesielt i meir perifere delar av bygdene. Over tid vil ei slik sentralisering også føre til eit svært *skeivfordelt tenestetilbod* i kommunen ettersom investeringar i stor grad kjem sentrum av Valldal til gode, og kostnadane i uforholdsmessig stor grad må berast av dei som har minst nytte av investeringane.

Oppsummert vil vi dermed seie at det er truleg vert liten kvalitetsgevinst, slik situasjonen er no, innafør tenestene ved ein overgang til Stranda kommune. Eit unntak frå dette er innafør legetenester. Vi ser det også slik at kvalitetsgevinsten vil verte større over tid. Effektiviseringsgevinsten totalt sett for bruk av kommunale midlar er truleg heller ikkje spesielt stor. Vi ser det likevel slik at moglegheitene for samordning mellom Geiranger, Eidsdal og Norrdal kan gi meir effektive tenester og av betre kvalitet over tid. Vi ser det også slik at sjansane for skeivfordeling av midlar mellom ulike delar av kommunen vert noko mindre når Geiranger, Norrdal og Eidsdal vert ei eining. Det finnest likevel ikkje nokon garanti mot endra politiske konstallasjonar og endra prioriteringar i Stranda kommune i framtida.

## 6.2 HEILSKAPLEG OG SAMORDNA SAMFUNNSUTVIKLING

Ein overgang frå Norrdal til Stranda kommune vil styrkje ei heilskapleg samfunnsutvikling mellom Geiranger, Norrdal og Eidsdal. Dette vil gjelde både tenester og samfunns- og næringsutvikling. Det siste spesielt knytt til reiselivsnæringa, men det er også potensial knytt til landbruk i seg sjølv og koplingane mellom landbruk og næringsmiddelindustri og mellom landbruk og reiseliv.

I eit globalt perspektiv er auke i sjølvforsyning viktig. Dette er òg ei nasjonal målsetjing. Både Norrdal og Stranda har framleis ei relativt sterk landbruksnæring som kan utnyttast. Klimaendringane og påfølgande utfordringar bygg endå meir opp under dette. Særskilt for desse to kommunane er også ansvaret for ivaretaking av verdsarvområdet. Ei styrka landbruksnæring i kombinasjon med reiseliv kan bidra til å ta vare på kulturlandskapet, oppretthalde og helst auke matproduksjonen, medverke til auka næringsutvikling med fokus på kortreist og lokal mat og ei reiselivsnæring med fleire bein å stå på.

Geirangerområdet og verdsarvområdet er slik sett også av nasjonal og internasjonal verdi. Det kviler eit stort ansvar både på kommunar, fylke og statspart for å ta vare på området. Men statusen gjev òg store moglegheiter for verdiskaping og vi ser potensialet som langt større enn det ein til no har tatt ut.

Eit anna forhold knytt til samfunnsutvikling, er trusselen frå fjellpartia Åkneset og Hegguraksla. Norrdal og Eidsdal er trua av flodbølgje dersom fjellpartia rasar ut. Frå Åkneset, der steinmassane i verste fall er berekna til 54 Mm<sup>3</sup> vil bølga vere 7 meter i Eidsdal og 15 meter i Norrdal. Størst vert bølga i bygdene Geiranger (65 m) og på Hellesylt (85m).<sup>29</sup> Ut frå ei prognosar ein har i dag, vil bygdene Eidsdal og Norrdal bli totalisolerte over ein

---

<sup>29</sup> Harbitz, NGI, med bidrag frå S. Glimsdal, V. Kvelsvik, F. Løvholt NGI og G. Pedersen og A. Jensen, UiO. Foredrag på Åkneskonferansen, Geiranger 26. august, 2015. <https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMMR/Samfunnstryggleik%20og%20beredskap/00.9.%20M%C3%B8te%20og%20konferansar/2015.08.26->

lengre periode, uansett når på året raset kjem. Geiranger vil vere totalisolert om raset kjem i vinterhalvåret. Sommaren vil dei ha vegutløysing austover. Både når det gjeld beredskap og vurderingar kring evakuering og oppattbygging, er det naturleg å sjå på bygdene Norddal, Eidsdal og Geiranger som ein heilskap. Det gjeld òg når ein vurderer avbøtande tiltak som kan redusere omfanget av skadane. Kommunane Norddal og Stranda har generelt sett mange av dei same utfordringane når det gjeld beredskap knytt til ei slik flodbølge.

Eit viktig element for å utløyse eit auka potensial er betra kommunikasjonar mellom bygdene og mellom bygdene og kommunesenteret. Betre samferdsleløysingar ut frå området vil også kunne styrkje og betre samfunnsutviklinga.

### 6.3 BEREKRAFTIGE OG ØKONOMISK ROBUSTE KOMMUNAR

Ei ny tilknytning til Stranda kommune vil potensielt kunne løyse ut effektiviseringsgevinstar innafor tenesteproduksjonen, sidan Eidsdal og Norddal utgjør ei naturleg eining med Geiranger. Dersom ein får til ei positiv samfunns- og næringsutvikling i området vil dette i tillegg kunne påverke kommuneøkonomien. Ei slik tilknytning vil moglegvis også løyse ut noko auka overføringar frå staten til Stranda kommune. På den andre sida er folketalet i bygdene Eidsdal og Norddal lågt og næringslivet svakt. Vi trur derfor ikkje ein overgang til Stranda kommune i vesentleg grad vil styrkje økonomien i Stranda, men vi har lite grunnlag for å seie noko om dette. Økonomiske forhold vil også vere eit forhandlingsspørsmål mellom Norddal og Stranda kommune ved ein eventuell ny tilknytning til Stranda.

### 6.4 STYRKA LOKALDEMOKRATI

Knytt til demokratispektet, vil potensielle styrkjer ved små kommunar vere nærleik og kjennskap både i forhold til tenester og personar. I Norddal kommune oppfattar vi det slik at dette har blitt for nært. Det oppstår mellom anna utfordringar knytt til habilitet. Arbeidsgruppa ser det derfor slik at det vil vere ein gevinst for Eidsdal og Norddal å høyre til i Stranda kommune der avstanden mellom sak og person vert noko større. Vi vurderer det også slik at det vil vere mogleg å nå gjennom i Stranda kommune dersom ein byggjer alliansar mellom Geiranger, Eidsdal og Norddal - vel vitande om at avgjerder vil vere tekne lenger unna og at bygdene potensielt vil ha færre kommunestyrerepresentantar i Stranda kommune.

## 7. ARBEIDSGRUPPA SI OVERORDNA VURDERING OG TILRÅDING

Ein kan diskutere tenester, samfunnsutvikling, økonomi og lokaldemokrati kvar for seg lenge, men det er arbeidsgruppa si klare meining at desse faktorane heng nøye saman. Tenestene påverkar moglegheita til å bu, næringsutvikling påverkar tenestene osv. Vi vil derfor til slutt gjere ei heilskapleg vurdering av alternativ kommunetilknytning til Stranda ut frå momenta som har kome fram tidlegare.

### 7.1 VURDERING AV HEILSKAPEN

Slik arbeidsgruppa ser det er det samspelet mellom tenester, økonomi, samfunnsutvikling og demokratisk underskot som i stor grad har «dytta» bygdene Norddal og Eidsdal til å tenkje alternativ kommunetilknytning. Kjensla er sterk av over lang tid å verte overkøyrte og nedprioritert. Dette kombinert med sentralisering gjennom ein sterk oppbygging av Valldal sentrum over tid, som igjen fører til behov for kommunale innsparingar, har gått hardt utover tilliten til det politiske systemet og hardt utover livskvaliteten. Kombinasjonen er spesielt utfordrande ettersom mange av innbyggjarane i Eidsdal og Norddal i liten grad har glede av oppbygging i sentrum på grunn av geografi og livssituasjon.

Spørsmålet om kommunetilknytning er likevel ikkje enkelt. Føresetnader for at ein **overgang til Stranda kommune** skal utnytte moglegheitene og svare på truslane for bygdene Norddal og Eidsdal meiner vi er:

#### Utnytte moglegheiter

- Større trykk på samferdsel generelt og betra kommunikasjonar mellom Stranda og Norddal/Eidsdal/Geiranger spesielt
- At ein, i større grad enn i forhold til Norddal kommune, kjem i dialog med kommunen om utviklinga av bygdene – og da om utvikling av Geiranger, Norddal og Eidsdal i fellesskap.
- Samkvem, planar og handling knytt til felles utvikling mellom bygdene, Norddal, Eidsdal og Geiranger
- At ein utnyttar like og supplerande næringsstrukturar og miljø slik som landbruk, forholdet mellom landbruk og næringsmiddelindustri, felles hamneområde og utvikling av turisme
- Betra tilgang til legekompentanse på Stranda, legedag(ar) i Eidsdal/Geiranger
- Betre utnytting av verdsarvstatusen for å utvikle bygdene
- Vurdere korleis ein kan oppretthalde og vidareutvikle kulturskuletilbodet nært brukarane

#### Møte truslar

- Større trykk på samferdsel generelt og betra kommunikasjonar mellom Stranda og Norddal/Eidsdal/Geiranger spesielt
- At basisfunksjonar knytt til helse, omsorg og skule vert oppretthalde på eit rimeleg nivå:
  - Framleis 10 – årig skule i Eidsdal, med samordning med Geiranger på sikt dersom elevtalet vert for lågt
  - Barnehagetilbod i Norddal
  - Omsorgstenester som gjer at innbyggjarane kan vere i bygdene lengst mogleg og sjukeheimstenester som fungerer så nært som mogleg

Dersom det skal vere ein fordel framleis å **vere del av Norddal kommune** er det avgjerande at ein framleis byggjer vidare på styrkjer og utbetrar svakheiter:

#### Byggje på styrker

- Oppretthalde og skape føreseielegheit for desentraliserte tenester på eit høgt nivå for skule (1. – 10. klasse), barnehage, omsorg, kulturskule, men også andre gode tenester

### Utbetne svakheiter:

- Styrkje dialogen mellom folkevalde i Norddal kommune og innbyggjarar, lag og organisasjonar i bygdene Norddal og Eidsdal
- Sikre stabilitet i helsetenester – spesielt knytt til stabilitet i legar og ein legedag i Eidsdal
- Stoppe sentralisering av ressursbruk til Valldal sentrum og tilsvarande kutt i ressursbruk til bygdene Norddal og Eidsdal

## 7.2 TILRÅDING

Alt dette dreier seg om fordeling av gode og byrdar i samfunnet, altså om politikk og politiske vindar snur fort. Arbeidsgruppa kan dermed ikkje vite kva som skjer i framtida. Arbeidsgruppa tilrår likevel at ein arbeider vidare for **eit skifte av kommunetilknytning** til Stranda kommune av desse grunnane:

- Geiranger, Eidsdal og Norddal er ei naturleg eining geografisk og det er tett samkvem mellom bygdene, noko det er mogleg å byggje vidare på.
- Bygdene Norddal og Eidsdal og Stranda kommune (med spesiell vekt på Geiranger) har delvis like, delvis supplerande næringsstruktur som kan utnyttast. Desse er spesielt knytt til landbruk og næringsmiddelindustri og turistnæringa. Felles kommunetilknytning vil kunne gjere det enklare å utnytte potensialet som ligg i området.
- Saman kan bygdene Geiranger, Eidsdal og Norddal vere sterkare i viktige politiske saker for bygdene.
- Norddal og Eidsdal vert del av ei større kommune med meir føreseielege rammevilkår på sikt og dermed også moglegvis meir føreseieleg nivå knytt til kommunen sine tilbod.
- Innafor dei aller viktigaste tenesteområda som helse, og då spesielt legehjelp, innafor skule og barnehage og innafor eldreomsorg, vil det verte lettare å finne gode løysingar tilpassa framtida i Stranda kommune enn i Norddal kommune. Eitt element i dette er også mogleg samordning av tenestene med Geiranger ved behov.
- Ei ny kommunetilknytning gjer det mogleg å kome ut av fastgrodde mønster og få ein ny start. Vi ser ikkje at Norddal kommune i næraste framtid vil endre eller demokratisere dei politiske prosessane. Norddal kommune si haldning til spørsmålet om kommunetilknytning for bygdene Norddal og Eidsdal stadfestar dette – sjølv med eit nytt kommunestyre.
- Vi ser ikkje at Norddal kommune i framtida vil endre sentraliseringspolitikken i kommunen. Sjølv om Senterpartiet for denne perioden har rekt ut ei hand ved valløftet om å sikre ungdomsskule i Eidsdal, trur vi den stramme økonomien på sikt vil gi vind i segla til sentraliseringskreftene. Seinast kjem denne diskusjonen fram i budsjettdebatten for 2016.<sup>30</sup>

Vi er då likevel klar over:

- Avstanden til politiske avgjerder vert større.
- Avstanden til kommunesenteret vert større.
- Avstanden til nokre tenester som lege og sjukeheimplassar vert truleg større.
- Ei ny kommunetilknytning er ressurskrevjande og krev omstilling på mange tenesteområde.
- Potensial knytt til splid og usemje mellom bygdene Eidsdal, Norddal og Geiranger vil vere større ved mogleg «deling» av tenestene eller nedskjeringar.
- Potensial for å gjere forholdet mellom bygdene på nordsida og sørsida avfjorden endå meir betent dersom sørsida går til anna kommune. Nordsida vert att åleine, og vil ha større vanskar med å bestå som eiga kommune.

---

<sup>30</sup> Referert i Storfjordnytt 26. november, 2015.



For å få til eit samkvem mellom bygdene er ein grunnleggjande **føresetnad at «alle» bygdene tener på samarbeid**. Dersom berre ei av bygdene «vinner», vil samarbeidet fort smuldre opp. **Vi tilrår derfor at innbyggjarane vel eit partipolitisk uavhengig, felles «bygdeutval»** som skal representere dei tre bygdene både på kort og lang sikt og vege opp for ulemper knytt til ein vanskeleg geografi. Utvalet skal og bør ta føre seg og bere fram saker som angår felles utvikling av bygdene.

Vidare er **kommunikasjonar** viktig. Ved ny tilknytning til Stranda bør ein sjå nærare på moglegheitene for å knyte saman bygdene i indre Storfjord i ein større arbeidsmarknad. Hurtigbåt på fjorden er eitt alternativ, men det vil også vere viktig å sjå nærare på tilknytning austover og til dømes ferjeavgangar.

### 7.3 KOMMENTARAR TIL ANDRE ALTERNATIV KNYTT TIL KOMMUNEINNDELING

Alternativet som er utgreidd her, ei tilknytning av bygdene Norddal og Eidsdal til Stranda kommune, kjem til i ein breiare kontekst. I høve kommunereforma har Norddal kommune vore involvert i fleire utgreiingar. Desse er:

- Landkommunealternativet
- Regionkommune Sunnmøre
- Alternativ indre Storfjord

Ingen av alternativa har fått stor oppslutning frå kommunane. Per 6. desember 2015 ser det ut til at dei fleste av kommunane som omkransar bygdene helst vil halde fram som eigne kommunar. Eit anna trekk er at alle kommunar fryktar å bli ein utkant i nye større kommunar. Vurderingane av ulike alternativ vert deretter. Kommunestyret i Norddal gjorde til dømes 25. november vedtak om å gå vidare med tre alternativ:

- a. Norddal kommune held fram som eiga kommune
- b. Ny landkommune
- c. Samhandling med dei næraste nabokommunane

Landkommunealternativet gjev, ut frå utgreiing av Telemarksforsking, svært liten gevinst (Rapport frå arbeidsgruppa, 2015). Alternativet synest også å vere svært lite aktuelt for fleire av kommunane som var med i initiativet frå starten. Dermed står Norddal kommune truleg berre att med eitt alternativ å jobbe vidare med, og det er å halde fram som eigen kommune, og for å få til dette er dei avhengige av å løyse fleire utfordringar i samarbeid med nabokommunane.

Stordal kommune som er næraste nabo, ser ut til å i hovudsak å vende seg utover mot Ørskog og eventuelt vidare utover, men så vidt vi veit har kommunen enno ikkje gjort eit formelt retningsval. Stranda kommune har truleg ikkje ønskje om å slå seg saman med Sykkylven, men har truleg ikkje noko imot ei samanslåing innover til Norddal. Kommunen vil gjere eit retningsval rundt midten av desember.

**Med bakgrunn i denne utgreiinga ser vi ei samanslåing av heile Norddal kommune med Stranda kommune som ein fordel for bygdene Eidsdal og Norddal** – også i forhold til at berre Eidsdal og Norddal går inn i Stranda kommune. Ei slik samanslåing vil kunne skape større fleksibilitet i tenester og avhjelpe nokre av utfordringane knytt til avstand til desse, spesielt innafor helsetenester og sjukeheimstenester. Det vil også kunne gjere det enklare å ta ut effektivitetsgevinstar. Samstundes vil ei slik samanslåing gjere det mogleg å samordne samfunnsutviklinga innafor ein større region. Vi trur også at ei slik samanslåing vil styrkje den demografiske og demokratiske balansen i Stranda kommune. Samordning mellom bygdene Geiranger, Eidsdal og Norddal vil også i ei slik eining vere eit naturleg val.

**Vi meiner også at ei slik samanslåing vil vere ein fordel for heile Norddal kommune.** Det er fleire i kommunen som tenkjer at samanslåing av Norddal kommune med andre kommunar vil vere ein fordel. Innbyggjarundersøkinga 2015 (Sentio Research Norge AS November 2015, 36) viser at et fleirtal av

innbyggjarane i kommunen (62 prosent) støttar ei samanslåing av Norddal med ein eller fleire nabokommunar. 6 prosent støtter at heile Sunnmøre bør bli ei kommune, medan 37 prosent meiner at kommunen bør vere organisert slik som i dag. Vidare viser undersøkinga at eit fleirtal av innbyggjarane i Norddal meiner ei samanslåing vil gi gevinst innafor ulike tenester. Flest trur dette innafor helsetenester (65 prosent) og byggesaksbehandling (61 prosent). Innbyggjarane er likevel meir reserverte når det gjeld innbyggjarmedverknad. Under halvparten (47 prosent) meiner dette vert betre med ei samanslåing med andre kommunar. Stordal er den kommunen flest innbyggjarar i Norddal vil slå seg saman med (62 prosent), deretter kjem Stranda med 58 prosent.

Vi ser det dermed ikkje slik at Senterpartiet og ordførar Arne Sandnes har eit breitt fleirtal bak seg i sin strategi for å halde på Norddal kommune som sjølvstendig kommune. Truleg vil kommunen i framtida ha store utfordringar å bestå som eigen kommune. Eit aktivt standpunkt i forhold til å slå seg saman vil gi eit heilt anna utgangspunkt for gode løysingar enn dersom ein vert tvinga til å gå inn i ei ny eining.

Sett i eit samfunnsutviklingsperspektiv ser vi òg eit godt moglegheitsrom ved ei samanslåing med Stranda. Som kommunar har Norddal og Stranda både fellestrekk og kompletterande næringsliv. Stranda har sterk næringsmiddelindustri, medan industriarbeidsplassar er så og seie fråverande i Norddal. Derimot har kommunen Muritunet og satsar sterkt innafor natur, kultur og helse. Landbruksnæringa ligg for begge kommunar som eit godt grunnlag. I siste leddet har særleg Stranda eit sterkt reiseliv. Både Geiranger og Strandafjellet er nasjonale fyrtårn på sine felt. I tillegg har delar av desse kommunane areal inn i Sunnmørsalpane, Tafjordfjella og Reinheimen nasjonalpark. På toppen av dette ligg den internasjonale verdsarvstatusen.

Alle desse faktorane medverkar til at **vi meiner ei samanslåing av heile Norddal kommune og Stranda kommune er det beste alternativet** og ut frå vårt syn hadde det også vore ein fordel om Stordal var med i ein slik konstellasjon, men inntrykket er at dei vender ser utover.

## 8. VEDLEGG

1. Invitasjon og spørjeskjema spørjeundersøking
2. Invitasjon til kommunane
3. Svar frå ordføraren i Norddal
4. E-post til fylkesmannen i Møre og Romsdal
5. Svar frå fylkesmannen i Møre og Romsdal
6. Invitasjon til bygdemøte levert til alle husstandar i Norddal og Eidsdal
7. Stemmesetel om utgreiing, nytta på bygdemøte
8. Notatar frå bygdemøte (sortert)
9. Svar frå Norddal kommune 23. november, 2015
10. Forslag om etablering av minikommunen Geiranger i verdsarvområdet.
11. Korrespondanse med fylkesmannen 7. – 8. desember, 2015

## Kommunereform

### Skal vi sjå nærmare på moglegheita for å komme inn under Stranda kommune?

Til innbyggjarane i Norddal og Eidsdal

I samband med kommunereforma har Norddal kommune gjort vedtak om å greie ut desse alternativa:

- Regionkommune Sunnmøre (pr. no 13 kommunar med Ålesund som «storebror»)
- Landkommune (landkommunane på nordsida av Storfjorden)
- Indre alternativ (Norddal, Stordal, Stranda, Sykkylven)
- Halde fram som eiga kommune, som no
- Dele kommunen: Nordsida utover mot Stordal m.fl., sørsida mot Stranda (ev. m. fl.)

Ut frå kva andre kommunar vel, kan det sjølvsgt bli justeringar på desse alternativa.

For dei fire fyrste alternativa er det gjort ein del utgreiingsarbeid og det ligg føre rapportar. For det siste alternativet er fint lite gjort. Merete har bede ordføraren snakke med Strandaordføraren om dette kan vere aktuelt, men elles er lite gjort. Merete har så vidt lufta saka med ordførar Tryggestad, og naturleg nok er hans haldning at han ikkje kan/vil gå inn i dette utan at det kjem ein henvendelse frå Norddal kommune, eller frå bygdene på sørsida av fjorden.

Ut frå framdriftsplanen som er lagt frå fylkeshald, skal alt utgreiingsarbeid vere ferdig innan 31.12.2015. Ein månad seinare skal vi ha valt det mest aktuelle alternativet å gå vidare med. Så kan det sjølvsgt vere at heile reforma vert ein «flopp», men det er kanskje litt tidleg å konkludere.

Vi er kjende med at mange i Norddal og Eidsdal ser på ei samanslåing mot Stranda som aktuelt/ynskjeleg. Sjølv meiner vi det *kan* vere aktuelt, men vi ynskjer fyrst og fremst at vi skal komme i posisjon til å få dialog med Stranda kommune for å gjere sonderingar om dette kan vere ei framtidsretta løysing.

Vi meiner det beste for Eidsdal og Norddal er at vi sjølve tek initiativ for å *komme i snakk* med Stranda kommune. *Men då må det vere stor semje om dette i bygdene våre, og det er difor du får dette brevet og spørsmåla under.*

Dersom innbyggjarane i Norddal og Eidsdal er samde i at vi bør ta eit slikt initiativ, ynskjer vi i neste omgang:

- A) Å informere om dette i arbeidsgruppa for kommunereforma komande måndag, 12. oktober. Merete sit i denne arbeidsgruppa saman med ordførar, varaordførar og rådmann. Vi meiner òg det er sjølv sagt å inkludere vår eiga kommune/politiske og administrative leiing i dette, men at vi som innbyggjarar på sørsida må ta aktivt del/vere med og styre prosessen.
- B) Å kontakte ordføraren i Stranda for å drøfte korleis vi bør komme i gang med ein god prosess. Nokre nøkkelord her er:
- a. Forholdet til Geiranger. Openheit og dialog!
  - b. Involvering av innbyggjarane
  - c. Ryddigheit i forhold til Norddal kommune
- C) Ut frå utfallet av punkta ovanfor, ev. ta initiativ til å opprette ei lokal arbeidsgruppe som skal representere Norddal og Eidsdal i prosessen vidare. Ei slik gruppe må etter vårt syn vere demokratisk valt.

Så kan ein lure på kvifor dette initiativet kjem frå oss. Svara er enkle:

- Nokre av oss sit med godt innsyn i kommunereformprosessen
- Vi merkar oss at mange snakkar om at dette burde vore gjort, men ingen har «mynde» til å gjere noko... Vi tek sjansen.
- Vi har ingen politiske organisasjonar som kan ta dette initiativet i bygdene våre. Frivillige organisasjonar og næringsorganisasjonar kunne kanskje gjort det, men kan risikere å bli uønska politiserte. Det kan vere uheldig vidare framover.

Eidsdal/Norrdal 7. oktober 2015

Merete Løvoll Rønneberg   Frode Rønneberg   Else Ragni Yttredal   Knut Grønningseter

\*\*\*\*\*

*Vi ber deg svare på spørsmålet under, og returnere svaret til [merete@verdsarvfjord.no](mailto:merete@verdsarvfjord.no) innan søndag 11. oktober. Vi ber om svar frå flest mogleg innbyggjarar som er 18 år og eldre. Dersom de ynskjer å sende inn berre eitt skjema, så skriv gjerne på namn på dei skjemaet gjeld for (enkel løysing når de som svarar er samde). Ta ev. kontakt på mobil 99376585.*

*\_\_\_ ja, eg er samd i at det vert tatt initiativ til dialog med Stranda kommune om samanslåing av Norddal og Eidsdal med Stranda kommune.*

*\_\_\_ nei, eg ynskjer IKKJE at vi går i dialog med Stranda kommune om ev. samanslåing*

*\_\_\_ eg har IKKJE GJORT MEG OPP NOKO MEINING om dette*

*Alle svar vert handsama konfidensielt.*

## 8.2 VEDLEGG 2: INVITASJON TIL KOMMUNANE

Til

Norrdal kommune

v/ordføraren

Eidsdal/Norrdal 13.10.2015

Stranda kommune

v/ordføraren

### **Kommunereforma. Innbyggjaralternativ – utgreiing av alternativet at bygdene Norrdal og Eidsdal går inn i Stranda kommune.**

I kommunestyrevedtak sak 003/15 i Norrdal går det fram at kommunen bør greie ut fem ulike alternativ (med noko variasjon innafor kvart alternativ) i samband med kommunereforma. Av desse er det ikkje gjort noko vesentleg med alternativet som går på å dele kommunen (punkt 3d).

Vi har forståing for at dette er eit alternativ som det kanskje ikkje er naturleg å initiere frå kommunen si side, men svært mange innbyggjarar i bygdene Norrdal og Eidsdal ynskjer at dette vert utgreidd. For å få i stand ei slik utgreiing, har underteikna i fyrste omgang teke initiativ til ei innbyggjarundersøking på sørsida av Norrdalsfjorden, og stilt spørsmål om kor vidt innbyggjarane ynskjer å sjå nærmare på moglegheita for å komme inn under Stranda kommune.

Undersøkinga har blitt gjennomført ved bruk av e-post så langt vi har hatt adresser, og elles har flygeblad vore køyrt ut. Innbyggjarar over 18 år, busette i Norrdal eller Eidsdal kunne svare. Alle svar vert handsama konfidensielt.

I praksis har vi ikkje har nådd ein del ungdom som er borte på skule, og truleg ein skilde andre, men likevel har vi pr. no fått inn om lag 110 svar. Av desse er det eit overveldande fleirtal som ynskjer at alternativet mot Stranda vert utgreidd – over 100 stk! Berre 4 respondentar ynskjer ikkje ei slik utgreiing, og 4 svarar at dei ikkje har gjort seg opp noko meining. Vi gjer merksam på at vi framleis tek imot svar.

***Vi understrekar at dette er eit initiativ som er tatt for å kunne komme i posisjon til å drøfte dette alternativet, og få utgreidd nærmare konsekvensane av det. I undersøkinga har det IKKJE vore meininga at folk skulle ta stilling til om ein vil/ikkje vil inn under Stranda kommune. Før ein tek stilling til dette, må vi ha betre kjennskap til konsekvensane av ulike alternativ.***

Bygdene Norrdal, Eidsdal og Geiranger ligg geografisk slik til at dei naturleg høyrer saman, og allereie i dag er det godt samarbeid på fleire felt. Likeeins har ein felles interesse i utvikling av kommunikasjonar/samferdsel. Dette er forhold som gjer at vi ynskjer å sjå nærmare på fordelar og ulemper ved å komme saman i ei felles kommune.

I informasjonen vår til innbyggjarane har vi vore klare på nokre forhold:

- Det må vere stor semje om initiativet for at vi skal gå vidare med det (og undersøkinga tilseier at semja er stor)
- Vi vil ha openheit kring saka frå starten av, og ynskjer god dialog med både Norddal kommune og Stranda kommune
- Innbyggjarane i Norddal og Eidsdal må ta aktivt del i prosessen vidare, og det må veljast ei lokal arbeidsgruppe. Eit slikt val må gjerast demokratisk, og vi som så langt har teke initiativ i saka har inga prestisje i å representere vidare. Bygdene skal velje sine folk fritt.
- Særleg i forhold til Geiranger ynskjer vi ein open og god dialog

**I tråd med det vi har skrive i vårt informasjonsskriv til innbyggjarar i Norddal og Eidsdal, tek vi no kontakt med politisk og administrativ leiing i både Norddal og Stranda kommune, og ber om eit felles møte for å drøfte korleis vi bør handtere saka vidare, samt framdrift.**

Sett frå vår side, er det ynskjeleg med eit bygdemøte i Norddal/Eidsdal relativt tidleg i prosessen, der vi helst vil ha med m.a. politisk og administrativ leiing frå begge kommunane. Vi ser òg dette som eit høve til å velje bygdene sine formelle representantar i arbeidet vidare.

Vi gjer elles merksam på at det allereie er orientert om saka i arbeidsgruppa for kommunereforma i Norddal kommune.

Vi ber om tilbakemelding snarast råd, helst med framlegg om aktuelle dagar for ev. møte.

Med vennleg helsing

Merete Løvoll Rønneberg

Else Ragni Yttredal

Knut Grønningsæter

Frode Rønneberg

Kopi:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rådmannen i Norddal

Rådmannen i Stranda

Arne Sandnes

Postmottak Norddal kommune

Postmottak Stranda kommune

### 8.3 VEDLEGG 3: SVAR FRÅ ORDFØRAREN I NORDDAL

Ordfører i Norddal kommune, Arne Sandnes, sitt svar på invitasjon til å delta på bygdemøte for Eidsdal og Norddal i høve kommunereforma. Sendt på e-post til arbeidsgruppa, ordfører og rådmann i Stranda, rådmann i Norddal og postmottak i Stranda og Norddal kommune, 3. november, 2015. Kopi til resten av formannskapet:

**(Eg ber om at dette brevet vert referert for bygdemøtet )**

Hei !

Eg takkar for invitasjon til å delta på bygdemøte i Eidsdal den 9.11.15 vedkomande kommunereforma.

Formannskapet drøfta initiativet og invitasjonen på bakgrunn av den presentasjonen de gav.

Som nemnt i telefonsamtale i dag finn eg det ikkje rett, som ordfører, å delta på bygdemøtet. Det er fleire grunnar til det:

- Alle utgreiingar/engasjement vedk. kommunereforma må vere forankra i kommunestyrevedtak. Dykkar initiativ kjem ikkje inn under gjeldande vedtak, dvs. pkt. 3 d i KS 003/15 av 12. 02. 2015. Nemnte vedtak inneber at det vert gjort ei tilsvarande konsekvensanalyse for norsida av kommunen. Det ligg ikkje inne i initiativet dykkar. Difor må det tolkast som eit nytt alternativ. Men - før eit slikt nytt arbeid eventuelt vert sett i gang, må det godkjennast av kommunestyret. Eg legg vidare til grunn at Norddal kommune tek eigarskap til ein eventuell prosess slik som har vore vanleg i dei andre utgreiingane som har vore sette i gang i 2015.
- Fylkesmann sin milepels plan føreset at alt utgreiingsarbeid skal vere avslutta pr. 31.12.15. Deling av ei kommune er på alle måtar ei svært krevjande oppgåve - ikkje minst tidsmessig. Prosessen er regulert av eit lovverk, dvs. Delingslova, og her vil både den regionale stat og rettsapparatet kunne bli trekte inn. Eg har difor vanskeleg for å sjå at det er muleg å gjennomføre ei forsvarleg analyse som grunnlag for ei beslutning innafor dei standardfristar som er gitt av fylkesmann.
- Til slutt stiller eg spørsmål ved om ei slik deling, som det ein her legg opp til, er i tråd med intensjonane for kommunereforma. Ved ei eventuell deling av Norddal kommune, vil 3 bygder på sørsida av fjorden (ikkje 1 som i dag), måtte reise gjennom ei nabokommune for å kome til sitt eige kommunesenter. Det verkar på meg både ulogisk og upraktisk når hensikten er etablere meir funksjonelle grenser mellom kommunar.

Formannskapet i Norddal har bede rådmann førebu ei sak på kommunereformarbeidet for det nye kommunestyret. Den kjem opp i formannskapet den 19.11 og i kommunestyret den 25.11. Der vil dykkar initiativ og bli omtala og vurdert som grunnlag for eit vedtak. Først når kommunestyret har gjort vedtak, har eg som ordfører fått ei fullmakt til å agere i forhold til eventuell nye alternativ.

Eg vonar at eg ikkje vert oppfatta som formalistisk i dette tilfellet. Det er slett ikkje meininga. Eg vil tvert imot gi uttrykk for at eg set pris på initiativ som kjem nedanfrå. Men - å sette i gang ein prosess med mål å splitte ei kommune, er ei svært alvorleg sak som berører alle innbyggjarar - uavhengig av bustad. Eg vel difor å halde meg strengt til spelereglane inntil kommunestyret har sagt sitt.

Til lukke med møtet!

Med vennleg helsing

Arne Sandnes



## 8.4 VEDLEGG 4: E-POST TIL FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

**Fra:** Merete \_

**Sendt:** 4. november 2015 01:48

**Til:** 'fmmrribr@fylkesmannen.no'; 'fmmrvive@fylkesmannen.no'; 'Solholm, Lodve'

**Emne:** Vidare handtering av "innbyggjarinitiativ" i bygdene Norddal og Eidsdal i Norddal kommune

Til

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Eg syner til tidlegare kontakt med dykk vedkomande initiativ frå innbyggjarane i bygdene Norddal og Eidsdal (Norddal kommune) om å utgreie moglegheiter og trugsmål ved å gå over til Stranda kommune (grensejustering).

Vi har tatt utgangspunkt i kommunestyrevedtak 003/15 i kommunen vår som ein del av grunnlaget for arbeidet vårt, men i tillegg er dette noko som over mange år har vore drøfta – særleg ut frå at vi geografisk har nærleik til Geiranger, og såleis mykje samarbeid med denne bygda.

I arbeidet vårt har vi lagt vekt på å spele med opne kort overfor både Stranda kommune og Norddal kommune, og har både hatt formell kontakt gjennom brev, og likeeins telefonisk kontakt med ordførarar og rådmenn.

Vi freista fyrst å få til eit felles møte med oss fire i arbeidsgruppa for initiativet og politisk og administrativ leiing i dei to kommunane. Dette ynskte ikkje ordføraren i Norddal, og vi droppa difor møtet.

No har vi invitert til bygdemøte (sjå vedlegg med innbyding), men fått svar frå ordføraren i Norddal om at han ikkje ynskjer å møte oss (sjå vedlagt mail med hans svar). Dette medfører naturleg nok at heller ikkje Stranda kommune vil stille, då dei opplever det som vanskeleg i forhold til leiinga i Norddal kommune.

Vi veit sjølvsagt at det er kommunestyret som skal fatte vedtak i kommunereformsaka. Likevel har vi vanskar med å forstå at vi som innbyggjarar ikkje kan initiere alternative modellar, eller for den del uttale oss aktivt/på eige initiativ om modellar kommunen har valt å utgreie. Ut frå Inndelingslova §1, forstår eg det slik at verksemda etter denne lova skal byggje på prinsippet om lokal medverknad og initiativrett til grenseendringar.

Ut frå § 8, forstår eg det òg slik at vi som innbyggjarar har rett til å fremje søknad om grensejustering? Eg er merksam på at det no ligg ute til høyring endringar i delar av denne lova, men er usikker på om endringsframlegga omfattar og endrar forholda eg spør om?

Vi er merksame på at vårt initiativ kan framstå som «småtteri» i kommunereformsamanheng. I utgangspunktet tenkte vi at det var nettopp dette alternativet (av dei kommunen har sagt dei vil utgreie), vi kunne vere aktive opp mot i denne omgang. Lokalt er det heller ikkje tvil om at dette *kan* vere eit interessant alternativ.

Etter fleire rundar dei siste dagane, ser vi òg at vi kanskje bør løfte blikket endå meir, og vere meir aktive i forhold til å uttale oss om meir omfattande modellar som kanskje kan vere aktuelle? Vi føreset sjølvsagt at uttalar skal ha grunnlag i utgreiingsarbeid.

På bygdemøtet vårt komande måndag (som vi uansett vil køyre), vil vi ta utgangspunkt i vår opphavsplan, og sjå på moglegheiter og trugsmål ved å gå inn i Stranda kommune. Men samstundes kjem vi til å informere om dei andre alternativa Norddal kommune har valt å utgreie, og resultatet av dette arbeidet. Vi er opne for at prosessen vi har starta kan ta opp i seg drøftingar av meir omfattande modellar enn den vi no startar med, men vil helst unngå å vere uryddige.

**Vi skulle svært gjerne hatt ei tilbakemelding frå Fylkesmannen på vår tolking av lovverket så langt, og gjerne også nokre kommentarar knytt til svarmailen frå ordføraren i Norddal. Vi har ikkje forstått det slik at forhandlingar kring økonomi, fordelingar av kommunale anlegg osv. skal inngå i utgreiingsarbeidet, og såleis vere ferdig til 31.12.2015. Vi har sjølv sagt forståing for at dette er eit krevjande arbeid, men tenkjer denne delen av arbeidet er noko ein må sjå på seinare i prosessen, når ein har vurdert fordelar og ulemper ved ulike modellar, og kva modell det ev. er aktuelt å gå inn i, jamfør milepælsplanen?**

**Det hadde vore svært fint dersom de har høve til å sende oss eit svar før bygdemøtet måndag.**

**I tillegg lurar eg på om de har ferdige PP-presentasjonar som vi kunne fått lov til å nytta for å presentere kommunereforma –kortfatta, oversikteleg og «to the point» ?**

**Og til slutt: Vi er takksame for alle gode råd for korleis vi best kan handtere denne saka vidare.**

Gode helsingar frå

*Merete Løvoll Rønneberg  
(på vegne av lokal arbeidsgruppe – bygdeinitiativet)*



Saksbehandlar, innvalstelefon  
prosjektleiari Vigdis Rotlid Vestad, 71 25 84 47

## Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Vår dato  
06.11.2015  
Dykkar dato

Vår ref.  
2014/7461/FMMRVIVE/310  
Dykkar ref.

Lokal arbeidsgruppe v/Merete Løvoll Rønneberg

Krikeskogen

6215 EIDSDAL

### Norrdal kommune - Innbyggjarinitiativ i bygdene Norrdal og Eidsdal

Fylkesmannen viser til epostar frå deg, sist datert 4. nov. 2015, der du har nokre spørsmål knytt til lokalt initiativ om å utgreie moglegheiter og trugsmål knytt til om bygdene Norrdal og Eidsdal kan gå over til Stranda kommune. Vi viser også til telefonsamtaler både med ass. fylkesmann Rigmor Brøste og prosjektleiari Vigdis Rotlid Vestad, og til vedlagte e-post til deg frå ordførar Arne Sannes.

#### Fylkesmannen vil her svara deg på nokre av spørsmåla og gje nokon innspel

Fylkesmannen vil først seie seg einig med ordførar Arne Sannes i at det er fint at innbyggjarane engasjerer seg for framtida omkring sin kommune og si bygd. Stortinget har vedteke at det skal gjennomførast prosessar i alle kommunar for å sjå på om kommunen er godt nok egna til å fortsetje som eigen kommune i framtida. Statsråd Jan Tore Sanner har seinast i brev til alle kommunestyra i landet presisert følgjande: «*Det er en bred enighet på Stortinget om at det er behov for endringer i kommunestrukturen dersom vi skal nå våre nasjonale velferds mål. Stortingsflertallet er klar på hva det forventer at kommunene skal gjøre i reformarbeidet. Forventningen strekker seg utover bare det å vurdere om kommunen kan fortsette alene også i tiårene framover. En grundig prosess med nabokommuner, der også innbyggere involveres, gjør at kommunestyrene vil ha et godt grunnlag til å fatte vedtak innen 1. juli 2016 om hvordan de skal møte framtidens utfordringer.*» Viser til vedlegg.

Prosessane som no er starta i bygdene Norrdal og Eidsdal ser Fylkesmannen på som ein del av arbeidet med kommunereforma. Arbeidsgruppa og innbyggjarane gjev seg sjølv og kommunen høve til å sette seg grundig inn i kva som skal til for at bygdene fortsatt skal vere livskraftige. Då er det naturleg å ta for seg hovudmåla i kommunereforma – og ut i frå dei og alle fakta som ligg til grunn for kvar enkelt kommune – finne ut kva slags kommune som vil vere berekraftig i framtida. Innbyggjarinitiativ blir ein del av den samla kommunereformprosessen i Norrdal kommune som kommunestyret skal handtera før endeleg vedtak våren 2016.

## Om initiativrett

Inndelingslova gjeld for grenseendringssaker i kommunar og fylkeskommunar.

I § 8, 1. ledd er «innbyggjarar» og «grunneigarar» i dei kommunane søknaden gjeld, gitt initiativrett. Initiativretten etter § 8, 1. ledd inneber ein rett til å fremje søknad om at det skal gjerast ei utgreiing om grensejustering eller grensefastsetting. Det er avgjerande for initiativretten etter § 8, 1. ledd at søknaden gjeld ei grensejustering og ikkje ei deling. Ei grensejustering er definert som at eit område blir flytta frå ein kommune til ein anna kommune jf. definisjonar angitt i § 3. Initiativrett til samanslåing eller deling av ein kommune kan berre verta fremma av kommunestyret i den kommunen det gjeld.

§ 8 stiller visse formkrav til søknaden. Søknaden om at det skal verta sett i gong utgreiing av grenseendringar eller grensefastsetting, skal være skriftleg og grunngjeve. Søknaden må innehalde forslag til nye grenser. Det bør bli nytta offentleg godkjente kart. I rundskriv H-10/15 syner ein til at det også bør gå fram av søknaden korleis søker blir omfatta av grensejusteringa, og det skal tydeleg gå fram at dette er ein reell søknad og ikkje ei ytring av meiningar. Fullstendig søknad skal sendes til Fylkesmannen.

Initiativretten gjev ikkje ein rett til fullstendig utgreiing, men ein rett til at ei sak kan bli tatt opp og ei plikt for fylkesmannen til å vurdere nærare utredning av saken. Avgjer om at det ikkje skal settast i gong utgreiing av saka kan påklagast, jf. § 9.

## Om høyringsforslag til inndelingslova

Det ligg no føre eit høyringsforslag for endringar i inndelingslova der det blant anna er foreslått at ei sak *kan* bli sakshandsama etter reglane for grensejustering, sjølv om det etter definisjon i § 3 i dag, er å forstå som ei deling. Forslaget omfattar dei sakene der ein mindre del blir lagt til ein anna kommune mens den resterande delen av kommunen blir slått saman med ein anna kommune. Det er ikkje forslag om faste grenser mellom kategoriane i § 3, men det blir lagt opp til ei vurdering etter skjønn.

Forslaget er ikkje vedteke av Stortinget. Det vil uansett være fornuftig at ei sak om grensejustering blir sett i samanheng med det som skjer elles i kommunen i regi av kommunereforma.

## Presentasjon om kommunereforma

Vi legg ved ein presentasjon som vi har laga for dykk og Norddal kommune. Denne kan nyttast i mange høve der kommunereforma er tema. Viser også til Møre og Romsdal fylke sin [presentasjon](#) over kommunestatistikk for Norddal kommune.

Lukke til med møtet.

Med helsing

Rigmor Brøste e.f.

Vigdis Rotlid Vestad

Ass.fylkesmann

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

vedlegg:

- 1 Norddal kommune - presentasjon
- 2 Norddal kommune - brev fra statsråd Jan Tore Sanner

kopi:

Nordal kommune v/ordfører Arne Sandnes Postboks 144 6211 VALLDAL

Nordal kommune v/rådmann Tor Helge  
Stavdal

Postboks 144

6211

VALLDAL

8.6 VEDLEGG 6: INVITASJON TIL BYGDEMØTE LEVERT TIL ALLE HUSSTANDAR I  
NORDDAL OG EIDSDAL

Å ARBEIDE SAMAN

Å TENKJE SAMAN

Å FINNE LØYSINGANE I FELLESSKAP

Tidlegare i haust gjennomførte vi ei undersøking i Norddal og Eidsdal der over 120 personar svarta at dei ynskte å få utgreidd alternativet at desse to bygdene går over til Stranda kommune.

Dersom dette skal gjerast no, må det koordinerast med prosessen i kommunereforma, og der heiter det at alt utgreiingsarbeid for alle aktuelle alternativ skal vere ferdig innan 31/12-15.

No inviterer vi difor til bygdemøte der vi utfordrar oss sjølve til å tenkje kritisk:

- Kva fordelar og ulemper er det med situasjonen slik han er i dag?
- Kva moglegheiter og trugsmål kan vi møte dersom vi går inn i Stranda kommune?

#### **PROGRAM FOR BYGDEMØTE**

- Innleiing
  - Bakgrunn for dette initiativet
  - Kommunereformen
- Presentasjon av bygdene Norddal og Eidsdal
- Gruppearbeid: Analyse av sterke og svake sider ved situasjonen i dag, og moglegheiter og trugsmål dersom Norddal og Eidsdal går over til Stranda kommune
  - Kommunane sit kvar for seg, og innbyggjarane sit bygdevis
  - Fokus på kommunale tenester og samfunnsutvikling m.m.
  - *Vi legg opp til stor takhøgde og at folk er ærlege i synspunkta sine, men òg at vi viser respekt for kvarandre*
- Tankar kring kommunereforma og vårt alternativ v/Ordføraren i Norddal kommune(?)
- Tankar kring kommunereforma og vårt alternativ v/Ordføraren i Stranda kommune (?)
- **Val av bygdene sine representantar i arbeidet vidare**
  - Innbyggjarane i Eidsdal og Norddal vel kven som skal representere bygdene vidare: 4 stk: 2 frå kvar bygd.
- Veggen vidare

***Fint om de på førehand tenkjer gjennom aktuelle synspunkt, og likeeins spør kandidatane de meiner kan representere bygdene vidare i arbeidet.***

Det vert enkel matserving undervegs, men ikkje lagt opp til matpause. Vi legg opp til at politikarar og administrasjon når ferja 21.45 frå Eidsdal, etter møtet.  
VELKOMNE TIL ALLE!

Else Ragni Yttredal

Frode Rønneberg

Knut Grønningsæter

Merete Løvoll Rønneberg

## Bygdemøte for Norddal og Eidsdal der vi ser på moglegheiter og trugsmål ved ev. å gå inn i Stranda kommune

**Måndag 9. nov.**

**Eidsdal skule,  
gymsalen**

**Kl. 19**

***NB: Dette er IKKJE eit møte for å bestemme om vi skal/ikkje skal gå inn i Stranda kommune. Den avgjersla må takast når vi har meir kunnskap. Men noko av den kunnskapen vil vi innhente på dette møtet***

## Stemmesetel bygdemøte framtidig kommunetilknyping

Eidsdal, 9. november, 2015

Skal vi gå vidare med å greie ut moglegheita for at Norddal og Eidsdal skal gå inn i Stranda kommune? (Svar ja eller nei) \_\_\_\_\_

Dersom forsamlinga vil at vi skal gå vidare med å utgreie moglegheita for at Eidsdal og Norddal skal gå inn i Stranda kommune vil eg at desse personane representerer Norddal og Eidsdal (Skriv namn på to personar frå Eidsdal og to personar frå Norddal under):

1. \_\_\_\_\_

2. \_\_\_\_\_

3. \_\_\_\_\_

4. \_\_\_\_\_



## 8.8 VEDLEGG 8: SORTERTE NOTATAR FRÅ BYGDEMØTE

# Sorterte notatar frå gruppearbeid bygdemøte for Norddal og Eidsdal

Eidsdal 9. november, 2015

Notatar frå gruppearbeid kring spørsmåla: **1. Kva er styrkjer og svakheiter for Norddal og Eidsdal knytt til noverande situasjon som del av Norddal kommune? 2. Kva er moglegheiter og truslar ved at Norddal og Eidsdal går inn i Stranda kommune?**

Notatane er skrivne ned ordrett frå det som vart skrivne på gule lappar i gruppearbeid og deretter sortert, kommentarar eller diskusjonar er ikkje notert ned.

83 personar deltok på bygdemøtet, fordelt på 12 grupper. Dei fleste av desse var involverte i gruppearbeidet heile eller delar av tida. Gruppene var delt inn etter bygdelag, slik at Norddalingar og Eidsdalingar sat kvar for seg, men vi kunne ikkje registrere store forskjellar på gruppene ut frå bygdelag. Berre ein person frå Geiranger var til stades.

## Styrkjer Norddal

### Kraftpengar/økonomi

- Kraftpengar
- Kraftkommune = større inntekter
- Kraftinntekter
- Kraftpengar
- Kraftkommune = større inntekter
- Kraftinntekter
- Kraftinntekter
- Kraftpengar
- Bedre kommuneøkonomi
- Ingen eigedomsskatt

### Korte avstandar (relativt)

- Kort vei til administrasjonen
- Kort vei til kommunesenteret
- Korte avstander
- Kort til kommunesenter
- Nærheit til kommunesenteret
- Vi kan ikkje få kortare veg til kommuneadministrasjonen enn i dag

- Nærhet geografisk
- Mindre avstand
- Kort reisetid til k-senteret
- Kort reisetid til kommunesenteret
- Kortare til kommunesenter
- Nærheit til kommunesenter
- Treng berre ei ferge for å kome til kommunesenter m/ulike kommunale tenester
- Forholdsvis kort vei til kommunesenter
- Nærhet geografisk
- Nærheit til sjukeheim
- 

### Lokalkjennskap, nærheit

- Folkevalde med betre lokalkjennskap til eiga kommune (Kunne ve rein fordel også i noverande Norddal kommune)
- Kjennskap til kommunestyrerepresentantar
- Kort vei til belutninger (politikk)
- Styring over eigen økonomi (i allefall dei på nordsida)
- Oversiktleg
- Folkevalde med betre lokalkjennskap til eiga kommune (Kunne vere ein fordel også i noverande Norddal kommune)
- Kjennskap til kommunestyrerepresentantar
- Kort vei til belutninger (politikk)
- Styring over eigen økonomi (i allefall dei på nordsida)
- Lokal kunnskap
- Lokalkunnskap
- Kjenner kvarandre
- Norddal + nærheit
- Lokalkunnskap
- Lokalkunnskap
- Lokalkunnskap
- Betre oversikt
- Oversiktleg

### Kvalitetar ved lokalsamfunnet

- God dugnadsinnsats
- Samarbeid mellom bygdene på sørsida E – N – G
- Fredeleig
- Sterkt samhald på sørsida
- Frisør, bank, butikk fritidsaktivitetar
- Kjempegod dugnadsånd
- Godt samarbeid mellom bygdene
- Bank, butikk, skule, frisør, fritidsakt.
- Dugnadsånd
- Mange fritidsakt. For barn
- Gode oppvekstmuligheiter
- Fin natur
- Natur
- Kulturliv
- Stor frivillig innsats
- God dugnadsinnsats
- Samarbeid mellom bygdene på sørsida E – N – G

- Fredeleg
- Sterkt samhald på sørsida
- Frisør, bank, butikk fritidsaktivitetar
- Kjempegod dugnadsånd
- Godt samarbeid mellom bygdene
- Bank, butikk, skule, frisør, fritidsakt.
- Mange fritidsakt. For barn
- Gode oppvekstmuligheiter
- Fin natur
- Natur
- Kulturliv
- Stor frivillig innsats
- Fin og rein natur
- Dugnadsånd
- Smått er godt
- Stor dugnadsånd
- Stort engasjement
- Godt samhald i Norddal/Eidsdal/Geiranger
- God plass store naturressursar

#### «Veit kva vi har»

- Veit kva vi har
- Veit kva vi har
- Vi veit kva vi har
- Veit kva vi har – forutsigbarhet
- Veit kva vi har
- Veit kva vi har, ikkje kva vi får!

#### Tenester

- Skule i nærleiken (10 – årig)
- Viktig med omsorgsbustad, skule i bygda
- God skule
- Bra kulturskule
- God skule
- Veldig bra skule (resultat)
- Eigen barne + ungdomsskule i Eidsdal
- Brannvern og ny brannstasjon
- Gode skular (særskilt på sørsida)
- Skule i nærleiken (10 – årig)
- Viktig med omsorgsbustad, skule i bygda
- God skule
- Bra kulturskule
- God skule
- Veldig bra skule (resultat)
- Eigen barne + ungdomsskule i Eidsdal
- Gode skular (særskilt på sørsida)
- Ungdomsskulen
- Brannvern og ny brannstasjon
- Kulturskule innanfor rekkjevidde på ein ettermiddag

#### Arbeidsplassar

- Gode arbeidsplassar, Muritunet
- Gode arbeidsplassar, Muritunet
- Sterkt landbruk
- Turisme

- Turisme

#### Moglegheiter

- Verdsarvstatus
- Verdsarvstatus
- Verdsarvstatus
- Verdsarvstatus
- Verdsarvstatus

#### Identitet

- Lokal identitet
- Historisk tilknytning

#### Kommentar

- + finnes det?

## Svakheiter Norddal

### Sentralisering

- Sentralisering. For eksempel eldreinstitusjonar og skulen

### Dårleg økonomi

- Svak økonomi, lite handlingsrom
- Manglande evne til å ta økonomiske realitetar på alvor. Utan orden på økonomien – kommunalt sjølvstyre ein illusjon
- Dårlig økonomi, nedlegging
- Økonomi ikke penger
- Etter kvart dårligare og dårligare økonomi
- Lite att for store økonomiske satsinger
- Lite innverknad på korleis økonomien vår skal prioriterast
- Kandidat til Robeklista
- Utsikter til ein ELENDIG økonomi
- Elendig økonomi
- Meir nedskjering
- Robek
- Drift Forvaltning av penger/midlar
- Dårlig økonomisk styring

### Geografi/avstand

- Geografi (Delt med en fjord)
- Ferje/Fjord
- Langt til det nye kommunesenteret

### Arbeidsplassar/busetnad

- Nedlegging arbeidsplassar
- Lite arbeidsplasser
- Lite gjort for å styrke innflytting/arbeidsplasser
- Få arbeidsplassar
- Fråflytting
- Industri manglande
- Folketalsutviklinga
- Einsidig næringsliv
- Få arbeidsplassar utanom landbruk og kommune
- Arbeidsplasser
- Kan miste arbeidsplassen?
- Ingen/få industriarbeidsplassar
- Ungdomme reiser (18-30) lite tilbod
- Manglande industri
- Fråflytting

### Trekk ved politikken

- Lite tillit til kommunen politikk
- Manglande evne til å sjå kommunen som heilskap
- Fleirtals- (lokaldiktatur)
- Udemokratisk fleirtalet motarbeider sørsida
- Salderingspost
- Er kunnskapen til dei styrande god nok?
- Bananrepublikk – kompisklubb i politikken
- Iblant litt for små forhold mtp. Politiske vedtak
- Lite flinke til å lytte til alle innbyggjarar

- Lite trykk på strategisk samfunnsutvikling
- Vanskeleg å få respons på ting ein tek opp med kommunen
- Blir ikkje høyrte eller sett
- Gjennomført korrumpert system
- Alle kjenner alle når ting skal avgjerast
- Maktmisbruk Muri/Sylte
- Kameraderi
- Tillitsbrudd = 0 tillit
- Egoisme frå kommunesenteret
- Maktjuke politikkarar i kommunesenteret
- Urettferdig fordeling av ressursar fortset slik som før
- Maktelite i sentrum
- Einvegskommunikasjon
- Tillitsbrot mellom Nord kontra sør
- Dårlig tillit til kommunal ledelse
- Dårlig demokrati
- Ikkje fungerande demokrati
- For liten kommune til å være politisk profesjonell
- Innbyggjarar som ikkje blir høyrte

### Forholdet mellom «nordsida» og «sørsida»

- Bygdestrid
- Skeivfordelt innbyggartal – skeivfordelte goder
- Nord – Sør «konflikt» stadig eit tema
- Altfor djup fjord
- Satsing skjer mest i Valldal
- Sørsida vil halde fram med å vere «raseringsobjekt»
- Nordsida manglande evne til empati overfor sørsida
- Konflikt Nord – Sør?
- N/E føle seg trua som framtidig samfunn
- Lite prioritering av Norddal Eidsdal
- Mykje negativitet mellom nord og sør om fjorden
- Få vil samarbeide med Valldal
- Nedprioritering av bygdene på sørsida av fjorden
- Konflikt nord/sør
- Fleirtalet på nordsida forstår ikkje korleis det er å bu på sørsida
- Utarming av sørsida
- Ingen tiltak for utvikling på sørsida
- Nedbygging av sørsida frå dagens politiske fleirtal
- Vi vil aldri bli komfortable i høve nordsida av fjorden
- Bygdestrid stor mot liten
- Mykje nedbygging av sørsida
- Lite nytte og glede av utbygging i kommunesenteret
- Endå fleire nedleggingar for å spare peng til eit sterkt kommunesenter
- Dårlig lokaldemokrati spes. Siste 10 åra
- Ressursbruk kun i sentrum

### Kvalitetar ved lokalsamfunnet

- Ingen pub!

- Vi er for få
- Vi er for få. Små
- Ingen endring/utvikling
- Utkant i kommuna
- Utkant i kommuna

#### **Tenester**

- Stengt legekantor i Eidsdal
- Ikkje fastbuande legar
- Nattferge
- Snikinnføring av å stenge doktorkontoret?
- Ikkje legekantor Eidsdal
- Skulesituasjon uavklart vidare
- Ikkje barnehage i Eidsdal
- Ikkje legekantor i Eidsdal
- Nedlegging av offentlege tenester på sørsida
- Dårligare Helse-tilbod
- Dårlig legedekning
- Svak tenesteyting
- Dårlig vedlikehald av kommunale vegar og kantslått
- Dårlig helsestell og eldreomsorg
- Dårlig legedekning
- Nedbygging av eldreomsorga
- Lite gatelys
- Dårlige/ustabil legeteneste
- Gatebelysning
- Vedlikehald
- Vegvedlikehald
- Elendig internett – manglande breiband
- Dårlig legeteneste
- Usikkerheit kring kommunale tenester
- Usikkerheit/stadig diskusjon om skule/helse
- Ferjetidene kveldstid (1t og 30 min. mellom overgangane)
- Bemanning aldersheim
- Stadig reduserte tenester på sørsida av fjorden
- Usikkerheit ang. kommunale arbeidsplassar
- Kommunale tjenester
- Nedlagt skule i Norddal
- Mista barnehagetilbud i Eidsdal
- Eldreomsorg
- Nedlegging av skule?
- Nedlegging av dei fleste offentlege arbeidsplassar
- Mat til eldre i Eidsdal /Norddal (kjøkken nedlagt)
- Tiltak for barn og ungdom
- Planar om nedlegging av skule
- Eldreomsorgen vert nedprioritert
- Redusering av sosiale tenester omsorgstenester
- Kommunikasjon
- Manglande kompetanse i fleire kommunale sektorar

#### **Negativitet**

- Negativitet. For lite positive tanker
- Folk dyrkar for mykje det negative
- Blir nedbrutt av negativitet

## Moglegheiter Stranda

### Tenester

- Større muligheter for bærekraftig butikk, barnehager, skule aldersheim og sjukeheim sammen med Geiranger
- Kanskje meir føreseielege tenester?
- Legekantor på sørsida
- Betre helseteneste
- Bedre legedekning
- Transport for eldre
- Betre eldreomrg
- Utbygd psykisk helsevern
- Bevare u-skolen i Eidsdal
- Bedre sammenheng mellom fergene
- Samarbeid skole?
- Høgare kompetanse – fleire folk
- Ambulansetilbod
- Betre kommunale tenester
- Ungdomsskulen
- Betre helsetilbod
- Skule 1-10
- Betre samferdsel (ferje o.l) korrespondanse
- Bedre innen omsorg
- Beheld ungdomsskule?
- Felles u-skole med Geiranger
- Ungdomsskule i Eidsdal uten trusler
- Meir kostnadseffektivt
- Betre korrespondanse med fergene
- Meir langsiktig jobbing m/kommunale tenester
- Får behalde 9 årig skule
- Bedre legetilbod
- Vi har sjanse til å beholde barnehage og skule
- Får beh. Legekont.
- Nye legar – legeordning
- Behalde god eldreomsorg
- Stabil legesituasjon
- Ungdomsskulen vert i Eidsdal om Eidsdal Norddal vert med i Stranda kommune
- Samarbeid om skule Eidsdal/Geiranger (ungdomsskule)
- Kan samarbeide i større grad med Geiranger t.d. skule/kulturskule
- Får vi omsorgstenester frå/i Geiranger (Legedag!)
- Videregående skule

### Forholdet til Geiranger (spesifikt, dette er også nemnt mange gongar under dei andre overskriftene)

- Meir samarbeid med Geiranger
- Sterkare saman med Geiranger
- Lettare å satse samla i NEG når vi er i same kommune
- Utnytte godt kjennskap til kvarandre i NEG
- Mange likskapstrekk ~~betre grunnlag~~ for å satse i fellesskap

- Sterkare saman: NEG – styrka som «region» i kommunen
- Enda bedre samhold mellom N-E-G
- Bedre samhold på sørsida
- Viktig at 3 bygder på sørsida er i same kommune
- Meir samarbeid med Geiranger
- Naturleg tilhøyrgheit, fellesskap
- Mange felles interesser med nabobygda Geiranger
- Samarbeide bedre med nabobygda Geiranger
- At det blir lettare/meir naturleg å ha samarbeid med Geiranger
- Tettere samhold på sørsida
- Godt samarbeid Sør-sida
- Heile verdsarvområdet i ei kommune
- Heile verdsarvområdet i ei kommune
- Samarbeid
- Utvikle samarbeid m/Geiranger som bygd
- Styrke NEG – alt samarbeid på tvers
- Geiranger – samarbeid geografisk nært
- Samarbeid til Geiranger
- Samarbeid m/Geiranger
  - Idrett
  - Musikk
- Lokalkunnskap
- Geografisk heilt naturleg
- Lag med Geiranger
- Samhold med alle tre bygdene på sørsida av Norddalsfjorden
- Knyter sterkare band til dei som ligg geografisk nærleik og dei ein samarbeider medm.o.t. fritidsaktivitetar.
- «Naturlig» samarbeidsregion
- Fortsette med godt samhold
- Bedre samarbeid mellom bygdene på sørsida (3) Geiranger
- N/E/G mykje felles
  - Behov
  - Interesser

### Samferdsel

- Større sjanse til å få tunnell mot Stryn
- Heilårsveg austover
- Rassikra veg til Geiranger og austover
- Auka trykk på samferdsel – vegutbygging og kommunikasjonar
- Håp om heilårsvei?
- Rutesamband .... (uklart) indre Storfjord
- Bedre fergesamband på sikt
- Meir trykk på veg austover
- Kommunikasjonen må prioriteres då det er lange avstander

### Næringsutvikling/busetnad

- Større muligheter for å etablere næringsvirksomheit

- Knytte næringar meir opp mot reiseliv (erfaring i Geiranger)
- Auka turisme?
- Næring turisme
- Sterkare gjennomslag for tilrettelegging for turisme
- Styrking av reiselivet saman med Geiranger
- Større moglegheiter på utviding innafor reiseliv
- Betre trykk på landbruket - Nasjonal pondus
- Godt samarbeid gir fleire (sikrere) arbeidsplassar?
- Samordne turisme - arbeidsplassar
- Har felles interesse for turistnæring
- Mindre nedlegging
- Felles hamneområde - Cruise
- Fleire arbeidsplassar (pendling)
- Samarbeid innan t.d. reiseliv
- Turisme! Blir en og samme havneavgift
- Samarbeid Turisme
- Større samarbeid innen næring
- Reiseliv? Mot Geiranger Stranda
- Styrka næringsliv – Stranda!
- Variert næringsliv
- Sterk merkevare i reiselivet
- Viktig næringspolitisk å kome saman med Geiranger
- Turist/reklameverdi i media
- Mer «Diversifisering» næringsliv
- Meir industri arbeidsplassar
- Betre tilgang til arbeidsplassar i Stranda (v. betre kommunikasjon)
- Kan kome inn under Geiranger som turistmagnet
- Får til .... (uklart) arbeidsplassar
- Breiare næringsliv (Fleire næringar)
- «Større» næringsliv
- Reiselivsnæringa styrkes
- Ny kunnskap – (industri)
- Sterkere reiseliv
- Meir attraktivt å flytte hit/bosette seg her
- 

#### Økonomi og politikk

- Betre økonomi
- Ei kommune med erfaring m/utkant
- Økonomien til Stranda kommune

#### Utkantane sterkare saman

- «Sterkere sammen» bygdene med større kommune
- Er ikkje lenger åleine som liten og utkant
- Fleire små (kan stå sterkt)
- Bedre utkant i Stranda?
- Større kommune → sterkare bygdelag?
- Bedre utkant i Stranda?

#### Kompetanse

- Deling av kompetanse/kunnskap
- Meir kompetanse
  - Lege

- Politikk
- Lærarar
- Helse

- Større fagleg kunnskap

#### Positivt med noko nytt

- Spennande å prøve noko nytt
- «Blanke ark»
- Optimisme – tilflytting
- Ny optimisme i bygdene på sørsida
- Nytenking/positivitet
- Nullstille oss/starte på nytt

#### Politikk

- Bli tatt på alvor?
- Oppegående kommunal ledelse
- Meir konstruktiv kommuneledelse
- Erfaring m/å opprettholde funksjoner i hele kom.
- Bedra demokrati i politiske prosessar
- 'Kome ut av overstyring og å bli oversett og overhøyr
- Slepp «kampen» mot Valldal
- Fleirtalsmafiaen misser makta si

#### Større alternativer?

- Større kommune mot Stryn/Sykkylven?

## Truslar Stranda

### Sentralisering/utkantstatus

- Sentralisering Geiranger – sjukeheim etc.
- Ein av fleire utkantar
- Meir utkant av kommunen
- Sentralisering
- Fråflytting frå utkantane
- Fortsatt utkant
- Blir like stor utkant
- Blir uansett utkant
- Enda meir utkant
- Ny lillebror-status?
- Utkant?
- Småbygder vert ein utkant også i Stranda
- Utkant i kommuna

### Geografi/kommunikasjon

- Avstand (2 ferger)
- Endå lenger til sentrum
- Sjukeheim avstand
- Avstand til sentrum (kommuneadm.)
- Langt til kommunesenter
- Lenger veg til kommunesenter
- To ferger
- Langt til kommuneadministrasjonen
- Lengre veg til kommunesenteret
- Sjukeheim – avstand reise til Stranda
- Eldreomsorg. Reisetid til Stranda
- Reisetid til kommunesenteret
- Vanskelege kommunikasjonar i dag
- Må krysse fleire bygder for å nå sentrum
- 2 ferger til kommunesenter/sjukeheim
- Kommunikasjon. Korrespondanse ferger må ordnast!!!
- Langt til kommunesenter
- Lenger vekk frå «sentrum»
- Kommunikasjon til kommunesenter - ferge
- Lenger til kommunesenter
- To ferger til kommunesenteret
- Lenger veg til kommunesenteret
- Lang veg til kommunesenter
- Krysse to fjordar for å nå alle kommunale kontor
- Lang veg til kommunesenteret
- Reise. Avstand og tid.
- Langt kjøring
- Stor avstand til Stranda (liten tilknytning) (ferger)
- Avstandar
- Lengre til adm. Senter
- Reise
- Vanskeleg å samlast om felles aktivitetar i heile kommunen
- Lenger veg til tannlege/evt. lege

### Økonomi

- Eigedomsskatt
- Kommunegjeld
- Dårlig kommuneøk.
- - (minus) 30 mill. kr. Per år
- Robek
- Eigedomsskatt i Stranda
- Økonomi
  - Dårlig
  - Dyre kommunale avgifter
- Bortfall av konsesjonsinntekter TK.

### Tenester

- Kommunale tenester
- Lite truleg at ein får behalde skule/BHG Eidsdal/Geiranger?
- Ev. problemer mot Geiranger ang. skule, helse og omsorg
- Pleie og omsorg/sjukeheim kvar?
- Nivå på tenester? Ressursar Stranda er redusert?
- Kun ein omsorgsbustad på sørsida
- Fare for nedlegging/ending innan skule/omsorg
- Dårligare tenester i Stranda
- Fleire goder som forsvinner
- Kva med legedekninga? Må vi til Stranda?
- «Kiving» om tenester/tilbud Eidsdal/Norddal – Geiranger
- Må vi dele skule – barnehage – helseteneste med Geiranger?
- Langt å køyre ungane våre til kulturskule til Stranda
- Kommunale tilbod blir flytta til Stranda. T.D. Sjukeheim
- Ungdomsskule på stranda
- Kulturskolen: Må vi til Stranda?
- Svømming på skulen?

### Politikk/demokrati

- Lokaldemokrati?
- Får mindre innflytelse og sjans til å påvirke
- Dårligare lokalkunnskap
- Liten lokalksk.
- Blir vi fortsatt salderingspost?
- Lenger unna «dei som bestemmer» kommunestyre
- Kanskje endå færre representantar i kommunestyre

### Tap av arbeidsplassar

- Kommunesenteret blir flytta – mister arbeidsplasser

### Fører til «nye kampar»

- Om vi må kivist mot Geiranger – er vi sterkast og vinn – og med det: Ikkje betre enn det vi føler at enkelte på nordsida er i dag!
- Det blir ein ny kamp – denne gongen mot Geiranger (før var det Valldal)
- Splid – Norddal Eidsdal v.s. Geiranger

### Innspel til endring av kommunestruktur

- Norddal Stranda ei kommune

# Norrdal kommune

## Ordføreren

Postadr.: E post/heimeside Telefon/telefaks Bankgiro: Organisasjonsnr.

Postboks 144

6211 Valldal

post@norrdal.kommune.no

www.norrdal.kommune.no

70 25 88 00

70 25 88 01

4020 07 00122

939 396 268

Til initiativtakarane for utgreiing av eit nytt alternativ for arrondering av kommunegrensene til Norrdal og Stranda

v/Merete Løvoll Rønneberg

**Vår ref. Dykkar ref. Dato:**

13/1458/FE - 026/533/70258815 23.11.2015

## **Respons frå Norrdal kommune på ønske om utgreiing av konsekvensane ved ei oppdeling av Norrdal kommune der bygdene Eidsdal og Norrdal blir lagt til Stranda**

Til møte i Norrdal formannskap, den 19.11. 2015, FS 128/15, hadde rådmann førebudd sak om Kommunereform – ståstad og vidare arbeid. Der vart alle initiativ , inklusive dykkar, oppsummerte og kommenterte. Etter drøfting gjorde formannskapet slikt vedtak i 3 punkt:

1. *Vedtak i K-sak 003/15 vert oppheva.*
2. *Det vert arbeidd vidare med følgjande alternativ (ikkje prioritert rekkjefølge):*
  - a. *Norrdal kommune held fram som eiga kommune.*
  - b. *Ny Landkommune.*
  - c. *Samhandling med dei næraste nabokommunane.*
3. *Ordførar og rådmann skal i fellesskap utarbeide eit førebels tilsvar til initiativtakarane i Eidsdal/Norrdal som ønskjer ei utgreiing om ei muleg deling av kommunen og samanslåing*



*med Stranda. Svaret skal innehalde ei grunngeving for kvifor formannskapet ikkje vil rå kommunestyret til å gå vidare med dette alternativet no. Svaret skal følgje saka vidare til kommunestyret.*

Vedtaket representerer ei innsnevring av talet på alternativ som skal vere med i ei vidare vurdering. Dykkar initiativ er ikkje tatt med vidare, jfr. pkt 2 i vedtaket. Under pkt. 3 vert ordførar og rådmann i fellesskap bedne om å utforme eit grunngeve tilsvar på dykkar oppfordring/ønske om å utgreie eit nytt alternativ som kan innebere at dei 2 bygdene på sørsida blir skilte frå Norddal og lagt til Stranda kommune. Vi gir slik uttale :

1. Vi kan ikkje sjå at dette alternativet er i tråd med med intensjonane i kommunereforma. Ved ei eventuell oppdeling av Norddal kommune, vil tre bygder på sørsida av fjorden (og ikkje berre ei som i dag) måtte reise gjennom ei nabokommune for å kome til sitt eige kommunesenter. Det verkar både ulogisk og upraktisk når hensikten er etablere meir funksjonelle grenser mellom kommunar.

2. Det forrige kommunestyret definerte ramma for kva alternativ det er aktuelt å greie ut. Dykkar initiativ kjem ikkje inn under vedtak i KS 003/15 av 12. 02. 2015. Nemnte vedtak inneber at det vert gjort ei tilsvarande konsekvensanalyse for nordsida av kommunen. Det ligg ikkje inne i initiativet dykkar. Difor har formannskapet tolka det som eit nytt alternativ. Det nye kommunestyret vil ta endeleg stilling til dette spørsmålet i sitt møte den 25.11.2015.

3. Fylkesmann sin milepelsplan føreset at alt utgreiingsarbeid skal vere avslutta pr. 31.12.2015. Dette vart stadfesta i møte med Sunnmøre regionråd (SRR) i møte den 20.11.2015. SRR er innleigde av fylkesmannen til å fasilitere kommunane i prosessen. Deling av ei kommune er på alle måtar ei svært krevjande oppgåve. Prosessen er regulert av lovverket, m.a. Inndelingslova og Kommuneleva. Aktiva og passiva skal fordelast på fleire partar. Fordi ei utgreiing og vil måtte inkludere nordsida av kommunen, kan det bli aktuelt å trekke inn meir enn 2 partar. Dette er sær innfløkt og ikkje minst tidkrevande. Det er all grunn til å tru at både fylkesmannsembetet og rettsapparatet vil bli involverte før ein eventuelt kjem fram til ei endeleg fordelingsportefølgje. Ei påliteleg oversikt over aktiva og passiva vil representere det viktigaste beslutningsgrunnlaget for kommunestyra og for innbyggjarane i moglege rådgjevande folkerøystingar/innbyggjarundersøkingar. Det seier seg sjølv at det er heilt umogleg å få fram eit faktagrunnlag som er etterprøvbart på under 4 veker. Ein slik prosess vil truleg gå over fleire år.

4. Vi vil gi uttrykk for at vi set pris på at bygdefolk engasjerer seg i spørsmålet om kommunegrenser. Initiativet dykkar er eit grasrotinitiativ som ikkje skal avvisast. Det kan førast vidare, men ikkje som del av denne prosessen der det er sett svært knappe fristar. Justeringar av kommunegrensene i indre Storfjord kan det vere grunnlag for å sjå på. Dette vil ein kunne kome tilbake til seinare i ein dialog med nabokommunar og nabobygder.

Med helsing

Arne Sandnes

ordførar

Tor Helge Stavdal

rådmann

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.*

Kopi til:

Norddal kommunestyre

ETABLERING AV MINIKOMMUNEN

# GEIRANGER

I VERDSARVOMRÅDET

## GEIRANGERFJORD

Bygder: Eidsdal, Geiranger, Norddal

Namn: Geiranger

Storleik: 5000 km<sup>2</sup> (?)

Folketal: 700

### SITUASJON:

I samband med regulering av kommunestrukturen i Noreg, ber vi om at bygdene Eidsdal, Geiranger og Norddal blir etablerte som eiga kommune. Bygdene ligg alle i Verdsarvområdet *Geirangerfjord*. Geiranger er no del av Stranda kommune medan Eidsdal og Norddal høyrer til Norddal kommune.

**IDEEN** bak prosjektet er først og fremst at minikommunen skal utgjere eit *utviklingskorrektiv* til den alminnelege utviklinga med etablering av større kommuneiningar.

### GRUNNGJEVING:

- 1 Ha nasjonen sin utøvande funksjon med tanke på ansvar for å røkte og vidareutvikle verdsarvområdet.
- 2 Utvikle eit levande kultursamfunn der dei viktigaste oppgåvene blir å oppretthalde busetjing og produktiv aktivitet i ytterpunktta av kommunen: Slik som Opplendskedal, Vesterås og Homlong i Geiranger. Kleiva, Indreeide, Kilsti og Storås i Eidsdal. Lilleås, Hatlestad/Gjerdet og Engeset i Norddal.
- 3 Skape eit «levande museum» der folk kan oppleve historia i eit moderne perspektiv.
- 4 Byggje vidare på – og utvikle den etablerte turistverksemda i området der Union hotel er lokomotivet.

Asbjørn og Øivind Eide

## 8.11 VEDLEGG 11: KORRESPONDANSE MED FYLKESMANNEN 7.-8. DESEMBER, 2015

Hei

Vi viser til e-post og motteken førebels rapport.

Fylkesmannen har dessverre ikkje moglegheit til å få til eit møte med dykk før jul. Vi held på med å planlegge aktivitetane våre for dei fyrste vekene i januar – når vi har meir oversikt over dette – skal du få ei nærare tilbakemelding frå oss om moglegheiter for eit slikt møte.

Når det gjeld kommunereforma – er det som du veit *den einskilde kommune* som har fått eit utgreiingsansvar og sørge for gode prosessar i eigen kommune fram til endeleg vedtak. Fylkesmannen si rolle er å gje god faktainformasjon, rettleiing og sjå til at kommunane kjem i mål med prosessane før endeleg vedtak sumaren 2016. Fylkesmannen ser det difor som naudsynt at politisk og administrativ leiing i kommunen er ein del av eit slikt møte.

Dersom du ønsker å drøfte eit slikt møte med ordføraren - der fylkesmannen er til stades for å gje informasjon og rettleiing – høyrer vi gjerne frå dykk – så skal vi som sagt sjå på evt. dato for eit møte etter jul.

Til orientering:

- Kommunane har tilbod om politikaropplæring (for heile kommunestyret sitt) etter jul, der mykje av emna du er oppteken av blir tema, [sjå program](#).
- 29. januar inviterer fylkesmannen sentrale personar i kommunane til ein heil dag avsett til informasjon, rettleiing og dialog omkring arbeidet med kommunereforma.

Legg også ved siste ***Nyhende om kommunereforma frå Fylkesmannen***.

Eg sender ikkje kopi til ordføraren av denne eposten - då du seier dette førebels er eit internt arbeidsdokument.

Lykke til vidare.

Med helsing

**Vigdis Rotlid Vestad**  
**Prosjektleder kommunereform**

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**  
Fylkeshuset, 6404 Molde  
Tlf: 71 25 84 47, mobil 99 15 85 49  
E-post: [vigdis.rotlid.vestad@fylkesmannen.no](mailto:vigdis.rotlid.vestad@fylkesmannen.no)  
Web: [www.fylkesmannen.no/mr](http://www.fylkesmannen.no/mr)

**Fra:** Merete \_ [<mailto:merete@verdsarvfjord.no>]

**Sendt:** 7. desember 2015 12:08

**Til:** Vigdis Rotlid Vestad <[fmmrvive@fylkesmannen.no](mailto:fmmrvive@fylkesmannen.no)>; Brøste, Rigmor <[fmmrribr@fylkesmannen.no](mailto:fmmrribr@fylkesmannen.no)>; Solholm, Lodve <[fmmrloso@fylkesmannen.no](mailto:fmmrloso@fylkesmannen.no)>

**Kopi:** Else Ragni Yttredal ([elseragni.yttredal@moreforsk.no](mailto:elseragni.yttredal@moreforsk.no)) <[elseragni.yttredal@moreforsk.no](mailto:elseragni.yttredal@moreforsk.no)>; Frode Rønneberg <[fronneberg@gmail.com](mailto:fronneberg@gmail.com)>; knut grønningseter ([kn-groen@online.no](mailto:kn-groen@online.no)) <[kn-groen@online.no](mailto:kn-groen@online.no)>

**Emne:** Ynskje om møte med Fylkesmannen

Hei!

Vi syner til dialog kring utgreiing av alternativet der bygdene Norddal og Eidsdal ev. går inn i Stranda kommune.

Arbeidsgruppa hadde i førre veke møte med Stranda kommune, og vi er no i innspurten med å utarbeide ein rapport frå utgreiingsarbeidet vårt.

**I denne fasen ynskjer vi å få eit møte med representantar for Fylkesmannen for å drøfte gjennom økonomiske og juridiske sider ved ei ev. endringa av kommunegrensene, og likeeins få meir informasjon om korleis prosessen ev. bør køyrast vidare.**

Eg legg ved utkast til rapporten som vedlegg. Det står att litt arbeid med kvalitetssikring av somme data, og likeeins er den ikkje slutthandsama i arbeidsgruppa, men eg trur ikkje det vert store endringar. Uansett meiner eg den gjev eit innsyn i arbeidet som er gjort så langt. Rapporten skal førebels handsamast som eit internt arbeidsdokument. Vi sender dykk sjølvstilt ei offisiell utgåve når vi er klare for det.

Vi har bede om å få legge rapporten ut på heimesidene til begge kommunane til ei kort høyring når vi anser han som ferdig. Førebels har vi berre fått svar frå Stranda kommune på dette.

Vi ville setje stor pris på om de hadde høve til å møte oss, og helst no før jul. Vonar de kan gje oss ei rask tilbakemelding.

Gode helsingar frå

Merete Løvoll Rønneberg

Leiar i lokal arbeidsgruppe

Mobil: 99376585      Mail: [merete@verdsarvfjord.no](mailto:merete@verdsarvfjord.no)

## 9. REFERANSAR

- Halvorsen, Lars Julius. 2015. *Kommunesamanslåing? Strateginotat Norddal kommune*. nr. Volda: Møreforsking.
- Hølleland, Herdis. 2013. *Practicing World Heritage. Approaching the changing faces of the World Heritage Convention.*, University of Oslo.
- Innst. 300 S. (2013-2014). *Innstilling til Stortinget fra kommunal- og forvaltningskomiteen. Prop. 95 S (2013-2014). Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om kommuneproposisjonen 2015.*
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet. 2014. *Kriterier for god kommunestruktur. Sluttrapport fra ekspertutvalg*. Oslo: Kommunal- og moderniseringsdepartementet
- Kommunal og moderniseringsdepartementet. 2014. *Kriterier for god kommunestruktur. Delrapport fra ekspertutvalg*. Oslo: Kommunal- og moderniseringsdepartementet
- Norrdal kommune. 2014. *Årsmelding 2014 Norrdal kommune*. Valldal: Norrdal kommune
- Rapport frå arbeidsgruppa. 7. september 2015. *Kommunereform på Sunnmøre. Reformprosjekt Ny landkommune*. nr.
- — —. 21. august 2015. Regionkommune Sunnmøre. *Nasjonal slagkraft, regional attraktivitet og lokal identitet*.
- Rebanks Consulting Ltd, og Trends Business Research Ltd. 2009. *World Heritage Status: Is there opportunity for economic gain? Research and analysis of the socio-economic impact potential of UNESCO World Heritage Site status. On behalf of the Lake District World Heritage Project*. nr.
- Sentio Research Norge AS. November 2015. *Innbyggerundersøkelse om kommunestruktur på Sunnmøre. Hovedrapport*. nr.
- Stranda kommune. 2014. *Stranda kommune. Årsmelding 2014*. Stranda: Stranda kommune
- Sunnmøre Regionråd. 2015. *Kommunereforma. Alternativ indre Storfjord. Rapport etter workshop Sæbø 24. - 25. august 2015*. nr.
- Vinsand, Geir, og Magne Langset. 2013. *Status for interkommunalt samarbeid i Møre og Romsdal. Utarbeidet på oppdrag av Fylkesmannen i Møre og Romsdal i samarbeid med KS Møre og Romsdal*. Rapport nr. 2013:3. Oslo: NIVI Analyse.